

MISJONSHØGSKOLEN

GUDSTENESTER SOM TEK BORN SI TRUSUTVIKLING PÅ ALVOR

EIN ANALYSE AV LITURGISK PRAKSIS  
I LYS AV RELEVANT TEORI

MASTEROPPGÅVE  
I ERFARINGSBASERT MASTERGRAD  
I PRAKTISK TEOLOGI

30-AVH

av

OLAV GADING

STAVANGER  
DESEMBER 2011

# INNHALD

<b>KAPITTEL 1: INNLEIING: UTFORDRINGAR. PROBLEMSTILLINGAR OG METODE</b> .....	4
1.1 UTFORDRINGAR .....	5
1.2 METODE OG OPPBYGGING AV OPPGÅVA .....	6
1.3 KJELDER .....	8
1.4 TEMA SOM IKKJE ER MED I OPPGÅVA .....	9
<b>DEL I: PRINSIPIELL DRØFTING AV SPØRSMÅLET OM BORN OG GUDSTENESTE: KVA ER GODE GUDSTENESTER FOR BORN?</b> .....	10
<b>KAPITTEL 2: BORN SIN GUDSRELASJON OG TRUSUTVIKLING</b> .....	10
2.1 BARNETEOLOGI.....	10
2.2 BORN SI TRUSUTVIKLING .....	14
2.3 FAMILIEN .....	17
2.4 OPPSUMMERING AV KAPITTEL 2.....	17
<b>KAPITTEL 3: GUDSTENESTA I SPENNINGSFELTET MELLOM TRUSOPPLÆRING OG PRAKTISERT TRU</b> .....	19
3.1 RELEVANTE MOMENT FRÅ LITURGIHISTORIA TIL FORSTÅING AV BORN OG GUDSTENESTE .....	19
3.2 KROPPEN I GUDSTENESTA .....	21
3.3 LITURGIEN SIN FUNKSJON .....	23
3.4 GUDSTENESTE SOM LEIK .....	24
3.5 LITURGITEOLOGISK PERSPEKTIV .....	25
3.6 GUDSTENESTER MED BORN – I SPENNINGSFELTET MELLOM DELTAKING OG FORSTÅING .....	27
3.7 GUDSTENESTA SOM TRUSOPPLÆRING OG PRAKTISERT TRU .....	29
3.8 OPPSUMMERING AV KAPITTEL 3.....	30
<b>KAPITTEL 4: KORLEIS ER EI GOD GUDSTENESTE FOR BORN?</b> .....	32
4.1 BORN SIN EIGEN GUDSRELASJON OG TRUSUTVIKLING MÅ STÅ I SENTRUM.....	32
4.2 "UTTRYKKET" I GUDSTENESTA .....	33
4.2.1 <i>Gudstenesta må vere kroppsleg og fylt av handling</i> .....	33
4.2.2 <i>Symbol og teiknhandlingar, sansar og opplevingar</i> .....	34
4.2.3 <i>Antistrukturelle element i gudstenesta</i> .....	35
4.3 "INNHALDET" I GUDSTENESTA .....	37
4.3.1 <i>Gudstenesta må vere relevant og livsnær</i> .....	37
4.3.2 <i>Forenkle eller tilpasse?</i> .....	38
4.3.3 <i>Eksempel 1: Familiegudstenesta og familiemessa</i> .....	39
4.3.4 <i>Eksempel 2: Søndagsskule eller barnepass under gudstenesta?</i> .....	41
4.4 KYRKJEROMMET OG KYRKJEÅRET .....	42
4.5 GJENTAKING OG VARIASJON. KVA ER DET SOM GJER GUDSTENESTA KJEDELIG? .....	43
4.6 KORLEIS SKAL BORN MEDVERKE VED GUDSTENESTA? ULIKE GRADER AV INVOLVERING .....	44
4.6.1 <i>Thor Strandenæs: "Barn og gudstjeneste"</i> .....	44
4.6.2 <i>Martin Modéus: "Om barnens plats i högmässan"</i> .....	46
4.7 OPPSUMMERING AV KAPITTEL 4.....	49
<b>KAPITTEL 5: GUDSTENESTE FOR HEILE KYRKJELYDEN?</b> .....	51
5.1 SAMLA KOMMENTAR TIL DEL I – MED UTBLIKK TIL GUDSTENESTEREFORMA .....	53
<b>DEL II: TRUSOPPLÆRINGSPLANEN OG GUDSTENESTA</b> .....	54
<b>KAPITTEL 6: TRUSOPPLÆRINGSPLANEN OG GUDSTENESTA</b> .....	54
6.1 STYRINGSGRUPPA SIN SLUTTRAPPORT .....	55
6.2 PLAN FOR TRUSOPPLÆRING. GUD GIR – VI DELER .....	56
6.3 OPPSUMMERING AV KAPITTEL 6.....	62

<b>DEL III: TEORIUTPRØVING: NOKRE EKSEMPEL.....</b>	<b>63</b>
<b>KAPITTEL 7: EKSEMPEL PÅ GUDSTENESTELEDD OG OPPGÅVER.....</b>	<b>63</b>
7.1    GUDSTENESTELEDD .....	63
7.1.1    Prosesjonar.....	63
7.1.2    Takkoffer og offertorium.....	64
7.1.3    Nattverd.....	64
7.1.4    Opplesing.....	65
7.1.5    Bøn.....	66
7.2    BORN SOM HAR OPPGÅVER PÅ GUDSTENESTENE .....	67
7.2.1    Born som medarbeidarar.....	67
7.2.2    Ministranteneste .....	67
7.2.3    Barnekor.....	68
7.3    OPPSUMMERING AV KAPITTEL 7.....	68
<b>KAPITTEL 8: EKSEMPEL FRÅ KONFIRMASJONSTIDA .....</b>	<b>70</b>
8.1    PRESENTASJONGUDSTENESTA .....	70
8.1.1    Innhaldet i gudstenesta.....	71
8.1.2    Kyrkjelyden som læringsfellesskap – gudstenesta som læringsstad .....	72
8.2    LYSMESSA.....	72
8.2.1    Innhaldet i gudstenesta.....	74
8.2.2    Konfirantar som medarbeidarar.....	75
8.2.3    Regi.....	76
8.3    VURDERING .....	77
8.3.1    Vurdering av presentasjonsgudstenesta .....	77
8.3.2    Vurdering av lysmessa.....	79
8.4    OPPSUMMERING AV KAPITTEL 8 – OG SPØRSMÅLET OM NATTVERD .....	80
<b>KAPITTEL 9: KONKLUSJON .....</b>	<b>82</b>
<b>BIBLIOGRAFI.....</b>	<b>84</b>
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>89</b>
<b>1. SKJEMATISK OPPSETT AV PRESENTASJONGUDSTENESTA</b>	
<b>2. EKSEMPEL PÅ ”PRESENTASJONSBEVIS”</b>	
<b>3. PROGRAM PRESENTASJONGUDSTENESTE</b>	
<b>4. MANUS: PRESENTASJONGUDSTENESTA</b>	
<b>5. REGISKJEMA LYSMESSA</b>	
<b>6. PROGRAM FOR ØVING FØR LYSMESSA</b>	
<b>7. MANUS: DEI HEILAGE PROFETIANE OM KRISTUS</b>	
<b>8. MANUS: FORBØN FOR LYSMESSA</b>	
<b>9. MANUS: TENNING AV BETLEHEMSLYSET</b>	
<b>10. KRITERIA FOR VURDERING AV GUDSTENESTER</b>	

## Kapittel 1

### INNLEIING: UTFORDRINGAR. PROBLEMSTILLINGAR OG METODE

”Kyrkjelydar som får med born, veks raskare enn andre kyrkjelydar.” Dette vart sagt av biskopen av Kensington, Michael Colclough. Han var biskop i eit av bispedøma i London, der tilbakegang i mange kyrkjelydar dei siste åra er snudd til framgang og ny vekst. Han sa at kyrkjelydar som veks, ”vert yngre”, fordi dei får med born raskare enn vaksne, og unge vaksne raskare enn pensjonistar, medan kyrkjelydar som opplever tilbakegang, ”vert eldre”, fordi dei misser born raskare enn vaksne, og unge vaksne raskare enn pensjonistar.<sup>1</sup>

I 2005 og 2006 deltok eg på kurset ”Impulsar frå vest”, arrangert av Misjonshøgskolen og Møre bispedøme. Sitatet ovanfor er frå eit foredrag på dette kurset. Både i forelesingar og i litteraturen vart det hevda at fornying av gudstenestelivet er ein føresetnad for vekst og fornying av kyrkjelydane. Denne utfordringa tok eg tak i og spurde korleis vi kan forme ei gudsteneste som tek born sine behov på alvor. Difor skreiv eg i 2006 og 2007 oppgåva ”Ei gudsteneste som tek born på alvor: Kan gudstenester i den liturgiske tradisjonen tene born sine behov for å møte Gud og lære Gud å kjenne?”<sup>2</sup> Saman med kurset ”Impulsar frå vest” vart denne oppgåva godkjent som ein individuell SPP3-modul.

I oppgåva som no ligg føre, inneheld kapittel 2-6 og 8 noko materiale frå denne oppgåva, men innhaldet er revidert og utvida. Kapittel 7 og 9 er heilt nyskrive.

FNs barnekonvensjon<sup>3</sup> definerer *born* som aldersgruppa 0-17 år. Eg brukar denne definisjonen, sjølv om vi i daglegtale vil kalle dei eldste i denne aldersgruppa for *ungdom*.

Mitt utgangspunkt for å arbeide med denne oppgåva er at eg trur at ei gudsteneste der vi utnyttar det beste frå vår liturgiske tradisjon, og der born og vaksne, frivillige og tilsette samarbeider om planlegging og gjennomføring av gudstenesta, er eit godt middel til fornying av kyrkja og kyrkjelydane. Med dette utgangspunktet vil eg no arbeide vidare med spørsmålet om *korleis ei gudsteneste i den liturgiske tradisjonen kan ta born og born si tru på alvor*.

---

<sup>1</sup> Michael Colclough, ”Cooperation on church planting and Church Development”. Foredrag for prestar frå Møre bispedøme i St. Stephen’s Church, Twickenham, London, 16. mars 2006.

<sup>2</sup> Olav Gading, ”Ei gudsteneste som tek born på alvor: Kan gudstenester i den liturgiske tradisjonen tene born sine behov for å møte Gud og lære Gud å kjenne?” (SPP 3-oppgåve; Misjonshøgskolen, Stavanger, 2007).

<sup>3</sup> FN, *Barnekonvensjonen* § 1; tilgjengeleg på [http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/veiledninger\\_brosjyrer/2004/fns-barnekonvensjon.html?id=88078](http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/veiledninger_brosjyrer/2004/fns-barnekonvensjon.html?id=88078); besøkt 5. oktober 2010.

## 1.1 Utfordringar

Fleire problem er så tydelege i Den norske kyrkja at vi vanskeleg kan oversjå dei:

- Mange stader er det få eller ingen born til stades ved gudstenestene.
- Andre stader er det små born til stades, men dei fleste vert borte når dei vert eldre.
- Familiar opplever det vanskeleg å gå saman til gudsteneste.
- Born og unge seier at gudstenestene er kjedelige.
- Det er få unge vaksne gudstenestedeltakarar.
- Ved mange gudstenester der born er til stades, er dei passive tilskodarar.
- Mange opplever "einvegskommunikasjon" og lite fellesskap på gudstenestene.

Vi kan seie mykje godt om kva ei gudsteneste er og kva som skjer på ei gudsteneste. Difor er det eit problem når berre ein liten del av dei døypte borna tek del, og når det er stor skilnad mellom det positive vi *seier* og *tenker* om gudstenesta, og korleis mange gudstenester vert *opplevde* i praksis. Det er ei utfordring å få større samsvar mellom det vi tenker teologisk om gudstenesta og det vi faktisk gjer og opplever på ei gudsteneste. I artikkelen "Vi kommer til deg med vår takk og vår song" skriv Jørund Midttun om korleis høgnessa har utvikla seg hos oss: "Gudstjenesten ble i stigende grad en stiv og høytidelig affære, temmelig kjedelig for voksne, og fullstendig uegnet for barn."<sup>4</sup>

Han ser for seg ei utvikling som i alle fall går tilbake til rasjonalismen og pietismen på 1700-talet: "Helt siden 1700-tallets ivrige rasjonalister ønsket å begrense og nedtone de liturgiske sidene ved høymessen, har liturgien i virkeligheten vært en skygge av seg selv, uten kraft til å skape en sakramental virkelighet."<sup>5</sup>

Saman med nedtoninga av dei liturgiske sidene ved gudstenesta har det vore ei ein-sidig prioritering av det intellektuelle. Dette har ikkje minst vore tilfelle i den lutherske delen av kyrkja. Det er mange eksempel på dette:

- *Preika* har fått ein sær sars framtreddande plass.
- Det å *lytte og tenke* har fått stor vekt, medan *symbolbruk*<sup>6</sup> og det å *sjå* har fått mindre vekt.
- *Bruk av kroppen, handlingar og rørsle, bruk av teiknhandlingar og bruk av heile kyrkjerommet* har fått liten plass.
- *Følelsar* har liten plass.
- Kyrkjelyden er *passivisert*.

<sup>4</sup> Jørund Midttun, "Vi kommer til deg med vår takk og sang: En presentasjon av ordningen for Familiemesse", i *Prismet* (2003) nr 1, 5.

<sup>5</sup> *Ibid.*, 5.

<sup>6</sup> Eg skil i oppgåva mellom omgrepa *symbol*, som kan vere *ein gjenstand, eit bilete e.l.* som symboliserer noko anna, og *teiknhandling*, som er *ei handling* som symboliserer noko anna. "Kristusmonogrammet" eller eit skip er eksempel på symbol, medan ein prosesjon, som symboliserer Guds folk på vandring, er eit eksempel på ei teiknhandling.

Det er ei utfordring å ”gje gudstenesta tilbake” fleire av dei liturgiske sidene og verdiane ho hadde. Dette kan grunnleggjast i ein liturgisk teologi som held fram at det er mennesket som heilskap (med ande, sjel og lekam) som tek del i gudstenesta. Det må igjen skapast ”ein sakramental røyndom”, slik at både born og vaksne lettare kan leve med i det dramaet og det møtet mellom Gud og menneske som ei gudsteneste kan vere. Samstundes er det ei utfordring å styrke så vel dei *sakrale* sidene ved gudstenesta, opplevinga av det heilage og møtet med Gud som heilag, som gudstenesta sin *fellesskapsdimensjon*.

Både Den norske kyrkja og dei fleste av dei andre gamle kyrkjesamfunna har sidan siste del av 1800-talet gått gjennom ei liturgisk oppvakning. Mykje av det som mange såg som ”daud liturgi”, har igjen fått plass og er kome tilbake som ein viktig del av gudstenestelivet. Vi er difor allereie komne eit stykke på veg mot målet om at gudstenesta igjen skal bli ein sakral og sakramental røyndom og ei erfaring av fellesskapet si feiring, men det er langt igjen.

Idealet som eg lyfter fram i denne oppgåva, er ikkje einerådande i vår kyrkje. Ikkje alle deler trua på at ei gudsteneste i den liturgiske tradisjonen kan ta born sine behov på alvor. Men eg har sjølv stor tru på denne tilnærminga og vil prøve å vise at eit fornya fokus på verdiane i ei liturgisk gudsteneste kan bidra til å løyse fleire av dei utfordringane som er skisserte ovanfor.

## 1.2 Metode og oppbygging av oppgåva

Eg vil framsetje som hypotese at born treng den liturgiske gudstenesta sine symbol og teiknhandlingar, rørsler og handlingar, lukter og smakar, endå *meir enn* det vaksne gjer, fordi born ikkje har dei same føresetnadane som vaksne til å ta del i og ha utbyte av våre gudstenester med den sterke intellektuelle tilnærminga til trua og til Gud som lenge har prega dei. I denne oppgåva ynskjer eg å verifisere denne hypotesen og drøfte korleis ei slik gudsteneste kan kome born sine behov i møte, samstundes som ho då vert ei gudsteneste som i større grad tek born på alvor.

Oppgåva er delt i tre hovuddelar. I **del I** (kapittel 2-5) drøftar eg på prinsipielt grunnlag kva som er gode gudstenester for born. Her spør eg:

Kva lærer barneteologi og studiet av borns religiøse utvikling oss om born og gudsteneste? Dette spørsmålet drøftar eg i **kapittel 2**. Med utgangspunkt i Dagny Kaul sitt

arbeid drøftar eg problemstillingar knytte til born sin gudsrelasjon og trusutvikling. Det sentrale spørsmålet her er i kva grad kyrkja lét born praktisere og utvikle trua si ut frå sine egne føresetnader.

Kva lærer liturgikken (studiet av gudstenesta) og ulike måtar å forstå gudstenesta oss om born og gudsteneste? Dette drøftar eg i **kapittel 3**. Her drøftar eg også korleis gudstenesta står i spenningsfeltet mellom trusopplæring og praktisert tru. Eg hentar mellom anna inn materiale frå liturgisk teologi og viser korleis bruk av rom og rørsle, sansane og kroppen, symbolikk, teiknhandlingar og opplevingar vil vere positivt for born si oppleving av gudstenesta.

På bakgrunn av dette spør eg i **kapittel 4** kva som er gode gudstenester for born, og korleis vi kan ta born og born si tru på alvor i arbeidet med gudstenestene. Dette kapitlet er hovudkapitlet i oppgåva, sidan det gjev eit prinsipielt svar på spørsmålet om korleis ei gudsteneste kan kome born sine behov i møte på ein god måte.

I **kapittel 5** drøftar eg om ei slik gudsteneste også vil vere ei god gudsteneste for vaksne, og dermed også for heile kyrkjelyden.

I **del II**, som er **kapittel 6** i oppgåva, spør eg kva trusopplæringsplanen *Gud gir – vi deler* seier om born og gudsteneste. Her presenterer og drøftar eg trusopplæringsforsøket som vart gjennomført i Den norske kyrkja frå 2004 til 2008, og *Plan for trusopplæring. Gud gir – vi deler*, som vart vedteken i 2009. Spørsmålet her er i kva grad den måten å tenke om born og gudsteneste som eg har skissert, har fått gjennomslag i tenkinga om trusopplæring i Den norske kyrkja.

I **del III** (kapittel 7-8) drøftar eg kva det eg så langt har funne ut om born og gudsteneste, kan bety i praksis:

I **kapittel 7** gjev eg eksempel på og drøftar enkeltledd i gudstenesta der born kan ha meningsfulle liturgiske funksjonar, og ulike sider ved det å ha born som medarbeidarar ved gudstenester.

Til slutt presenterer eg i **kapittel 8** to gudstenester frå konfirmasjonstida og drøftar i kva grad dei var gode gudstenester for konfirmantane. Til hjelp i denne vurderinga har eg samla eit sett med kriterier som kan brukast til ei slik drøfting.

**Kapittel 9** er konklusjon.

Eg gjer i oppgåva bruk av den metodiske tilnærminga som Swinton og Mowat har utvikla i boka *Practical Theology and Qualitative Research*.<sup>7</sup> Dei presenterer ein firedelt metode for praktisk teologi med trinna: omtale av praksis, kulturell og kontekstuell analyse, teologisk analyse og revidert praksis. Det som særleg er interessant i denne metoden, er påpeikinga av at vi ikkje berre treng ein teologisk, men også ein kulturell og kontekstuell analyse av vår kyrkjelege praksis. Swinton og Mowat understrekar at dei fire metodiske trinna ikkje må sjåast isolert frå kvarandre. Det vil stadig vere ein vekselverking mellom dei. Ikkje minst må det skje ein stadig utveksling mellom den kulturelle og kontekstuelle analysen og den teologiske analysen.

Eg nyttar meg difor både av samfunnsvitskapleg og teologisk kunnskap i drøftinga av kva som kan gjere gudstenester til gode gudstenester for born, og eg er opptatt av korleis born kan oppleve gudstenesta. Eg kjem ikkje til å skilje drøftinga i ein kulturell og ein teologisk del, men fleire delar av drøftinga vil ha med både kulturelle og teologiske moment. Eg vonar at denne organiseringa vil gjere kommunikasjonen mellom dei kulturelle og dei teologiske argumenta tydelegare og meir fruktbare.

Eg har allereie (1.1) skissert ein del utfordringar og problemstillingar knytte til vår praksis med born og gudsteneste. Desse vert drøfta i kapittel 2 og 3, før kapittel 4, som inneheld ei prinsipiell drøfting av kva som er gode gudstenester for born, vil innehalde impulsar til ny, revidert praksis. På tilsvarande måte vil også kapittel 7 og kapittel 8 innehalde både omtale av praksis, drøfting og impulsar til ny praksis.

Sidan eg ynskjer ei brei tilnærming til spørsmålet om born og gudsteneste, har eg ikkje høve til å gå like djupt inn i alle sider ved spørsmålet.

### 1.3 Kjelder

Det finst lite empirisk materiale om korleis born sjølve opplever gudstenesta. Ei undersøking av dette vil vere ein nødvendig del av eit meir omfattande arbeid med desse spørsmåla.<sup>8</sup> Eg brukar difor i hovudsak skriftlege kjelder i denne oppgåva. Eg har i nokon grad også brukt materiale frå foredrag, samtalar og internett. Eg byggjer også på eigne inntrykk og erfaringar

---

<sup>7</sup> John Swinton og Harriet Mowat, *Practical Theology and Qualitative Research* (London: SCM Press, 2006).

<sup>8</sup> Thor Strandenæs, "Dialoguing with Children on Liturgy and Worship", i *Svensk Missions Tidskrift* 92 (2004) nr. 3. 489-515. Her drøftar han korleis ein kan samtale med born om slike spørsmål. I eit anna bidrag viser han korleis ein praktisk kan gå fram for å involvera born i gudstenesta, slik han forstå henne som både trusuttrykk og trusopplæring; Thor Strandenæs, "Barn og gudstjeneste: Gudstjenesten som sted for trosutfoldelse eller trosopplæring", *Prismet* 1 (2008): 3-18.

etter snart 25 års arbeid med born og gudsteneste. I tillegg til teologisk litteratur nyttar eg meg også av litteratur om pedagogikk og born si utvikling.

Tekstar frå Bibelen er sitert etter Det norske bibelselskap si omsetjing frå 2011.

#### 1.4 Tema som ikkje er med i oppgåva

Eg går ikkje grundig inn på spørsmålet om kva som ligg i Jesu utsegner om born og andre bibelstader som omhandlar born.<sup>9</sup> Det er ein kort presentasjon og drøfting av nokre av desse bibeltekstene i starten av kapittel 2.1, men eg må vise til andre sine arbeid for ei meir inngående drøfting av dette spørsmålet.<sup>10</sup> Mi teologiske grunnforståing er at døypte born høyrer med i den kristne fellesskapen og har same verdi som vaksne. Som medkristne har dei difor i det heile, og i gudstenesta spesielt, same rett som vaksne både til å få næring for trua si og til å yte sitt til den kristne fellesskapen.

Eg drøftar heller ikkje kva som særpregar dei ulike aldersgruppene og kva dette har å seie for gudstenestene. Kunnskap om dette er sjølvsagt viktig når ein skal tilrettelegge gudstenester for born i ulik alder.<sup>11</sup>

Det har heller ikkje vore plass til å drøfte gudstenestearbeid med born som har særlege behov på grunn av ulike funksjonshemmingar,<sup>12</sup> eller kva kjønnsaspektet har å seie for gudstenestearbeidet.

Då eg tok til med arbeidet med denne oppgåva, planla eg også å ha med ein presentasjon og drøfting av korleis gudstenestereforma som er i gang i Den norske kyrkja, kan medverke til at gudstenestene blir gode gudstenester for born. Dette har det ikkje vorte plass til. Men dette er ei av problemstillingane eg arbeider med når eg no studerer gudstenestereforma med Olavsstipend frå Kyrkjedepartementet.<sup>13</sup>

---

<sup>9</sup> Til dømes Mark 9, 33-37; 10, 13-16, Matt 21, 15-17; 28, 18-20 og parallellar, 1. Kor 13,11.

<sup>10</sup> Sjå meir om dette til dømes i Strandenæs: "Dialoguing with Children", side 490-493 og Sturla J. Stålsett, "Barneteologi i emning", i *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid* (red. R. Halle og G. Hegerstrøm; IKO; Oslo, 2000), 34-40.

<sup>11</sup> Ei kortfatta framstilling av trusutviklinga hos born finn vi i Alf Rolin, "Barns religiøse utvikling", i *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid* (red. R. Halle og G. Hegerstrøm; IKO; Oslo, 2000), 12-14; eller Susan Shadid og Beverly Johnson, "Velkommen til min verden: 8 ark med nøkkelinformasjon om barns utvikling frå 0-10 år" (Willow Creek Norge, 2010). Ei meir inngående drøfting finn vi til dømes i James W. Fowler, *Stages of Faith: The Psychology of Human Development and the Quest for Meaning*, (San Francisco: Harper & Row Publishers, 1981). Sjå også [Kyrkjerådet, Den norske kyrkja], *Plan for trusopplæring. Gud gir – vi deler* (Oslo: Kyrkjerådet, 2010), 19-22.

<sup>12</sup> Sjå til dømes Torill Edøy, "Barn med spesielle behov", i *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid* (red. R. Halle og G. Hegerstrøm; IKO; Oslo, 2000), 93-100.

<sup>13</sup> Sjå likevel kapittel 5.1.

## Del I

# PRINSIPIELL DRØFTING AV SPØRSMÅLET OM BORN OG GUDSTENESTE: KVA ER GODE GUDSTENESTER FOR BORN?

## Kapittel 2

### BORN SIN GUDSRELASJON OG TRUSUTVIKLING

Med dette kapitlet startar den første hovuddelen av oppgåva. I denne delen av oppgåva drøftar eg kva som kan vere gode gudstenester for born. I dette kapitlet presenterer eg den nye teologiske disiplinen *barneteologi* og spør kva barneteologi og studiet av borns religiøse utvikling kan lære oss om born og gudsteneste. Med utgangspunkt i Dagny Kaul sitt arbeid drøftar eg i kva grad kyrkja gjennom undervisning og gudstenester lét born praktisere og utvikle si tru ut frå sine eigne føresetnader (2.1). Eg vil også kort drøfte nokre sider ved borns religiøse utvikling (2.2) og peike på familien sitt ansvar for trusopplæringa (2.3).

#### 2.1 Barneteologi

Dei siste åra har *barneteologi* vakse fram som ein ny teologisk disiplin. Allereie før trusopplæringsforsøket frå 2004 til 2008 førte til eit omfattande forsøks- og utviklingsarbeid, arbeidde einskilde teologar med dette fagområdet. Men trusopplæringsforsøket har ført til ny interesse og auka fokus på barnet sin plass i kyrkja, og dermed også på barneteologi.

Barneteologien tek utgangspunkt i det Jesus seier om born sin plass i Guds rike:

- "Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje!" (Mark 10,13-16; Matt 19,13-15; Luk 18,15-17)
- "Utan at de vender om og blir som born, kjem de ikkje inn i himmelriket." (Matt 18,2-6; Mark 9,36-37; Luk 9,47-48)
- Borna i templet (Matteus 21,15-16)

Det er ikkje her plass til ei inngåande drøfting av desse bibeltekstene, berre til nokre enkle problemstillingar og svar på desse:

Det at borna kom – eller vart førte – til Jesus, vert sett som *ideal* eller *mønster* for å vende om og kome inn i Guds rike/himmelriket (Matt 18:3; Mark 10:15; Luk 18:17). Kva er det som gjer at borna vert framstilte som eit ideal? Er det det at dei er små, er det det at dei er ”uskuldige”, eller er det på grunn av trua deira? Tilsvarande må vi spørje kva det er med barnet som gjer at Jesus brukar det som ”eksempel” når han seier at den som gjer seg *liten som eit barn*, er stor i Guds rike (Matt 18:4)?

Vi skal også legge merke til at Jesus *tok imot born* og var sint på dei som hindra borna i å kome til han. (Mark 10:14) Og Jesus *forsvarte borna* som lovpriste Gud i templet og såg det som skjedde, som oppfyljing av Salme 8,3 (Matt 21:15-16).

Professor Hans Kvalbein skriv om Jesu haldning til born i boka *Jesus: Hva ville han? Hvem var han. En innføring i de tre første evangeliernes budskap*. I ei drøfting av Markus 10,13-16 med parallellar avviser han eit romantisk syn som idealiserer borna og seier at dei har eigenskapar som kan vere førebilete for vaksne. Eksempel på dette kan vere at dei er *uskuldige* eller *truskuldige*, at dei er *førebilete i tru* eller at dei er *tillitsfulle*. Kvalbein peiker på at desse tekstene *ikkje* seier noko om borna si tru og tillit. Derimot seier dei at borna *vart førte til Jesus av andre*. Kvalbein viser at tekstene ikkje er opptekne av bornas haldningar til Jesus, men av Jesu haldning til borna. Denne haldninga var oppsiktsvekkande, både i det at borna vart sleppte fram til ein rabbi (lovlærar), og endå meir at Jesus brukte eit barn som eksempel på kven som er den største mellom læresveinane (Markus 9,36 med parallellar). Jesus stilte her barnet i sentrum på en måte som braut med det tilvante.<sup>14</sup>

Kvalbein meiner at det i desse utsegnene av Jesus ikkje er borna sine positive eigenskapar, men derimot det dei manglar, altså det at dei er umodne, usjølvtendige og hjelpe-lause, og dermed det at dei er avhengige av hjelp frå andre som er sterkare enn dei sjølve, som er det sentrale i Jesu haldning til borna:

Når Jesus sier at Guds rike hører ”slike” til, betyr det at voksne ikke kan komme i noe annet forhold til Guds rike enn barna. Deres større modenhet, innsikt og selvstendighet hjelper dem ikke inn i Guds rike, men kan snarere være en hindring. Jesu ord har sannsynligvis brodd mot fariseerne. Deres krav om lovoppfyllelse forutsatte en innsikt som satte barna utenfor. Jesus har et annet syn på veien til frelsen. Guds rike er åpent for de små og hjelpeløse. Men det er lukket for de selvkloke og selvsikre. Overfor Gud kan mennesket bare stå som et lite barn, utlevert til hans nåde og hjelp.<sup>15</sup>

---

<sup>14</sup> Hans Kvalbein, *Jesus: Hva ville han? Hvem var han. En innføring i de tre første evangeliernes budskap*. (Oslo, Luther forlag, 2008), 161-163.

<sup>15</sup> Ibid., 163.

Kvalbein meiner at Markus 10,13-16 fortel om ei *konfliktscene* mellom Jesus og læresveinane, der læresveinane gjev uttrykk for det som var den vanlege haldninga til born, medan Jesus bryt med tradisjonen. Han seier at når Jesus brukar borna som teikn på kven Guds rike tilhøyrer, så må dei også gjevast ein eigenverdi ut i frå kva dei er, og ikkje ut i frå kva dei skal verte som vaksne. Dei må få ein plass i læresveinfellesskapen og i kyrkja som svarar til dette:

Fortellingen om at Jesus velsigner barna, blir på denne måten en programerklæring, om en ny måte å tenke menneskeverd på. De minste skal bli de største, og de siste skal bli de første. Vår medfødte beundring for de kloke og de sterke må erstattes av respekt og omsorg for de små og hjelpeløse. Barna hører hjemme i disippelflokken – og i kirken.<sup>16</sup>

Barneteologi kan definerast både som ”teologi *om* born”, ”teologi *for* born” og ”teologi *av* born”.<sup>17</sup> Eg går ikkje nærare inn på dette her, men spørsmålet vil kome igjen når eg i kapittel 4.6 drøftar korleis born kan involverast i førebuing og gjennomføring av gudstenester.

Her vil eg avgrense meg til å trekke fram nokre sider ved ”barneteologien” som er særleg aktuelle for spørsmålet om born og gudsteneste. Til dette tek eg utgangspunkt i forskaren Dagny Kaul sitt arbeid med desse spørsmåla.

Dagny Kaul spør om det å vere kristen i praksis har vore definert som å vere vaksen. Dersom det å vere kristen er å *forstå* og kunne *uttrykke* trussanningane på ein vaksen måte, korleis kan då *born* vere kristne?

Kaul peikar på at born har vorte sett på som *objekt* for vaksne si opplæring, eller som ”*elev på opplæring i gudsteneste*”, og ikkje som born som feirar gudsteneste ut frå sine eigne føresetnader. I artikkelen ”Voksnes holdning til barns religion: Barnekirken som dåpsopplæring” reflekterer ho rundt spørsmålet om born og dåpsopplæring:<sup>18</sup>

Når ho skal beskrive den religionen ho møtte i skulen i ei bygd i Trøndelag på 1940-talet, tek ho utgangspunkt i teorien om at religion har tre ”komponentar”:

- *mythos* – som er *livstolking og forståing av røyndomen*. Dette vart i skulen formidla gjennom bibelkunnskap, katekisme og salmevers.

---

<sup>16</sup> Ibid., 274.

<sup>17</sup> Sjå om dette for eksempel hos Stålsett, ”Barneteologi i emning”, 34-38. Ei vidare hansaming med tanke på gudstenesta finn vi hos Strandenæs, ”Barn og gudstjeneste”, 5-10.

<sup>18</sup> Dagny Kaul, ”Voksnes holdning til barns religion: barnekirken som dåpsopplæring”, i *Dåp – konfirmasjon – kateketisk praksis. Et riteperspektiv på sosialisering* (red S. Heggem og E. Dahl; Det praktisk-teologiske seminar; Oslo, 2003), 67-69.

- *kultus* – som er *religiøs praksis*. I skulen var dette song og bøn ved starten og avslutninga av skuledagen. Men det var også til dømes juletreffstar der lærarar og foreldre gjekk saman med borna og song dei julesongane som borna hadde lært på skulen. Gjennom desse ”barnerituala” vart det mytiske innhaldet aktualisert og gjort ”eksistensielt nærverande”.
- *ethos* – som er *reglane som seier korleis ein skal leve*. Desse etiske verdiane danna grunnlaget for bygdekulturen.

Kaul hevdar at så lenge skulen var ein del av bygdefellesskapen, der både born og vaksne høyrte med, kunne kristendomsundervisninga i skulen fungere som kyrkja si dåpsopplæring. Gjennom skulen vart borna sosialiserte og gjort til del av den kristne fellesskapen. Slik eg forstår Kaul, opplevde ho at skulen, og ikkje kyrkja eller heimen, var den viktigaste aktøren i dåpsopplæringa. Men ho understrekar at slik er det ikkje lenger. Fellesskapen mellom born og vaksne, og mellom skulen og samfunnslivet elles, er smuldra opp, slik at borna ikkje lenger opplever det same samspelet mellom kristent trusinnhald, barneritual og moral i skulen. I tillegg er planane for skulen endra.

Kaul understrekar at skulen i dag praktiserer ein annan religionspedagogikk enn før: Medan born tidlegare gjennom skulen deltok i religiøse ritual som gjorde at kristendomen vart opplevd som ein levande religion der livstolking (mythos), gudstenesteliv (kultus) og etiske levereglar (ethos) høyrde saman, vert elevane i dag presenterte for ein kristendom som i det store og heile manglar det kultiske elementet.<sup>19</sup> Difor vert den kristne trua no opplevd som teori, utan konsekvensar for livet. Slik er kristendomen redusert til kulturuttrykk og historie.<sup>20</sup>

Kaul er oppteken av at ”djupnedimensjonen” i religionen må vere til stades også for born, ikkje berre for vaksne. Då vil born gjennom religionen møte ”det heilage”. Vidare vil religionen då også for born kunne ha det Kaul kallar ”ei profetisk-kritisk og reformerande kraft”, som er eit sentralt element i vaksne sin religion. Dette er avgjerande for at born skal kunne bevare trua gjennom dei periodane med opprør og protest som følgjer med i utviklinga frå barn til vaksen. Utan at borna si kristentru har denne profetisk-kritiske og reformerande sida, vil dei døypte borna vere *utan kristendom* i periodar med protest mot mellom anna foreldra og kyrkja sin autoritet.

<sup>19</sup> Ved at mange born får med seg skulegudstenester, som primært er tenkte å vere observasjonar av kulten, får desse i det minste eit inntrykk av kva ei kristen gudsteneste er. Men målsettinga i skuleverket er ikkje at borna skal sosialiseras inn i gudstenesta som eiga truspraksis.

<sup>20</sup> Kaul, ”Voksnes holdning” 76-80; Sjå også Dagny Kaul, ”Gud vil jeg skal være et solskinnbarn. Jenters spiritualitet i norsk religionspedagogikk”, i *Feministteologi på norsk* (red D. Kaul, A.H. Laland og S. Østrem; Cappelen akademisk forlag; Oslo, 1999), 231-234. Riktig nok får born framleis frå tid til annan ta del i skulegudstenester der dei får oppleve kultiske element, men kultiske element er ikkje ein del av skulekvardagen på den same regelmessige måten som før.

Skiftet i tilhøvet mellom kyrkja og skulen og i skulen sin måte å presentere kristendomen på har gjeve heimen og kyrkja nye oppgåver når det gjeld dåpsopplæring. I vår samanheng vert det naturleg å spørje om kyrkjelyden si gudsteneste kan overta meir av den funksjonen som barnerituala i skulen hadde så lenge skulen stod for ein stor del av kyrkja si dåpsopplæring. Kaul peiker på at kyrkja då treng eit barnevenleg symbolspråk:

Gjennom et barnevennlig symbolspråk kan barna se at det er noe i religionen som når dypere og lengre enn til alt det som er gitt i barnets omgivelser og i barnet selv. Det betyr at barna befris fra sitt fangenskap i voksententrert kirke og teologi, og oppdager at barnelivet selv transcenderes av det hellige.<sup>21</sup>

Både Kaul og andre understrekar at born må møte ei ekte gudsteneste som tek born sine religiøse behov på alvor. Det betyr mellom anna at vi skal vere varsame med å skjerme born frå det smertefulle i livet og ”dei vanskelege tekstene” i Bibelen. Det at også vanskelege tema og bibeltekstar får lyde i gudstenester med born, viser at kristendomen tek livet og røyndomen på alvor. I staden for å få presentert eit glansbilete av røyndomen, treng born hjelp til å sjå at dei tilhøyrer ei syndefull, men forsona fellesskap som stadig kjempar med liding og forsoning.<sup>22</sup>

## 2.2 Born si trusutvikling

Spørsmålet om kva som særpregar dei ulike aldersgruppene, og kva dette har å seie for gudstenesta, er ikkje tema i denne oppgåva.<sup>23</sup> Men dette er sjølvsagt viktig når ein arbeider med konkrete gudstenester. Eg vil her avgrense meg til å presentere nokre få innsikter frå undersøkingar om born si trusutvikling:

Fleire har peikt på at mange tek eit bevisst val om tru i 12-15 årsalderen. Erling Birkedal har undersøkt korleis trua utviklar seg hos born i 13-15-årsalderen. Undersøkinga hans er gjort i Oslo og tre av nabokommunane til Oslo. For 13-åringar seier han: ”Erfaring fra deltakelse i kirkelige aktiviteter synes å være en forutsetning for at den unge skal oppleve tilhørighet til Kirken som trosfellesskap.”<sup>24</sup> For 15-åringar finn han at påverknad

<sup>21</sup> Kaul, ”Voksnes holdning”, 91.

<sup>22</sup> Karl-Gunnar Ellverson, *Handbok i Liturgik* (Stockholm: Verbum, 2003), 29. Den langvarige diskusjonen om biletet ”Abrahams offer”, som hentar motiv frå forteljinga om då Gud sette Abraham på prøve (1. Mos 22), skulle få plass mellom glasmaleria i Spjelkavik kyrkje, er eit eksempel på at dette spørsmålet kan vere vanskeleg.

<sup>23</sup> Sjå note 11.

<sup>24</sup> Erling Birkedal, *”Noen ganger tror jeg på Gud, men ...”?* (Trondheim: Tapir akademiske forlag, 2001), 162.

frå vener og frå lokalmiljøet er særleg viktig, ikkje minst der det skjer endringar i trua i denne perioden:

Bortfall av konvensjonell gudstro i 13-15-årsalderen kan i stor grad forklaras ut fra endring i de sosiale relasjonene, og eventuell manglende deltakelse i religiøst fellesskap. Spesielt sårbart, med tanke på endring og eventuelt bortfall av tro, synes mangel på slik deltakelse å være for dem som i sin barndom har vært aktive deltakere og har hatt forventninger til fortsatt deltakelse i slikt fellesskap.<sup>25</sup>

Dette tyder på at *aktiv deltaking saman med jamaldrande vener* vil vere avgjerande for at gudstenestene skal kunne bidra til at born kan bevare trua i denne perioden. Birkedal drøftar også tilhøvet mellom kognitive, emosjonelle og sosiale sider ved trua:

De unge som har forankret sin tro til det kognitive, har behov for å få stimulert og videreutviklet den siden ved gudstroen, blant annet ved den intellektuelle samtalen. De som har en emosjonell forankring for gudstroen, søker etter nye opplevelser som bekrefter følelsen av trygghet i gudstroen. De som har fått sin tro gjennom et sosialt fellesskap, har videre behov for et slikt fellesskap for å opprettholde troen. De som har størst forutsetning for å opprettholde troen, synes å være de som har sin forankring for gudstro i både det kognitive, det emosjonelle og det sosiale, og som også får en variasjon av erfaringer i møte med kirkereligion som stimulerer og bekrefter alle de tre aspektene. Disse er mindre sårbare med tanke på å miste troen i møte med de utfordringer og endringer ungdomslivet nødvendigvis innebærer. ... Strategien må da bli å hjelpe barn og unge til å få en variert forankring for troen knyttet til alle de tre omtalte aspektene: den kognitive, den emosjonelle og den sosiale. En slik tro vil så å si ha flere "ben å stå på", og sannsynligvis ikke være så sårbar for å falle bort.<sup>26</sup>

Sidan eg i denne oppgåva argumenterar for at dei kognitive sidene ved gudstenesta ikkje lenger kan vere så einerådane som dei har vore, er sjølvsagt Birkedal si påminning om at *også* dei kognitive sidene er viktige, verd å ta med seg inn i arbeidet med gudstenestene.

Også biskop Odd Bondevik har rapportert om kor viktig ungdomsalderen kan vere, ut i frå si erfaring som generalsekretær i Den norske misjonsselskap og biskop i Møre bispedømme. Dette bygger på samtalar han har hatt i samband med vigsling av misjonærar, diakonar, kateketar og prestar. Hans erfaring er at mange av dei han møtte, opplevde å få kall til misjonærtjeneste eller kyrkjeleg teneste i løpet av ungdomsskulealderen.<sup>27</sup>

---

<sup>25</sup> Ibid., 179.

<sup>26</sup> Ibid., 217-218

<sup>27</sup> Odd Bondevik har fortalt om dette både i samtalar, foredrag og preiker.

Fleire amerikanske undersøkingar frå dei siste 10 åra viser at mellom 60 og 90% av ungdommane som har vore aktive i kyrkja, er utan kontakt med kyrkja tidleg i 20-årsalderen.<sup>28</sup>

I ei stor undersøking av amerikanske kyrkjelydar<sup>29</sup> leidd av professor Roland D. Martinson vart det funne fleire fellestrekk ved kyrkjelydar der ungdom vart verande gjennom ungdomstida.<sup>30</sup> Born og unge var godt integrerte i kyrkjelyden og familiane praktiserte trua saman både på gudsteneste og i kvardagen. Samtidig som born og unge var ein integrert del av kyrkjelyden, så var det eigne grupper for ulike aldersgrupper. Dei fann vidare ut at Gud vart forstått som både mystisk (mysterious), stor (awesome) og nær (present), og dei var opptekne av å erfare Gud i kyrkjelyden, i heimen og ungdomsarbeidet.

Martinson fann ulike ”praksisar” eller kvalitetar i desse kyrkjelydane. Dei ”praksisane” som vart funne i alle desse kyrkjelydane, var *tillitsfulle fellesskap*, som også gjekk på tvers av aldersgruppene, *engasjerande gudstenester*, og *bibelstudium*, der ein fokuserte både på den historiske tydinga av tekstane og på kva dei hadde å seie inn i dei unge sin kvardag.<sup>31</sup>

Det er særleg kvaliteten *engasjerande gudstenester* som har interesse for denne oppgåva. Undersøkinga viste at gudstenestene i desse kyrkjelydane hadde svært forskjellig stil, og at metodane som vart brukte var ulike. Men på tross av alle skilnader var det felles at prosessane var sentrerte rundt Gud, ein hadde forventning om at noko nytt skulle skje, ein var førebudd på at Gud ville gje dei noko, og det vart skapt ”eit heilagt rom”.

Ungdomane meinte sjølve at gudstenestene var det viktigaste. Gudsteneste kunne dei berre få i kyrkjelyden, men alt det andre kunne dei også få andre stader.

I følgje Martinson var det som hadde overraska han mest i undersøkinga, den djupe teologiske kjernen i tenesta for born: At Gud er større enn alt, at Gud er til stades og har med livet her og no å gjere. Dette leier til ei forståing av kyrkja: Kyrka er her. Kyrkja er det vi gjer. Gud lever i ord og sakrament, og i livet her og no. ”This place makes a difference in my

---

<sup>28</sup> George Barna (Researcher), ”Most Twentysomethings Put Christianity on the Shelf Following Spiritually Active Teen Years”; tilgjengelig på [www.barna.org/barna-update/article/16-teensnext-gen/147-most-twentysomethings-put-christianity-on-the-shelf-following-spiritually-active-teen-years](http://www.barna.org/barna-update/article/16-teensnext-gen/147-most-twentysomethings-put-christianity-on-the-shelf-following-spiritually-active-teen-years); besøkt 6. oktober 2010, rapporterar at 60% av unge som har vore aktive, er utan kontakt med kyrkja tidleg i 20-åra. The Southern Baptist Council of Family Life, ”Family Life Council says it’s time to bring family back to life”; tilgjengelig på [www.sbcannualmeeting.net/sbc02/newsroom/newspage.asp?ID=261](http://www.sbcannualmeeting.net/sbc02/newsroom/newspage.asp?ID=261); besøkt 6. oktober 2010, rapporterar at 88% av unge som er vakse opp i evangelikale heimar forlet kyrkja i 18-årsalderen.

<sup>29</sup> Undersøkinga *Exemplary Youth Ministry Study* var gjort i 475 amerikanske kyrkjelydar frå 7 ulike kyrkjesamfunn: Roman Catholic, United Methodist, Presbyterian USA, Evangelical Lutheran Church in America, Evangelical Covenant, Southern Baptist and Assemblies of God.

<sup>30</sup> Roland D. Martinson presenterte undersøkinga på Trusopplæringskonferansen på Lillestrøm 22. oktober 2008. Eg bygger på notat frå foredraget ”Hva er viktig for at barn og unge skal bli værende i kirken og praktisere sin tro?” og seminaret ”Exemplary Youth Ministry Practices.

<sup>31</sup> Andre kvalitetar var *fokusert bon, livsnære grupper, tenesteoppgåver, leir og retreat, kall og leiarskap.*

life.” Martinson understrekar at vi må halde fast både på at trua vert gjeven i dåpen, og at trua skal vekse og modnast.

### 2.3 Familien

Når born vert døypte i Den norske kyrkja, svarar foreldre og fadrar på at dei vil at borna skal ”døypast ... og oppsedast til eit liv i den kristne forsakinga og trua”.<sup>32</sup> I formaningsorda som lyder like etter dåpen, vert foreldre og fadrar oppfordra til å vise omsorg for borna, og ”be for *henne* ..., lære *henne* ... *sjølv* å be og hjelpa *henne* ... å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så *ho* ... kan leva og veksa i den kristne trua”.<sup>33</sup> Dette ansvaret bygger på det Jesus sa i ”dåpsbefalinga”: ”Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk.” (Matt 28,19-20a)

Både foreldra, fadrane, kyrkjelyden og heile kyrkja deler på ansvaret for trusopp- læringa. Men foreldra har hovudansvaret, også for denne delen av oppsedinga. Ei side ved kyrkja og kyrkjelyden sitt ansvar er å oppmode og støtte, og *legge til rette* for den trusopp- læringa som må skje i heimen. Ei anna sentral side ved kyrkjelyden og kyrkja sitt ansvar for trusopp- læringa er at kyrkja må legge til rette for at familiane kan delta ved gudsteneste saman.

### 2.4 Oppsummering av kapittel 2

Utviklinga av barneteologien og trusopp- læringsprosjektet i Den norske kyrkja har ført til ny interesse for born sin plass i kyrkja og gudstenesta. Dagny Kaul har vist at det å vere kristen, tradisjonelt i stor grad har vore forstått som å vere vaksen. Born har difor vorte sett på som *objekt* for vaksne si opplæring, eller som ”*elevar på opplæring i gudsteneste*”. Mot dette hevdar ho og andre at born må få feire gudsteneste ut frå sine egne føresetnadar. Kaul etterlyser ”eit barnevenleg symbolspråk”.

Det er avgjerande at born møter ein religion der livstolking (mythos), gudstenesteliv (kultus) og etiske levereglar (ethos) høyrer saman. Viss dei møter ein kristendomsform som manglar eit kultisk elementet, vert den kristne trua opplevd berre som teori, utan konse- kvensar for livet.

---

<sup>32</sup> [Kyrkjerådet, Den norske kyrkja,] *Gudsteneste for Den norske kyrkja* (Stavanger, Eide forlag, 2011). 3.9

<sup>33</sup> *Ibid.*, 3.10-3.11.

Fleire undersøkingar viser at born ofte tek eit bevisst val om tru tidleg, ofte i 12-15 årsalderen. I ei amerikansk undersøking av kyrkjelydar der ungdom vart verande som aktive deltakarar, fann Roland D. Martinson at det viktigaste var at ungdomane opplevde gudstenestene som engasjerande, at dei var sentrerte rundt Gud, og at Gud vart forstått som både mystisk (mysterious), stor (awesome) og nær (present). Det var også viktig at familien praktiserte trua saman. Difor er det å legge til rette for at familiare kan delta ved gudsteneste saman ei sentral oppgåve for kyrkjelyden. Både Martinson, Birkedal og Kaul peikar på at born må ha sin naturlege plass i kyrkjelydsfellesskapen, samtidig som det er egne grupper eller gudstenester for born.

Både dei kognitive, dei emosjonelle og dei sosiale sidene er viktige for ei naturleg trusutvikling, og det ser ut til at ein kombinasjon av egne tiltak for born og deltaking i kyrkjelyden sine felles samlingar er det som best kjem born sine behov i møte.

## Kapittel 3

# GUDSTENESTA I SPENNINGSFELTET MELLOM TRUSOPPLÆRING OG PRAKTISERT TRU

Etter at eg i kapittel 2 har drøfta kva studiet av barneteologi og borns religiøse utvikling kan lære oss om born og gudsteneste, vil eg i dette kapitlet drøfte kva studiet av liturgikk og ulike måtar å forstå gudstenesta på, kan lære oss om born og gudsteneste. Eg vil vise korleis mellom anna auka bruk av rom og rørsle, sansane og kroppen, og auka vekt på symbolikk, teiknhandlingar og opplevingar er viktig for gudstenesta. Eg startar med å peike på nokre relevante moment frå liturgihistoria (3.1) og drøfte kroppen sin plass i gudstenesta (3.2). Deretter ser eg på liturgien sin funksjon (3.3), og gudstenesta som leik (3.4), før eg ser på gudstenesta frå eit liturgiteologisk perspektiv (3.5). Deretter ser eg nærare på handlingsaspektet ved gudstenesta og drøftar tilhøvet mellom deltaking og forståing (3.6), før eg til slutt drøftar gudstenesta som arena for trusopplæring og praktisert tru (3.7).

### 3.1 Relevante moment frå liturgihistoria til forståing av born og gudsteneste

I oldkyrkja var gudstenesta sett på som kyrkjelyden si felles handling. Dei ulike gruppene i kyrkjelyden var aktive og hadde kvar sine oppgåver under gudstenesta. Som eit eksempel kan det nemnast at då dei tok til med å bygge eigne kyrkjebygg på 3-400-talet, vart det understreka at gudstenestedeltakarane måtte ha god plass til å røre seg under gudstenesta. Proseksjonar, offertoriet med frambering av takkofferet, og nattverd var viktige delar av gudstenesta. Difor måtte det vere plass, slik at kyrkjelyden kunne bevege seg fritt. Sidan kyrkjene ikkje var fylte opp med benkar, var dei opnare enn det vi er vande med.<sup>34</sup> I vår tid finn vi framleis noko av det same i mange ortodokse kyrkjer, der det er meir vanleg at kyrkjelyden beveger seg i rommet i løpet av gudstenesta.

Gjennom mellomalderen vart dette gradvis endra. Kyrkjelyden vart meir og meir passive tilskodarar til prestane og deira medarbeidarar.<sup>35</sup> Karin Brunvathne Bjerkestrand minner om at kyrkja på denne tida, då messa i stor grad hadde vorte utilgjengeleg for kyrkjelyden,

<sup>34</sup> John F. Baldovin, "The Empire Baptized", i *The Oxford History of Christian Worship* (red. G. Wainwright og K.B. Westerfield Tucker; Oxford University Press; Oxford, 2006), 81.

<sup>35</sup> Theodor Klauser, *A Short History of the Western Liturgy: An Account and some Reflections*. (Second Edition

også på grunn av at folk ikkje kunne gudstenestespråket, tok til med å bruke teater for å formidle evangeliet og kyrkja si lære.<sup>36</sup>

Reformasjonen førte på mange måtar gudstenesta ”tilbake til kyrkjelyden”. Folkespråket vart gudstenestespråk,<sup>37</sup> og kyrkjelyden vart igjen meir aktiv, ikkje minst gjennom salmesongen.<sup>38</sup> Likevel er det eit spørsmål om vi har gått denne vegen til endes. Vi saknar framleis mykje av den aktive deltakinga som kjenneteikna kyrkjelyden i kyrkja si første tid og bør difor stimulera til dette viss vi vil ta på alvor at alle døypte, i alle aldrar, høyrer til gudstenesteforsamlinga. Vi har enno mykje å gå på før gudstenesta igjen har vorte kyrkjelyden si felles handling som born og vaksne kan delta i saman.

Det er også verdt å merke seg den intellektualiseringa av gudstenesta som har gått føre seg gjennom kyrkja si historie. Også denne utviklinga har gått over svært lang tid, men ikkje minst framveksten av det moderne, med rasjonalismen, pietismen og opplysningstida på 1700-talet, førte til ei sterk intellektualisering og ei tilsvarande nedtoning av dei liturgiske sidene ved gudstenesta. (Jf. kapittel 1.1) Gudstenestene vart meir for hovudet og tanken, medan det vart mindre rørsle og handling. Dette favoriserte sjølvsgt vaksne, medan det særleg gjekk ut over born.

I etterordet til si norske gudstenestehistorie, ”Gudstjenestelivet i Den norske kirke” konkluderer professor Helge Fæhn med å vise til nokre grunnleggande trekk i utviklinga av gudstenesta gjennom historia:<sup>39</sup>

- Utover i mellomalderen handla det om å *sjå* presten sine handlingar og kyrkjekunsten, fordi gudstenestespråket var latin og uforståeleg.
- Frå reformasjonstida av handla det om å *høyre* presten si preike. Preika var viktig for å halde fast på dei gamle sanningane om trua åleine, skrifta åleine og nåden åleine, som vart gjenoppdaga under reformasjonen.
- Med gudstenesterevisjonane frå midt på 1800-talet og særleg på 1900-talet har ein i gradvis større grad sett på liturgien som ”gudsfolket si felles *handling*”.

Han skriv (i 1994):

I middelalderen var liturgiens språk hemmelighetsfullt og uforståelig, og menigheten søkte næring i det som kunne *sees*: prestens gester og bevegelser, figurene på alter-

---

Oxford: Oxford University Press, 1979), særleg side 101-113.

<sup>36</sup> Karin Brunvathne Bjerkestrand, ”Barnet i gudstjenesten”, i *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid* (red. R. Halle og G. Hegerstrøm; IKO; Oslo, 2000), 51.

<sup>37</sup> Kanskje med unntak av Noreg, sidan gudstenestespråket her etter reformasjonen i fleire hundre år var dansk?

<sup>38</sup> I dei lutherske kyrkjene i Danmark og Noreg vart dette ført til sin yttarste konsekvens i *salmemessa*, der dei faste, liturgiske prosaledda var gjort om til salmar som vart sungne av kyrkjelyden.

<sup>39</sup> Helge Fæhn, *Gudstjenestelivet i Den norske kirke – fra reformasjonstiden til våre dager* (Oslo: Universitetsforlaget, 1994).

tavlen, bildene på kirkens vegger og tak. Reformasjonen la hovedvekten på det man kunne *høre*: prestens messe, klokkerens salmesang, men fremfor alt prekenen – enten det var ortodoksiens belæring til anger og bot, eller 1700-årenes undervisning til opplysning og omvendelse, eller opplysningstidens formaning til forbedring og dyd. I løpet av de siste generasjoner og særlig med revisjonene i vårt eget århundre har et tredje moment kommet stadig sterkere frem: liturgien som Guds-folkets *felles handling*, ut fra Jesu ord: ”Gjør dette til minne om meg”!<sup>40</sup>

Helge Fæhn skriv her om *den norske* gudstenestehistoria, som startar noko før år 1000 e.Kr. Men dersom vi ser på utviklinga gjennom heile kyrkja si historie, så ser vi at det nettopp er det idealet for gudstenesta som ein hadde i dei første hundreåra av kyrkja si historie – om gudstenesta som kyrkjelyden sin felles handling, som no er på veg tilbake. Helge Fæhn ser dette utviklingstrekket tydeleg i revisjonane på 1800 og 1900-talet. Denne utviklinga er endå tydelegare i framlegget til ny høgmesseordning som kom i 2008 og (i noko mindre grad?) i den nye gudstenesteordninga frå 2011.<sup>41</sup>

Eit uttrykk for dette er at omgrepet *involvering* er ein av dei tre ”kjerneverdiane” som har vore styrande for arbeidet med denne gudstenestereforma. Det var denne kjerneverdien som vart minst problematisert i løpet av prosessen. Gjennom auka involvering ynskjer ein ”at menneske i alle generasjonar ... kan delta i gudstenesta og setja sitt preg på henne”.<sup>42</sup>

### 3.2 Kroppen i gudstenesta<sup>43</sup>

Allereie i dei første hundreåra etter Kristus vart kristendomen sterkt påverka av den greske filosofien, ikkje minst av Platon sine tankar om sjela og fornufta sin forrang. Dette førte til at kroppen vart sett på som mindreverdige, og at det vart lagt mindre vekt på følelsar og opplevingar, sjølv om Det nye testamentet seier at mennesket er skapt av Gud med kropp og sjel, og at kroppen er eit tempel for Den Heilage Ande (1. Kor 3,16; 6,19). Dette har i store trekk halde seg til vår tid. No står vi ved eit tidsskilje og ser igjen på mennesket som ein heilskap. Dette må få konsekvensar for gudstenesta.

Det er ikkje slik at mennesket berre veit det som det høyrer og kan formulere med ord. Mennesket lærer gjennom kroppen, og kroppen lærer ved å bruke alle sine sansar, gjere er-

<sup>40</sup> Ibid., 443.

<sup>41</sup> [Kyrkjerådet, Den norske kyrkja,] *Liturgi – Nynorsk: Framlegg til Ny ordning for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja* (Bergen: Eide Forlag, 2008), 15-18. [Kyrkjerådet, Den norske kyrkja,] *Høyringsnotat: Reform av kyrkjens gudstenesteliv. Orientering om høyringsdokumenta* (Bergen: Eide Forlag, 2008) 15. [Kyrkjerådet,] *Gudsteneste for Den norske kyrkja*, 1.1, 6.4-6.5.

<sup>42</sup> [Kyrkjerådet,] *Gudsteneste for Den norske kyrkja*, 7.6.

<sup>43</sup> Dette avsnittet bygger i stor grad på Ellverson, *Liturgikk*; Jan Oskar Utne, *Tilbedelsens ansikt: Om kroppen, sansene og bevegelsens plass i gudstjenesten*. (Trondheim: Tapir, 1998); og Ingunn Hagen, *Gudstjenesteleken*:

faringar og samle kunnskap. Den formulerte kunnskapen er difor ein svært liten del av det eit menneske veit. Til dømes er kjenslene ei viktig kjelde til kunnskap for både born og vaksne. Kjenslene er ofte ikkje uttrykte med ord, sjølv om dei kan ha kognitiv karakter.

I tillegg til det verbale språket, beherskar kroppen mange språk og uttrykksformer som ikkje er verbale. Desse uttrykksformene er eldre enn det verbale språket. Vi kjem i kontakt med dei gjennom å bruke symbol, teiknhandlingar og andre kroppslege uttrykk. Ofte talar desse uttrykksformene tydelegare enn ord.<sup>44</sup> Dette har konsekvensar også for korleis vi tek del i gudstenestene. Vi deltek i gudstenesta ikkje berre med hovudet, intellektet og det verbale språket, men som heile menneske, med heile kroppen. Det er avgjerande at born får erfare dette, for at dei skal trivast og ha utbyte av å delta ved gudstenestene.

Tilsvarande veit vi at fantasi og forestillingsevne er grunnleggande for born si læring og utvikling. Dette gjeld også den religiøse utviklinga. Vi veit at fantasien bygger på kroppslege erfaringar, og at born først og fremst lærer gjennom å gjere erfaringar med kroppen. I mange tilfelle er det slik at born lærer gjennom å gjere erfaringar med kroppen, sjølv om dei enno ikkje kan uttrykke med ord det dei har lært. Først når dei vert eldre, lærer dei å uttrykke med ord det som kroppen allereie lenge har visst. Det er også slik at mennesket si utvikling skjer i ein prosess der dei sosiale relasjonane er viktige. Dette gjeld ikkje minst born si utvikling.<sup>45</sup>

Utnem peikar på at kontaktsansane følelse, lukt og smak er dei viktigaste så lenge borna er små, medan avstandssansane syn og hørsel vert viktigare etter kvart som intellektet vert meir utvikla.<sup>46</sup> Med tanke på born si gudstenestedeltaking er det difor ekstra problematisk at så lite av innhaldet i gudstenesta er knytt til kontaktsansane. Så vidt eg kan sjå, er det særleg ved dåp og nattverd desse sansane vert aktiverte. I tillegg er dei i nokre kyrkjelydar komne inn igjen i samband med fredshelsinga, der vi tek kvarandre i hendene, ved prosjonar, innsamling av takkofferet og ved klokking.

Skal vi ta denne kunnskapen på alvor, kan ikkje lenger gudstenestene vere så einseitig innretta på fornufta, tanken og det intellektuelle. Kroppen sine behov og kroppen sine måtar å lære å uttrykka seg på må igjen få sette større preg på gudstenestene. Gudstenester med sterk vekt på det intellektuelle og tilsvarande liten vekt på det fysiske og kroppslege, kjem berre i kontakt med ein avgrensa del av mennesket. Dei verkar dessutan fornektande i høve til

---

*om aktiv liturgi* (Oslo: Verbum, 2002). Desse synspunkta er sentrale i alle desse bøkene.

<sup>44</sup> Utnem, *Tilbedelsens ansikt*, 36.

<sup>45</sup> Ellverson, *Liturgik*, 25-29.

<sup>46</sup> Utnem, *Tilbedelsens ansikt*, særleg 28-29.

kristen skapingsteologi, som understrekar at mennesket som heilskap er skapt av Gud (1. Mos 1,26-27; Sal 94,9; Mal 2,15; Luk 11,40; Kol 1,16).

Dersom gudstenesta skal kommunisere med ein større del av mennesket, må kroppen engasjerast i gudstenesta på ein annan måte enn no. Når liturgien gjev rom for fantasi, for det estetiske, og for handling og rørsle, talar han ikkje berre til forstanden og det intellektuelle, men også til bevisste og ubevisste bilete og kjensler, som meir enn det intellektuelle er avgjerande for utviklinga av trua vår. Likeeins framstår liturgien då i ein betre trinitarisk-teologisk balanse når mennesket møter Skaparen, Frelsaren og Trøystaren med heile seg.

### 3.3 Liturgien sin funksjon

Kvifor treng vi liturgi og ritual? Eitt svar er at liturgi og ritual gjev språk og hjelp både til å uttrykke trua i fellesskap og som individ, og gjev hjelp til livsmeistring. Gjennom liturgi og ritual kan vi uttrykke det vi elles ikkje har ord til å uttrykke. Dette heng saman med det som er skrive ovanfor om måten vi lærer og oppfattar verda ikring oss på. Musikk og poesi, lukt, smak og andre sanseintrykk, symbol, teiknhandlingar og rørsler kan uttrykke meir enn det som det verbale språket kan uttrykke åleine.

Liturgien plasserer også deltakarane i ein ny samanheng. Liturgien framstiller handlingane som Gud har gjort for å skape, verne og frelse menneska. Gjennom å delta i liturgien både feirar deltakarane dei frelseshandlingane som liturgien framstiller og får del i resultatata av dei. I liturgien vert desse frelseshandlingane aktualiserte. Liturgien er ein måte å feire, leve med i og tileigne seg Guds frelseshandlingar på, slik at dei vert gjeldande for oss. I liturgien går vår eigen tid og frelseshistoria si tid saman, slik at deltakarane i liturgien vert ein del av frelseshistoria. Utnem skriv at liturgien

... har som målsetting å gestalte frelseshandlingene og våre liv i romlig form og gi det et eksistensielt uttrykk. Dermed tilbys deltageren selv en mulighet til å bringes med i handlingen, slik at gudstjenesten kan nå sin tilsiktede hensikt: å føre mennesket fra fortapelse til frelse.<sup>47</sup>

Målet med gudstenesta og liturgien er ikkje å *gje eit bilete av frelseshistoria og beskrive eit møte med Gud*. Målet er å *ta deltakarane inn i frelseshistoria og vere eit møte med Gud*. Liturgien skal la møtet mellom Gud og menneske skje i ramma av eit menneskeleg fellesskap.

---

<sup>47</sup> Ibid., 57.

På denne måten kan vi seie at heile gudstenesta er forkynnande. Liturgien held fast kva kristen tru og kristent liv er. Dei siste åra har omgrepet *totalforkynning* vorte brukt for å understreke at ikkje berre det vi *seier* i andakter og preiker, men også alt vi *gjer og opplever*, verkar forkynnande.<sup>48</sup> Sjølv om ein tidlegare ikkje har brukt dette ordet på det, er det slik gudstenesta med sin liturgi har fungert gjennom alle tider, om enn med vekslende hell. Gudstenesta sin liturgi har gjenskapt frelseshistoria og gjort henne nærverande. Gudstenesta sin liturgi har teke oss som har delteke i han, inn i handlinga, slik det er sagt i ei av nattverddordningane i Gudstenesteboka frå 1991: "Saman med dei truande gjennom alle tider og med den store himmelhæren vil vi prisa ditt heilage namn. Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot ..."<sup>49</sup>

Det er også slik at liturgien formar oss og vår forståing av den kristne trua. Dette gjeld sjølv sagt dei liturgiske tekstane og dei delane av liturgien som vert gjentekne veke etter veke, men også til dømes nyformulerte bønner som kyrkjelyden sjølv har fått vere med på å utforme.

### 3.4 Gudsteneste som leik

Fleire har samanlikna liturgien med leiken.<sup>50</sup> Born lærer gjennom å leike. Leik er ein viktig del av born sitt liv. Gjennom å leike vaksne, lærer born noko om vaksenlivet, og etter kvart lærer dei å meistre meir og meir av det dei må meistre seinare i livet. Leik kan altså vere ein del av feiringa av skapings- og frelseshandlingane, til dømes inkarnasjonen. Vi finn eit eksempel på dette i salmen "Kim, alle klokker"<sup>51</sup>. Her er det ikkje berre kyrkjeklokkene som skal kime og stjernene tindre for å feire Jesu fødsel (v. 1). Også menneskeborna skal feire, med song, leik og klapping (v. 3).

Dersom vi ser på gudstenesta på denne måten, ser vi at gudstenesta lèt oss få ei ny forståing av røyndomen. Vi øver oss på å sjå det som vi elles ikkje så lett kan sjå, det som er bak det vi ser. Vi øver oss på å sjå den skjulte Gud som kjem til oss gjennom ytre, følbare element, slik Jesus Kristus kom til oss i inkarnasjonen.

<sup>48</sup> Ragnhild Halle og Geir Hegerstrøm, "Hva er forkynnelse?", i *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid* (red. R. Halle og G. Hegerstrøm; IKO; Oslo, 2000), 8-9.

<sup>49</sup> [Kyrkjerådet,] *Gudstenestebok for Den norske kyrkja I*, 290. Frå nattverdbøna i ordninga for nattverd utanom høgmesse, alt 2, versjon 1. Dette er uttrykt på liknande måte også i fleire av nattverddordningane i *Gudsteneste for Den norske kyrkja* frå 2011: "... og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lov-song. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:" (avslutning av dei ulike kyrkjeårsprefasjonane, side 2.67-2.70) og "Saman med englane og di kyrkje i himmelen og på jorda lovprisar vi ditt heilage namn (frå nattverdsbøn E, side 2.77).

<sup>50</sup> Sjø til dømes Hagen, *Gudstjenesteleken*, Utnem, *Tilbedelsens ansikt*, og Øystein, Bjørdal, "Så liflig vi leker for Herren..." Om liturgi og barn, *Halvårsskrift for praktisk teologi 2* (2002): 3-11.

<sup>51</sup> [Kirkerådet, Den norske kirke,] *Norsk salmebok*. Oslo: Verbum, 1985; nr. 57.

Utnem viser til fleire likskapar mellom born sin leik og kult eller liturgi, eller mellom leik og gudsteneste:<sup>52</sup>

- Både leik og gudsteneste har eit innvigd område eller eit eige rom, der det gjeld særlege reglar. I gudstenesta er dette rommet kyrkjerommet, der dei særlege reglane for gudsteneste gjeld.
- I leiken utgjer den som lekar og sjølve leiken ein einskap. I gudstenesta vert Guds store historie med skaping, syndefall og frelse, og våre små historier ein einskap, og vi opplever at vi samstundes er i Jesu historie den gongen og i vår eigen historie no.
- Både i born sin leik og i kulten er det ein total fridom som gjer at det umogelege vert mogeleg. Ein kan vere i fleire tider og fleire rom samstundes. I gudstenesta er vi samstundes både i vår eigen tid og i ulike delar av frelseshistoria, og vi er både på jorda og i himmelen. Sidan det umogelege her er mogeleg, kan Gud og menneske møtast.
- Både leiken og gudstenesta er eit mål i seg sjølv. Leiken sitt mål er å leike. Gudstenesta sitt mål er å vere gudsteneste, altså å leike og tilbe for Guds ansikt.

Liturgien har til dømes eit forspel (*preludium*) og eit etterspel (*postludium*) – begge uttrykt med *ludium*, som er det latinske ordet for 'spel' eller 'leik'. Såleis kan ein seia at det ikkje berre er *preludium* og *postludium* som er leik, men også handlinga som er ramma inn av desse (jf. Sal 47,7f; 57,8-10). I artikkelen "Så liflig vi leker for Herren" spør Øystein Bjørdal: "Kanskje er barns liv og leik i alvor og glede rett og slett paradigmat eller mønsteret vi leitar etter for ei meir naturleg og ekte gudsteneste?"<sup>53</sup>

Eg trur at born intuitivt aner meir av dette enn det vaksne gjer. Dette trur eg er ein av grunnane til at mange born til dømes liker å gå i prosesjon. Dei aner at samstundes som inngangsprosesjonen innleier gudstenesta, så ber han i seg noko som er større: Han er eit bilete på vandringa mot Gud og møtet med han. Leiken er samstundes noko kjekt og noko alvorleg, fordi han gjev eit autentisk uttrykk for menneskeleg samhandling og tilbeding. (Jf. kapittel 7.1.1.)

Etter dette kan vi seie at ei gudsteneste fungerer når ho lèt oss leike. Gudstenesta må, i ein strukturert leik, la oss hugse det som har skjedd, øve oss på, feire og få ein forsmak på det som skal komme, men som vi framleis ikkje kan sjå på andre måtar.

### 3.5 Liturgiteologisk perspektiv

I løpet av siste del av 1900-talet vaks *liturgisk teologi* fram som ein ny liturgisk disiplin. Liturgisk teologi er ein måte – eller eit sett med måtar – å forstå liturgien og gudstenesta. Ein

<sup>52</sup> Utnem, *Tilbedelsens ansikt*, 65-67; jf. Øystein, Bjørdal, "Så liflig", 10-11.

<sup>53</sup> Bjørdal, "Så liflig", 8.

viktig grunn til at liturgisk teologi kan gje konstruktive impulsar til spørsmålet om born og gudsteneste er at ein arbeider særleg med tilhøvet mellom gudsteneste og tru.<sup>54</sup>

I løpet av siste del av 1900-talet er det vokse fram ei ny erkjenning av at kyrkja gjennom historia har hatt ein fast grunnstruktur, heilt frå starten og til vår eigen tid. Det sentrale innhaldet i gudstenesta har heile tida vore ”Ordet og bordet”, altså skrifflering og forkynning, og nattverd. Sidan 500-talet har gudstenesta også hatt ei utbygd *samlingsdel*, og ei *utsendingsdel* der velsigninga er det sentrale. Denne grunnstrukturen vert ofte kalla gudstenesta sin ”ordo”.<sup>55</sup> Vi har denne grunnstrukturen i vår høgmesse.<sup>56</sup>

I tråd med dette er det grunnleggande perspektivet på gudstenesta i følgje liturgisk teologi at Gud møter oss. Gud møter oss og gjev oss sine gåver gjennom Ord og sakrament. Gjennom desse gåvene gjev Gud tru. I følgje professor Simon Chan er dette det sentrale innhaldet i kyrkja si ekumeniske gudstenesteforståing, som har følgd kyrkja gjennom historia.<sup>57</sup> Dette er også sentralt i vårt lutherske læregrunnlag: Artikkel fem i den Augsburgske vedkjenninga seier at Den heilage ande verkar den rettfærdiggjerende tru *ved Ordet og sakramenta som middel*, og at ”kirken er forsamlingen av de hellige, der evangeliet blir lært rent og sakramentene forvaltet rett”.<sup>58</sup>

I følgje Chan er det klårgjerande å skjelne mellom Guds handling og vår handling i gudstenesta: Når Gud handlar, så reagerer vi. Vi kan sjå på gudstenesta som kyrkja sitt – og vårt – felles svar på Guds handling. Vår reaksjon – eller vårt svar på Guds handling – er at vi tek imot det som Gud gjev, og vi kan ikkje reagere på nokon annan måte enn å takke og gje Gud ære.

Då får vi tre element eller handlingar i gudstenesta:

---

<sup>54</sup> Jan Byström og Leif Norrgård, *Mer än ord. Liturgisk teologi och praxis*. Prästmötesavhandling för Växjö stift. (Stockholm: Verbum förlag, 1996), 41.

<sup>55</sup> Merk at omgrepet ”ordo” omfattar meir enn ”gudstenesteordning”. Det bør kanskje heller forståast som ”gudstenesteforståing” enn som ”gudstenesteordning”.

<sup>56</sup> I Den norske kyrkja sine gudstenestebøker frå 1992 og 2011 finn vi ein femdelt grunnstruktur. I 2011 er dei fem delane kalla *I Samling, II Ordet, III Forbøn, IV Nattverd, og V Sending* (sjå allmenne føresegner for ordning for hovudgudsteneste, pkt. 24, side 5.6). I ekumenisk samanheng er det vanlegare å rekne med fire hovuddelar: *Samling, Ordet, Nattverd og Sending*. Dette finn vi til dømes både i Svenska kyrkans *Kyrkohandbok* frå 1986 (Stockholm: Verbum, 1986), der hovuddelane er kalla I Innledning, II Ordet, III Måltiden og IV Avslutning. I den nye handboka, som er venta i 2015, reknar ein med at omgrepa vert *Samling, Ordet, Måltiden og Sändning*. I Church of Englands *Common Worship* frå 2000 (London: Church House Publishing, 2000), der hovuddelane er kalla *The Gathering, The Liturgy of the Word, The Liturgy of the Sacrament* og *The Dismissal* (s. 167, 172, 175 og 183), og i Evangelical Lutheran Church in Americas *Evangelical Lutheran Worship* frå 2005 (Minneapolis: Augsburg Fortress, 2006), der hovuddelane er kalla *gathering, word, meal og sending* (s. 164-165).

<sup>57</sup> Simon Chan, *Liturgical Theology: The Church as Worshiping Community*, (Downers Grove, IL, InterVarsity Press, 2006), 41-61. I denne oppgåva viser eg til Chan si drøfting av innhaldet i gudstenesta og tilhøvet mellom Guds handling og vår handling i gudstenesta, men eg understrekar at forståinga av at det sentrale i gudstenesta er at Gud møter oss gjennom Ord og sakrament, er felles for liturgisk teologi.

- *Gud* møter oss og gjev oss sine gåver, slik at vi kan tru.
- *Vi* tek imot desse gåvene.
- *Vi* svarar *Gud* med å *takke og gje Gud ære*.

*Frå Guds side* er gudstenesta at *Gud* gjev oss sine gåver, som gjev oss den rettferdiggjjerande tru. *Frå vår side* er gudstenesta først og fremst at vi tek imot desse gåvene og svarar ved å gje *Gud ære og takk*.

I følgje Chan er dette den grunnleggande *hensikta* med gudstenesta. Dette må vi halde fast på, ikkje minst når vi planlegg gudstenester med eller for born. Eg meiner at gudstenesta må utformast slik at det er tydeleg *kva ei gudsteneste er* og *kva* som skjer på ei gudsteneste. Når det gjeld born og gudsteneste vert difor desse spørsmåla viktige:

- Korleis kan vi tilrettelegge gudstenesta slik at det vert tydeleg for borna at *Gud møter oss med sine gåver*?
- Korleis kan gudstenesta tilretteleggast slik at *borna får ta imot desse gåvene*?
- Og korleis kan gudstenesta tilretteleggast slik at *borna kan gje sitt svar til Gud, slik at borna kan gje Gud ære*?

### 3.6 Gudstenester med born – i spenningsfeltet mellom deltaking og forståing

Det som er skrive om korleis vi brukar heile kroppen for å lære og erfare verda ikring oss (kapittel 3.2), gjeld både born og vaksne. Likevel er born normalt endå meir avhengige av ei kroppsleg gudsteneste enn det vaksne er, sidan born sine intellektuelle evner enno ikkje er så utvikla som dei vaksne sine. Born er difor endå meir avhengige av å lære gjennom kroppen – og dermed av ei breiare tilnærming til *Gud* og den kristne trua – enn det vaksne er. På den andre sida medfører dette også at det også vil kome vaksne til gode dersom gudstenestene i større grad enn før får eit kroppsleg uttrykk.

I artikkelen ”Barn i gudstjenesten” peikar Kristin Solli Schøien på at born har ein særleg kompetanse på å ”lese handlingar”.<sup>59</sup> Difor er det at gudstenesta er fylt av handling og det at born sjølve får delta, viktigare enn at dei forstår alt:

*Barn har en evne til å lese handlinger.* Nettopp dette gjør at når vi vil forenkle gudstjenesten for å gjøre den mer ”barnevennlig”, blir den mye kjedeligere og mindre barnevennlig enn den kunne vært. Den som legger merke til barn i en gudstjeneste, vil se at det som regel ikke er liturgien som er kjedelig for dem. Det er heller ikke nødvendigvis de vanskelige ordene som gjør at de faller av. Barnet har ikke behov for å

<sup>58</sup> Brunvoll, Arve, *Den norske kirkes bekjennesskrifter: Ny oversettelse med innledning og noter*. (LOGOS – Bibliotek for misjon og teologi. Oslo: Lunde forlag, 1976, andre opplag), 47-48.

<sup>59</sup> Kristin Solli Schøien, ”Gudstjeneste er å leke himmelen på jorda”, i *Prismet* 1 (2003): 16.

forstå alt, men det vil delta. Og når gudstjenesten ikke evner å få noe til å skje som barnet kan være med i, når gudstjenesten blir forklarende og billedfattig og når handlingen stanses og fortellingen dør, da gjør barnet i gudstjenesten det samme som barnet i H.C. Andersens eventyr om Keiserens nye klær. Det sier: - Her skjer det jo ingenting! Og sannheten er vel at vi voksne ofte har kjent på akkurat det samme.<sup>60</sup>

I boka *Handbok i Liturgik* understrekar Karl-Gunnar Ellverson at det er avgjerande for born si åndelege utvikling at gudstenesta fungerer for dei:

Eftersom liturgin i sig formar och bidrar til trons och gudsrelationens utveckling, måste rimligen liturgin även ha barnen med.

Detta ställer krav på söndagsgudstjänstens utformning. Ty om barnen genom åren gång på gång i kyrkan erfar sådant som de knappt begriper, kommer detta at medföra andlig skada.<sup>61</sup>

Her ser vi ein nyanse i synet på kva som gjer ei gudsteneste veileigna for born. Medan Ellverson er oppteken av at born må "begripe" det dei opplever, verkar det som Schøien hevdar det motsette. Ho hevdar at born "les" handlingar, og at det viktige ikkje er at dei forstår alt, men at dei får delta. Eg er likevel usikker på kor ueinige dei eigentlig er. Dei er samstemte i at liturgien må ha borna med (Ellverson), og at borna må oppleve at noko skjer (Schøien).

Vi ser her kva som er hovudutfordringa i spørsmålet om born og gudsteneste: Dersom born ikkje erfarer at Gud kjem nær på gudstenestene, sviktar dei sitt viktigaste føremål, og borna vert hindra i å møte Gud ut i frå sine eigne føresetnader.

Det som særleg gjer at eg ikkje trur at Schøien og Ellverson er så ueinige når det kjem til stykket, er at Ellverson ser det å forsterke og gjere den liturgiske handlinga (det liturgiske forløpet) tydelegare, som eit viktig virkemiddel for å motvirke at born (og kanskje også vaksne) skal kjenne seg utanfor i gudstenesta. Han nemner særleg det som inneber fysisk, kroppsleg deltaking. Det andre verkemiddelet han nemner, er undervisning, både om gudstenesta som heilskap, og om dei einskilde delane av gudstenesta. Han peikar også på at det å delta i gudstenesta i seg sjølv er undervisande, og at vaksne sin måte å delta i gudstenesta på, også er formande for born sitt veksande kristenliv.

Ellverson kjem også inn på den samanhengen som vi tidlegare har funne mellom det at det er så sterkt fokus på det intellektuelle i gudstenestene våre, og det at born har hatt så liten plass ved gudstenestene:

I många protestantiska kyrkosamfund, där gudstjänsten länge haft en betoning på det undervisande och intellektuella, har barnens plats inte varit självklart. Ju mer vår med-

---

<sup>60</sup> Ibid., 16.

<sup>61</sup> Ellverson, *Liturgik*, 28.

vetenhet och glädje i det liturgiska firandet utvecklas och det kroppsliga upplevs som en självklar del i vår högmässa, desto naturligare blir det att barnen deltar tillsammans med de vuxna. Ju mer vi upptäcker att mässan innebär att vi firar och har del i Kristusmysteriet, att ordet och måltiden låter Guds handlande möta vårt liv, desto orimligare blir det att detta undanhålls barnen.<sup>62</sup>

Gudstenester med born må gje næring til fantasien og gje rom for å gjere kroppslige erfaringar. Dette vil seie at det må vere rom for handling og rørsle. Born må få bruke kroppen under gudstenesta. Det må vere rom for å bruke sansane. Det er også viktig at barnet opplever seg som del av fellesskapen på gudstenesta.

Karin Brunvathne Bjerkestrand har fleire interessante synspunkt på korleis gudstenester med born må vere: Ho viser at born treng gudstenester med både det som er kjent og det som er ukjent. Gudstenesta får sitt liv og sin nerve nettopp i denne spenninga. Ho understrekar også at vi må ta gudstenesta på alvor og bevare heilskapen i gudstenesta dersom vi vil ta born på alvor. Born må få "ei skikkeleg gudsteneste", ikkje "den pratende pedagogikken som forklarar og snakker i hel innholdet."<sup>63</sup> Born si deltaking i gudstenesta skal vere med på å forsterke og bære gudstenesta og liturgien og gjere han rikare. Deira deltaking må ikkje få karakter av berre å vere "innslag" eller lausrivne "nummer". (Dette kjem eg tilbake til i kapittel 4.6) Gudstenesta har, som andre menneskelege spel og leikar, eit sett av reglar eller eit mønster å gå ut i frå. Som ritual har gudstenesta difor ei ramme som er føreseieleg. Av den grunn er det òg plass til det uføreseielege og overraskande. Eit barn lærer seg fort denne strukturen i gudstenesta, og på grunn av det føreseielege skapar denne strukturen rom for trygg (og spontan) leik.

### 3.7 Gudstenesta som trusopplæring og praktisert tru

Trusopplæringa må både ha eit *læreinnhald* og ein *erfaringsdimensjon*. Det er ikkje tilstrekkeleg med ei trusopplæring der born lærer *om* bøn, *om* bibellesing, *om* gudsteneste. For trua er ikkje først og fremst det å *vite om* men å delta i og praktisera bøn, bibellesing og gudsteneste. Tru er praktisk og handlingsretta. Å tru er å *leve i tru*. Å tru på Gud er å *leve med Gud*. Oddbjørn Evenshaug seier det slik: "Vi blir kjent med Jesus ved å høre om ham, men

---

<sup>62</sup> Ibid., 26.

<sup>63</sup> Bjerkestrand, "Barnet i gudstjenesten", 54. Karin Brunvathne Bjerkestrand, "Barn som deltakere i gudstjenesten", i *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid* (red. R. Halle og G. Hegerstrøm; IKO; Oslo, 2000), 102-103. Den siste artikkelen gjev eksempel på korleis ulike former for dramatisering kan brukast både til førebuing av gudstenester og i gudstenester med born.

først og fremst ved å leve sammen med ham.”<sup>64</sup> Samtidig er læreinnhaldet viktig. Trua har eit innhald. Det er ikkje likegyldig *kva* vi trur på.

På same måten er gudstenesta både *praktisert tru* og *trusopplæring*. Vi praktiserer trua og gjer trua sine handlingar på gudstenesta: Vi *kjem saman* for å møte Gud. Vi *ber*, vi *les* og *lyttar* til Guds ord, vi *praktiserer* dåp og nattverd. Vi *gir* vårt takkoffer. Slik *uttrykker* vi vår takk til Gud. Vi *tek imot* Guds velsigning. Gjennom heile gudstenesta *praktiserer* vi trua.

Samtidig har gudstenesta tydelege *trusopplæringselement*. Gudstenesta er trusopplæring fordi vi her møter andre menneske som praktiserer si tru og slik gjer trua sine handlingar. Slik visar gudstenesta *kva* det er å tru, *kva* truande gjer når dei trur. Denne sida ved gudstenesta er ikkje minst viktig når gudstenesta har tydeleg ”misjonskarakter”, altså når målgruppa også er menneske som ikkje elles så ofte deltek ved gudstenestene. Dette kan vere dåps- og konfirmantforeldre, konfirmantar, born og foreldre som kjem til utdeling av fireårsbok, seksårsbok, bibel eller nytestamente.

Det er trusopplæring i lesing frå Bibelen, i forkynninga og i heile den røyndomen som vi kjem i kontakt med på gudstenesta. Også sakramenta, dåp og nattverd, har ei tydeleg trusopplæringsside. Den augsburgske vedkjenninga seier at sakramenta også er ”tegn og vitnesbyrd om Guds vilje mot oss”. Dei er gjevne ”for å vekke og styrke troen hos dem som bruker dem”.<sup>65</sup> Sakramenta er altså i seg sjølve både trusopplæring, fordi dei skal vekke og styrkje trua, og uttrykk for praktisert tru, og samstundes Guds gåver som trua knytter seg til.

Det er denne kombinasjonen av trusopplæring og praktisert tru, som vi finn både i sakramenta og i gudstenesta som heilskap, som er gudstenesta sitt store fortrinn i trusopplæringa. Gudstenesta *er* etter sin intensjon slik som trusopplæringa må vere. Då er det svært viktig at gudstenesta også i praksis *fungerer slik* at born både kan lære om tru og praktisere og gje uttrykk for si tru på gudstenestene. Vi som har ansvar for planlegging og gjennomføring av gudstenester, må legge til rette for at dei i praksis både kan fungere som trusopplæring og som ein arena der born får praktisere og gje uttrykk for si tru.<sup>66</sup>

### 3.8 Oppsummering av kapittel 3

I dette kapitlet har vi sett at gudstenesta i oldkyrkja var sett på som kyrkjelyden si felles handling. Ulike grupper var aktive og hadde kvar sine oppgåver under gudstenesta. Dette vart

<sup>64</sup> Oddbjørn Evenshaug i tale på Trusopplæringskonferansen på Lillestrøm, 22. oktober 2008.

<sup>65</sup> *Den augsburgske vedkjenninga*, artikkel 13, Brunvoll, *Bekjennesskrifter*, 51. Strandenæs, ”Barn og gudstjeneste”, 5.

<sup>66</sup> Strandenæs, ”Barn og gudstjeneste”, 5.

gradvis endra. Kyrkjelyden vart meir og meir passivisert. Gudstenesta har også gått gjennom ei intellektualisering som har ført til at det har vorte meir og meir ”for hovudet og tanken”, medan handling og rørsle, følelsar og symbolikk har fått mindre plass. I vår tid har ein meir og meir gjenoppdaga gudstenesteideala frå kyrkja si første tid.

Både born og vaksne vil ha glede av at liturgien i større grad gjev rom for fantasi, for det estetiske, for handling og rørsle, symbolbruk og teiknhandlingar. Men fordi born sine intellektuelle evner enno ikkje er så utvikla som dei er hos vaksne, har det større konsekvensar for born dersom liturgien ikkje har med desse elementa. Born er avhengige av at heile kroppen vert engasjert i gudstenesta.

Heile liturgien forkynner. Liturgien framstiller handlingane som Gud har gjort for å skape, verne og frelse menneska. Gjennom å delta i liturgien feirar vi dei frelseshandlingane som liturgien framstiller, og vi får del i resultatata av dei. Liturgien er ein måte å leve med i og tileigne seg Guds frelseshandlingar på, slik at dei vert gjeldande for oss.

Liturgien har fleire likskapstrekk med leiken. Liturgien må ha noko av leiken i seg. Eg trur at born intuitivt aner meir av dette enn det vaksne gjer. Kanskje er barns liv og leik i alvor og glede mønsteret vi leitar etter for ei meir naturleg og ekte gudsteneste?

Det sentrale i gudstenesta er at Gud møter oss med sine gåver. Gjennom dette gjev Gud oss tru. Vi svarar Gud ved å ta imot desse gåvene og gje Gud ære.

Det å forsterke og gjere den liturgiske handlinga (det liturgiske forløpet) tydelegare særleg gjennom det som inneber fysisk, kroppsleg deltaking, er eit godt verkemiddel for å hindre at born (og kanskje også vaksne) vil kjenne seg utanfor i gudstenesta.

Gudstenesta er både trusopplæring og ein arena for å praktisere si tru. Det er denne kombinasjonen som er gudstenesta sitt store fortrinn i trusopplæringa: I teorien er gudstenesta slik som trusopplæringa må vere. Då er det svært viktig at gudstenesta også i praksis *fungerer slik* at born både kan lære om tru og praktisere og gje uttrykk for si tru på gudstenestene.

## Kapittel 4

### KORLEIS ER EI GOD GUDSTENESTE FOR BORN?

I dette kapitlet vil eg, med basis i det som er kome fram i kapittel 2 og 3, drøfte korleis gudstenestene i større grad enn no, kan vere gode gudstenester for born, og korleis vi kan arbeide for gudstenester som tek born si tru på alvor. Eg startar med å understreke at born sin eigen gudsdimensjon og trusutvikling må stå i sentrum (4.1). Deretter ser eg på uttrykkssida (4.2) og innhaldssida (4.3) i gudstenesta og korleis kyrkjerommet og kyrkjeåret kan vere ressursar i gudstenesta (4.4). Til slutt drøftar eg samanhengen mellom gjentakning og variasjon (4.5) og korleis born kan medverke ved gudstenesta (4.6).

#### 4.1 Born sin eigen gudsrelasjon og trusutvikling må stå i sentrum

Born sin eigen gudsrelasjon må vere utgangspunkt for arbeidet med born og gudsteneste. Dette er kanskje så langt den viktigaste lærdomen frå arbeidet med barneteologi. Born som deltek ved gudstenester, må få vere der for sin eigen skuld og ut frå sine egne føresetnader. Born som deltek ved gudstenester, må kunne vekse i tru og få næring for trua der. Dette gjeld både når dei har særlege oppgåver, og når dei er gudstenestedeltakar på lik line med andre. Born må også få høve til å gje sitt bidrag til fellesskapen, på lik line med andre.

Vi er i dag opptekne av at den kristne trua er *praksis og liv med Gud*, og ikkje berre *teori og kunnskap om Gud*. Men dette har – i alle fall inntil dei siste åra – berre i liten grad slått gjennom i kyrkja sitt møte med born. Eg trur det er rett når Dagny Kaul, som eg allereie i kapittel 2.1 har gjort greie for, seier at dei fleste born manglar symbol og ritual for å vende seg til Gud, og at dei difor veks opp kultus- og religionslause. Kaul har òg peikt på at skulen i dag presenterer den kristne trua gjennom rasjonell, kritisk undervisning om kristendom. Dette fører til at born lærer *om* Gud, men ikkje korleis dei skal vende seg *til* Gud, korleis dei skal *møte* Gud og korleis det er å møte Gud. På denne måten får born eit einseitig teoretisk og usant bilete av Gud og den kristne trua.

Også i kyrkja har det lenge vore vanleg å legge større vekt på trua som tilslutning til dogmatiske læresetningar enn som å leve med Gud eller å ta imot livet og alt vi har, som gåver frå Gud. Dermed har også kyrkja si eigen dåps- eller trusopplæring stått i fare for å

falle i den same grøfta som skulen si kristendomsundervisning. Dette har vi også sett i trusopplæringa i Spjelkavik.<sup>67</sup>

Gudstenesta *kan* fungere som ei motvekt mot ei slik ein-sidedig, teoretisk tilnærming til Gud. For i gudstenesta *praktiserer* kyrkjelyden si tru. Kyrkjelyden møter Gud i bøn og lovprising, synds- og truedkjennning, gjennom å lytte til Guds ord og gje sitt takkoffer, og ikkje minst gjennom dåp og nattverd. Dersom born skal utvikle ei sunn og livskraftig kristen tru, er det avgjerande at dei får slike heilskaplege *erfaringar*. Dersom gudstenesta lèt dei få oppleve dette, erfarer dei sjølv at den kristne trua er liv med Gud, og ikkje berre teori og kunnskap om Gud. Men skal gudstenestene fungere slik for born, må gudstenestene ta born og born sine behov på alvor. I resten av dette kapitlet vil eg prøve å seie noko om *korleis* eg trur dette kan skje.

## 4.2 ”Uttrykket” i gudstenesta

### 4.2.1 Gudstenesta må vere kroppsleg og fylt av handling

Vi har sett at born lærer gjennom handling. Dei lærer ved *å gjere* – meir enn ved *å høyre*. Born lærer gjennom å gjere erfaringar med kroppen, og først når dei vert eldre, vil dei kanskje lære å uttrykke med ord det som kroppen allereie veit. Born lærer også Gud å kjenne på denne måten, gjennom handling og gjennom å erfare med kroppen. Difor er dei erfaringane som born gjer med kroppen, viktige for deira religiøse liv, og kroppen er eit naudsynt instrument for at born skal lære Gud å kjenne.

Dette må vi ta omsyn til i gudstenester med born. Difor må gudstenestene gje rom for handling. Vi treng ei meir kroppsleg gudsteneste, altså ei gudsteneste med meir aktivitet og rørsle. Dette er eigentleg gamalt nytt. Allment vert det ofte uttrykt slik:

- Det eg høyrer, gløymer eg
- Det eg ser, hugsar eg
- Det eg gjer, lærer eg

---

<sup>67</sup> Trond Skard Dokka, ”Trosopplæringens sakramentale forankring”, i *Barneteologi og kirkens ritualer: Perspektiver på trosopplæring, barn og konfirmanter* (red. E. T. Johnsen; Det praktisk-teologiske seminar; Oslo, 2007), 43-54. Vi har erfart noko av dette i Spjelkavik kyrkjelyd når vi dei siste åra har invitert born og foreldre til dåpsopplæringstiltak der vi har prøvd å knyte saman undervisningssamvær på kvardagar og gudstenester på søndag. Ein betydeleg del av deltakarane som har vore med på undervisningssamvær på kvardagane, har så langt ikkje kome att til gudsteneste på søndag, sjølv om tiltaket er presentert som ein heilskap. Det er vanskeleg å seie kva som kjem av vår måte å presentere tiltaka på, og kva som kjem av foreldre og born si eigen forståing av kva dåps- og trusopplæring er, men erfaringa så langt viser at det har vore lettare å samle born og unge til undervisningssamvær på kvardagar enn til gudstenester på søndag. Vi ser altså også hos foreldra ein tendens til å sjå på trusopplæringa som rein kognitiv kunnskapsformidling og ikkje som heilskapeleg dåpsundervisning.

Men sjølv om dette lenge har vore kjent, har det så langt berre i liten grad fått konsekvensar for gudstenestearbeidet vårt.

Rørsle og handling er ikkje framandelement i gudstenesta. Elizabeth J. Sandell peikar på at Bibelen omtalar gudstenesta med fysiske omgrep som å stå, knele, løfte hendene, løfte hovudet, klappe i hendene, danse, legge seg ned og bære sekk og oske. Ho spør om ikkje nettopp rørsle og handling er noko av det born kan bidra med til kyrkjelyden si felles gudsteneste.<sup>68</sup> Og eksemplet med prosesjonar og offertoriet frå 3-400-talet viser at rørsle og aktivitet var ein viktig del av gudstenesta i dei første hundreåra av kyrkja sitt liv. (Jf. kapittel 3.1)

Ingunn Hagen, tidligare døveprest, har arbeidd mykje med rørsle og felles handling i gudstenesta. Ho seier: ”Jeg ønsker å gjeninnføre noe av holdningen fra den første kirken da gudstjenesten var en fellehandling. De som kom til gudstjeneste tok del i en enkel, levende ritus. Alle lærte sine ’trinn’ og gudstjenesten var noe alle deltok aktivt i.”<sup>69</sup>

Når vi forstår kristen tru og kristent liv meir som handling og liv *med* Gud enn som teori og kunnskap *om* Gud, er det også eit anna moment som vert tydeleg: Ved å gjere dei handlingane som vi gjer når vi er samla til gudstenesta, gjev vi uttrykk for vår tru. Handlingane er *trusuttrykk*. Å tru er altså mellom anna å be til Gud, å lovprise Gud, å klage si nød til Gud. Det er å høyre Guds ord og prøve å leve og gjere etter det. Det er å verte døypt og late borna verte døypte, det er å delta ved nattverden. Ved å gjere dette, trur vi.<sup>70</sup> Og ved å gjere det, lærer vi det. For eksempel lærer vi om bøn ved å be, meir enn ved å høyre om bøn.

#### 4.2.2 *Symbol og teiknhandlingar, sansar og opplevingar*

Ulike sanseintrykk og handlingar som vi tek del i eller ser på, gjev oss opplevingar. Difor er det som er sagt ovanfor, om at gudstenesta må vere kroppsleg og fylt av handling, nært knytt saman med synet på symbolbruk, teiknhandlingar, andre sanseintrykk og opplevingar i gudstenesta. Symbolbruk, teiknhandlingar og andre sanseintrykk og opplevingar vil gjere opplevinga av gudstenesta rikare, slik at ein gjennom gudstenesta får eit rikare og djupare møte med Gud.<sup>71</sup>

<sup>68</sup> Elizabeth J. Sandell, *Including children in worship: a planning guide for congregations* (Minneapolis: Augsburg Publishing House, 1991), 9.

<sup>69</sup> Hagen, *Gudstjenestelegen*, 26.

<sup>70</sup> Det må sjølvstøtt seiest meir enn dette om kva det er å tru, men eg vil hevde at dette er *ei* av dei sentrale sidene ved trua.

<sup>71</sup> Dette er mellom anna drøfta i handboka til ”Ung Messe”. Kristin Solli Schøien, *Ung messe. Håndbok med melodihefte for menigheten* (Oslo: Verbum, 1997), 24-27.

Dette er sider ved gudstenesta som gjennom mange år kom meir og meir i bakgrunnen i vår tradisjon, medan det intellektuelle, med vekt på det kognitive, vart meir og meir einerådande. I vår tid er symbolbruk, sanseintrykk og opplevingar igjen på veg inn i gudstenestene. Breiare deltaking, til dømes i prosesjonar, dramatiseringar og ministrantteneste har fleire stader gjort sitt til at gudstenestelivet har vorte endra og gudstenesteopplevinga har vorte rikare.

I tillegg til dette som gjeld dei einskilde delane av liturgien, kan også liturgien som heilskap forståast som ei symbolsk framstilling av frelseshistoria.<sup>72</sup> Og gudstenesta som heilskap kan forståast som eit symbol på, og mønster for det kristne livet. Per-Olof Sjögren si framstilling av høgmessa som ”den bortkomne sonen sin liturgi” er eit døme på dette. Her vert gudstenesta forstått som eit bilete på vår veg tilbake til Gud, samtalen med Gud og festen og gleda hos Gud, på bakgrunn av Jesu likning om den bortkomne sonen (Luk 15,11-34).<sup>73</sup>

Forstår vi gudstenesta på denne måten, vert ikkje berre dei einskilde ledda og handlingane, men også gudstenesta og liturgien som heilskap ein viktig ressurs for å presentere den kristne trua og gjere henne synleg og forstått. Difor vil alt som kan gjere symbolikken, handlingane og samanhengen i liturgien tydelegare og sterkare, vere med på styrke gudstenesta og gjere henne meir funksjonell. På same måten vil alt som kan gjere det lettare å delta og forstå seg sjølv som ein del av fellesskapen som møter Gud i gudstenesta, styrke gudstenesta og gjere gudstenesteopplevinga rikare.

Eg er difor einig med Karl-Gunnar Ellverson når han peiker på kor viktig det er, både å forsterke og tydeleggjere den liturgiske handlinga og å undervise om innhaldet i gudstenesta. For born vil også det å sjå korleis vi vaksne feirar gudsteneste, vere undervisande. Anten vi er aktive deltakarar eller passive tilhøyrarar og tilskodarar, vil dette vere eit vitnesbyrd som fungerer undervisande og formande for born sitt kristne liv.

#### 4.2.3 *Antistrukturelle element i gudstenesta*

Ei gudsteneste kan definerast som ei heilag handling som uttrykker kyrkja si lære, arv og tradisjon. Denne definisjonen seier noko om det djupe innhaldet i gudstenesta. Men ei gudsteneste har også ei annan side. Gudstenesta er liv, leik og relasjon. Difor treng gudstenesta også menneskeleg varme og nærleik.

---

<sup>72</sup> Dette er mellom anna utnytta i Erik A. Nielsen, *Den skjulte gudstjeneste: En fantasi* (København: Amadeus, 1987), 38-53. Nielsen refererer også fleire andre symbolske måtar å forstå gudstenesta på.

<sup>73</sup> Per-Olof Sjögren, *Høymessen: den fortapte sønns liturgi* (Arkenserien 3; Oslo: Arken, 1978).

Den svenske liturgikaren Martin Modéus ser på gudstenesta ut frå motsetningane *struktur* og *antistruktur*.<sup>74</sup> Han seier at samfunnet må ha struktur for at samlivet mellom menneske skal vere til å halde ut: Ein må ha etikette, roller, reglar og strukturar for at samfunnet skal fungere. Men dersom det *berre* er reglar og struktur, vert samfunnet umenneskeleg. For at samfunnet skal vere godt å leve i, trengst det noko som "motseier strukturen", ikkje slik at strukturen eller samfunnet vert øydelagt, men "slik at det vert ein sprekk i skalet", slik at lyset kan kome inn.<sup>75</sup>

Modéus peikar på at det i den tradisjonelle høgmesse nesten berre er struktur. Difor kan gudstenesta ofte kjennest stiv, upersonleg og utan menneskeleg varme. Det trengst anti-strukturelle element, for at strukturen kan få liv. Slike antistrukturelle element kan til dømes vere det å trekke på smilebandet eller ha eit glimt i auga, slik at ein kan senke skuldrene.

Modéus nemner to eksempel på at antistrukturelle element kan løyse opp den stive strukturen på ei vanleg høgmesse: Når eit barn går gjennom rommet, og når presten gjer feil eller ler av seg sjølv. Modéus hevdar at born vil vere med på å løyse opp den stivheita som den overdrivne strukturen gjev gudstenesta:

Barnen är antistruktur i sig. ... *Om barnen fick mer utrymme i gudstjänsten skulle stelheten [stivheten] utmanas.* När barnen får plats inom liturgin ger liturgin ett mer avslappnat intryck. Att barn "stör" handlar inte om at barn inte passar i gudstjänsten, utan om at vi inte släppt in barnen i liturgin.<sup>76</sup>

Bevisst bruk av antistrukturelle element kan skape liv og glede, og slik gjere liturgien meir menneskeleg. Men antistrukturen må ikkje bryte strukturen ned, slik at det vert kaos. Det er heller ikkje slik at mindre struktur på ei gudsteneste *nødvendigvis* vil føre til at gudstenesta vert meir "nær". Gudstenesta kan også verte rotete eller banal. Difor nyttar det ikkje berre å fjerne dei strukturelle elementa. Nøkkelen er å skape *balanse* mellom struktur og antistruktur. Klarar vi det, "är antistrukturen sannolikt ett av de viktigaste medlen för att öppna gudstjänsten för liv och glädje. Antistrukturen fyller dock sitt syfte bäst när den får spänna mot en struktur."<sup>77</sup> Med andre ord: når ein følgjer ei ordning i gudstenestene, er det for å gje føreseielege rammer for feiringa, men sjølve feiringa kan innehalde rikeleg med variasjon og overraskande element.

<sup>74</sup> Martin Modéus, *Mänsklig gudstjänst: Om gudstjänsten som relation och rit*. Prästmötesavhandling till Stockholms stifts prästmöte 2005 (Stockholm: Verbum, 2008), 337-343, 351-356.

<sup>75</sup> Ibid., 337. Modéus viser til Leonard Cohen sin song "Anthem": "There is a crack in everything. That's how the light gets in."

<sup>76</sup> Modéus, *Gudstjänst*, 339.

<sup>77</sup> Ibid., 344.

Når det gjeld born og gudsteneste, er det altså i alle fall to sider ved denne saka: Det at born deltek og er synlege på gudstenesta, skaper liv og ein antistruktur som er viktig for gudstenesta. Samtidig er antistrukturelle element viktige for at born skal kjenne seg heime i gudstenesta. Det må vere så mykje antistruktur at borna ikkje ”vert kvelt av strukturen”, samstundes som ein føreseieleg struktur gjer sitt til å skape tryggleik for borna i feiringa av gudstenesta – gudstenesteleiken.

### 4.3 ”Innhaldet” i gudstenesta

#### 4.3.1 *Gudstenesta må vere relevant og livsnær*

Gud er ikkje ein fjern gud som ikkje har interesse for oss og livet vårt. Hovudsaka i inkarnasjonsmysteriet er at den uendeleg store Gud i Jesus Kristus kom oss menneske nær og vart ein av oss. Også forståinga av Gud som vår gode far, understrekar det same: At Gud vil vere nær oss, og at Gud bryr seg om oss og vil ha med livet vårt å gjere.

Det er slik born må få møte Gud på gudstenesta. Det verkelege livet – med både gleder og sorger, voner og suter – må vere synleg og høyrleg på gudstenesta. Og gudstenesta må gje hjelp til å leve og til å knyte trua på Gud og kvardagslivet saman. Gudstenesta må altså vere relevant og livsnær. Då gjeld gudstenesta oss, og gudstenesta får konsekvensar for livet utanfor kyrkjerommet.

Gudstenesta skal gje eit sant bilete av oss og av livet vi lever. Difor må ikkje berre dei lyse sidene av livet, men også det som er vanskeleg og vondt, få plass i gudstenesta. Dette vil vise at vi også kan ta med oss det som er tungt og smertefullt når vi møter Gud, og at Gud bryr seg om det. Dersom gudstenesta ikkje gjev eit sant bilete av livet, vert det skapt eit inntrykk av at vi må gjere oss annleis enn vi verkeleg er, for å møte Gud. Og det vert skapt eit bilete av at Gud ikkje også er Gud for den som har det vanskeleg og som strevar med livet.

Likeeins er det viktig at born opplever at vi som gjer teneste ved gudstenesta, er dei same personane i og utanfor gudstenesta.

Lat meg ta med eit eksempel: På Mikkelsmesskonferansen i 2004, der temaet var *gudsteneste som trusopplæring*, introduserte kantor Trond Dahlen nokre nye vers på songen ”Vær meg nær, o Gud” (Norsk Salmebok nr 389):

I mitt arbeid, Gud, vær meg nær ...  
I konflikter, Gud, vær oss nær ...  
I trafikken ...

Når jeg spiser ...  
Når jeg sover ...<sup>78</sup>

Då vi song desse enkle versa, kjende eg at det gjekk kaldt nedover ryggen. Eg opplevde at *dette* hadde med livet mitt å gjere. Det var relevant og livsnært. Det er den same erfaringa born må kunne gjere når dei er gudstenestedeltakarar, slik at det vert spent ei bru mellom gudsteneste og kvardag.

Det er interessant å sjå korleis dette poenget vart teke inn i dokumenta som førebudde trusopplæringsreforma. Her vart det understreka at trusopplæringa skulle gje born og unge "livshjelp og støtte til å tolke og meistre tilværet og sitt eige liv i lyset av evangeliet",<sup>79</sup> og at "barn og unge skal få stimulert si evne til å forstå tilværet i lys av gåva dei fekk i dåpen, og dermed deira evne til å tolke, meistre og leve sitt liv."<sup>80</sup>

Det same kan seiast om gudstenesta. Gjev ho livshjelp på denne måten, er ho relevant og livsnær. Born må kunne kjenne igjen meir av sitt eige liv i gudstenesta. Det er viktig at det vert sunge songar og salmar som born kan, og som dei kjenner seg igjen i. Bønene må ha med motiv som er aktuelle for born, og born må kunne kjenne igjen problemstillingar og eksempel i forkynninga.

#### 4.3.2 Forenkle eller tilpasse?

Korleis bør gudstenester tilretteleggast for born? I dette kapitlet vil eg drøfte om *forenkling* er den rette strategien for å tilrettelegge gudstenester for born.

Ut frå det som tidlegare er skrive, meiner eg at gudstenester for born ikkje bør forenklast, dersom dette medfører at viktige deler av gudstenesta vert fjerna.

Eg har tidlegare peikt på at dei forenklingane som skjedde då dei liturgiske sidene ved høgmessa vart nedtona på 1700-talet, ikkje gjorde gudstenesta *meir*, men heller *mindre* eigna for born. (Jf. kapittel 1.1 og 3.1) Det som då forsvann, var nettopp mange av dei elementa som inneheldt handling og som gjorde bruk av det fysiske kyrkjerommet, det som involverte sansar og opplevingar, symbol og teiknhandlingar. Slike element er viktige for å skape den "sakramentale røyndomen" som det er så viktig at born får erfare.

---

<sup>78</sup> Trond Dahlen i samtale på Mikkelsmesskonferansen "Gudstjeneste som trosopplæring", 24. – 26. september 2004, Liturgisk senter, Trondheim.

<sup>79</sup> Kirke- utdannings- og forskningsdepartementet, "... til et åpent liv i tro og tillit." *Dåpsopplæring i Den norske kirke*, NOU 2000: 26, 50.

<sup>80</sup> Kultur- og kyrkjedepartementet, *Trusopplæring i ei ny tid: Om reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja*, St. meld. nr. 7 (2002-2003), 17.

Det er heilskapen i gudstenesta, der born vert tekne på alvor som truande menneske, der dei både kan vere aktive deltakarar og mottakarar, der det både er ting dei forstår, og ting dei ikkje forstår, som kan gje dei del i ein røyndom som er større enn dei sjølv. Ei slik gudsteneste vil vere ein uvurderleg reiskap i trusopplæringa.

Gudstenestene må tilretteleggast for born. Men dette må ikkje skje ved at viktige element vert fjerna frå gudstenesta. Derimot må fleire av gudstenesteledda tilpassast og tilretteleggast, slik at born kan ha utbytte av å delta i dei og erfare møte med Gud og at dei høyrer til i fellesskapen.

Eg vil vise korleis dette synspunktet får praktiske konsekvensar ved hjelp av to eksempel:

#### 4.3.3 Eksempel 1: *Familiegudstenesta og familiemessa*

På 1980- og 1990 talet fekk Den norske kyrkja to ordningar for familiegudsteneste: Ordninga for familiegudsteneste kom i 1982 og prøveordninga for familiemessa i 2003. Ordninga for familiegudsteneste er ei enkel ordning med hovuddelane *bøn og lovsong, forkynning og vedkjenning, forbøn i gudstenesta, og signing til teneste*.<sup>81</sup>

Ordninga for *familiemesse* fekk ei lang forhistorie før ho vart vedteken som forsøksordning i 1998 og utgjeven i 2003. Bakgrunnen for at ordninga vart utarbeidd, var at Kyrkjemøtet i 1993 vedtok at det ikkje lenger skulle vere ei fast aldersgrense for når born kunne ta imot nattverden. Då dette vart vedteke, bad Kyrkjemøtet også om at det vart utarbeidd eit framlegg til gudstenesteordning med ein nattverddel som var tilpassa born.<sup>82</sup>

Prøveordninga for *familiemesse* er sentrert rundt dei tre nådemidla, dåpen, ordet og nattverden. Kvar av dei har sin eigen "stad" i kyrkjerommet: Staden for dåpen og/eller dåpspåminninga er ved døypefonten, staden for skriftlesinga og preika er ved lesepulten og/eller preikestolen, og staden for nattverden er ved altaret. Forbøna kan leiast anten frå lesepulten eller frå altaret. Denne "vandringa", der vi bruker ulike delar av kyrkjerommet til ulike delar av gudstenesta, er ikkje vanleg i Noreg.<sup>83</sup> Vi har tidlegare sjølv sagt brukt døypefonten ved dåpen og lesepulten og preikestolen til skriftlesing og preike, men elles har altaret oftast vore

<sup>81</sup> [Kyrkjerådet,] *Gudstenestebok for Den norske kyrkja I*, 135-147.

<sup>82</sup> Kirkemøtet [Den norske kirke], Protokoll sak 12/93. Kirkerådet [Den norske kirke], "Rundskriv 4-2003, Familiemesse: Om ordningen Familiemesse" (Oslo: Kirkerådet, 2003).

<sup>83</sup> Men ulike "vandringsgudstenester" har vore brukte mellom anna mellom ungdom. "Korsveggudstenester", der ein stansar ved dei 14 stasjonane på Jesu lidingsveg mot Golgata, toasmessa og andre gudstenester der ein beveger seg rundt i kyrkjerommet under forbøna, er andre eksempel. Men desse gudstenesteformene (kanskje med unnatak av ei og anna toasmesse?) vert ikkje brukte som kyrkjelyden sine hovudgudstenester.

staden ein har leidd heile gudstenesta frå. Denne praksisen kan problematiserast. Altaret bør først og fremst vere staden for nattverdfeiringa, medan kordøra, lesepulten eller gudstenesteleiareren sin stol i koret er betre stader å leie dei andre delane av gudstenesta frå.<sup>84</sup>

Dåpen har ein sentral plass i familiemessa: Anten det er dåp i gudstenesta eller ikkje, er det *dåpspåminning* i starten av gudstenesta.<sup>85</sup> I innleiinga til dåpspåminninga vert vi minte om at vi har fått nytt liv i dåpen, at vi er Guds born og merkte med krossteiknet. Vi seier at vi no kjem fram for Gud med vår takk og vår song. Her er også ei enkel syndsvedkjening, og dåpen vert knytt saman med Jesu oppstode frå dei døde. Både i dåpspåminninga og i kollektbøna vert regnbogen, teiknet som Noah fekk av Gud etter vassflaumen (1. Mosebok 9,8-17), brukt som teikn på at Gud frelsar oss i dåpen.

Både i dåpspåminninga og i kollektbøna finn vi altså sentrale teologiske moment som understrekar den sentrale plassen som dåpen har i livet til den kristne. Dåpen og nattverden vert knytte saman i nattverdbøna: ”Vi takkar deg for dåpen, der du gjer oss til dine born, og for nattverden, der du samlar oss som din familie.”

Fellesskapsdimensjonen står sentralt, vi får hjelp til å sjå oss som ein del av fellesskapen. Dette siste vert også understreka av at fredshelsinga (PAX) høyrer med til ordninga.<sup>86</sup>

Det er ein føresetnad at born eller unge medverkar i familiemessa. Dette er avgjerande for at familiemessa skal fungere slik ho er tenkt. I punkt 3 av rettleiinga står det: ”Noko av særpreget ved ordninga Familiemesse ligg i at born og unge er medverkande som *medhjelparar* eller *ministrantar (Min)*. Det er ønskjeleg at minst tre born/unge i alderen 10-15 år medverkar.”<sup>87</sup>

Lat meg også nemne at offertoriet, med frambering av nattverdelementa, kom med i denne ordninga, sjølv om det i den vedtekne prøveordninga fekk ei uvant utforming. Til skilnad frå tidlegare versjonar av ordninga, vert no takkofferet (pengane som er samla inn) og nattverdelementa borne fram og bede for kvar for seg. Grunnen til dette skal vere at ein var redd for at born ikkje skulle skjøne skilnaden mellom pengane som vi gjev som takkoffer og nattverdelementa, eller at dei skulle mistyde dette i retning av at takkofferet er ei form for

<sup>84</sup> I Spjelkavik kyrkje har vi i fleire år leidd den første delen av morgonmessa frå presten sin stol i koret, og først gått for altaret til offertoriet og nattverden. Tilsvarande leier vi første del av fastegudstenesta frå lesepulten, men vi har så langt ikkje innført denne praksisen ved høgmissa.

<sup>85</sup> Det bør alltid vere dåpspåminning i familiemessa. Rubrikken seier at det *skal* vere dåpspåminning når det ikkje er dåp. Når det er dåp, står det at det *kan* vere dåpspåminning.

<sup>86</sup> Eg har ikkje sett nokon grunngeving for at PAX i familiemessa har fått ein annan plassering enn det som elles har vore vanleg (sjå nattverd utanom høgmissa, alt 2, versjon 1 og 2 i *Gudstenestebok [1992]*, 296, 306). Dette skapar forvirring og er ikkje nokon god løysing. Dette vert endra i den nye høgmesseordninga, der den grunnleggande strukturen vil verte den same i alle dei ulike nattverdordningane.

<sup>87</sup> [Kirkerådet, Den norske kirke], *Familiemesse* (Oslo: Verbum, 2003), 21.

betaling for nattverden. Slik eg ser det, er dette ein noko søkt tankekonstruksjon, ikkje minst sidan det tradisjonelt har vore eit viktig poeng nettopp at det er noko av det vi ber fram som vårt takkoffer, som vert brukt som brød og vin i nattverden.

Samanfattande kan vi seie at sakramenta dåp og nattverd er nært samanknytte og har ein sentral plass i ordninga. Dåpen vert sett som inngangen til kristenlivet og som kriteriet for å delta ved nattverden. Ordninga for familiemessa har med mange av dei elementa som vi elles har sakna i gudstenestene våre: Fellesskapsdimensjonen står sterkare, kyrkjerommet vert brukt meir aktivt, og born og unge er medarbeidarar ved gudstenesta.

Det er stor skilnad på denne prøveordninga for familiemesse og ordninga for familiegudsteneste som kom 20 år før. Det ser ut som idealet for familiegudstenesteordninga er at det skal vere "så lite liturgi som mogeleg". Ordninga er ribba nettopp for dei elementa som kunne ha gjeve næring til fantasien og sansane, og som inneber handling og rørsle. I sjølve ordninga finn vi knapt spor av symbolbruk og teiknhandlingar. Det er tydeleg at det var andre liturgiske ideal som låg til grunn då denne ordninga vart utforma, enn då familiemessa vart til. Det er interessant å sjå denne ordninga i lys av den kritikken Jørund Midttun har av høg-messa på 1700-talet. Hans omtale av høg-messa frå 1700-tallet er i stor grad dekkande også for familiegudstenesta frå 1980-talet. Men medan Midttun peikar på at ordninga frå 1700-talet var *lite eigna* for born, ser det ut til at dei same gudstenesteideala må ha vore styrande då det vart laga ei ordning for familiegudsteneste på 1980-talet.

Ein av dei største manglane ved denne ordninga er at ho i stor grad manglar "dialogdelaktighet". "Dialogdelaktighet" er den vekslinga eller "samtalen" som går føre seg mellom gudstenesteleiaren og kyrkjelyden i løpet av gudstenesta. Martin Modéus peikar på at det same skjedde i svenske gudstenesteordningar då Svenska kyrkan fekk nye gudstenester i 1986: "Bristen på dialogdelaktighet är kanske det största liturgiska problemet med de för-enklade ordningar som tilkom i 1986 års kyrkohandbok, för det är just de partier där församlingen är aktiv som skurits ned."<sup>88</sup>

#### 4.3.4 Eksempel 2: Søndagsskule eller barnepass under gudstenesta?

Mange kyrkjelydar har ulike former for søndagsskule eller barnepass under gudstenesta. Også dette gjev rom for refleksjonar. Dersom vi held fast på at born deltek ved gudstenesta for sin eigen skuld, kan vi ikkje tilby ein form for barnepass der målet er å få borna bort, slik at dei ikkje skal forstyrre dei vaksne si gudsteneste eller slik at dei skal sleppe å vere til stades på

noko som dei ikkje har utbyte og glede av. Derimot er det meir positivt dersom born kan få eit tilbod der ein del av gudstenesta er meir tilpassa deira behov enn det gudstenesta elles er.

Mange stader går born etter første del av gudstenesta til si eigen samling, med forkyning og aktivitetar som er tilpassa dei. Dette kan vere positivt, men det må gjerast på ein måte som understrekar at dei går for å halde fram med si eiga gudsteneste, ikkje at dei ”forlét” gudstenesta fordi dei ikkje høyrer til der eller er velkomne der. Dersom til dømes Bibelen eller tekstboka som borna skal bruke, vert henta frå altaret, vil dette understreke *både* det at no skal gudstenesta halde fram på to ulike stader, og at borna framleis er ein del av gudstenestefellesskapen. Det er også viktig at borna kan kome tilbake og delta ved nattverden. Og kva med å lata dei vaksne gå ut under preika og late borna halda fram i gudstenerommet frå tid til annan?

#### 4.4 Kyrkjerommet og kyrkjeåret

Det gjev seg ut av det som tidlegare er skrive om bruk av kroppen, symbolbruk og teiknhandlingar, at det fysiske *kyrkjerommet* er ein viktig ressurs i arbeidet med born og gudsteneste. Det å bruke ulike delar av rommet i ulike delar av gudstenesta er eitt eksempel på korleis rommet kan brukast. (Jf. kapittel 4.3.3, 8.1 og 8.2) Prosesjonar og dramatisering av bibeltekster er andre eksempel.

Det som finst av kyrkjekunst og symbol i rommet, kan sjølv sagt også brukast som ressursar. Dette kan til dømes vere bilete og glasmåleri, skulpturar, fargar og tekstilar, men også slike ting som forma på rommet, retningar og plassering av døypefonten og andre innretningar.

Bruk av rommet på denne måten kan i mange høve også få ei ”langtidsvirkning”: Når vi til dømes ser på glasmaleria som framstiller frelseshistoria frå skapinga til fullendinga i Spjelkavik kyrkje – ein slags *biblia pauperum (dei fattige sin bibel)* – så veit vi at dette for mange av borna vil vere ”deira kyrkje” gjennom heile livet. Dei vil stadig kome tilbake og bli minte om det dei har lært.

Også *kyrkjeåret* er ein ressurs som bør utnyttast. Kyrkjeåret gjev høve til variasjonar både i utsmykking og korleis gudstenestene vert gjennomførte. Born vil ha stort utbyte av å markere dei ulike tidene i kyrkjeåret.

---

<sup>88</sup> Modéus, *Mänsklig gudstjänst*, 194.

#### 4.5 Gjentaking og variasjon. Kva er det som gjer gudstenesta kjedelig?

Vi har tidlegare sett at born treng gudstenester med både det som er kjent og det som er ukjent, og at gudstenesta får sitt liv og sin nerve nettopp i denne spenninga (kapittel 3.6). Denne spenninga mellom *gjentaking* og *variasjon* er eit sentralt punkt i liturgien sitt vesen.

Strandenæs har analysert gudstenesta ved å kople desse omgrepa saman med ordparet *meningsfull* og *meningslaus*.<sup>89</sup> Då ser vi at gudstenesta kan ha *meningsfull gjentaking* og *meningslaus gjentaking*. Tilsvarende kan ho ha *meningsfull variasjon* og *meningslaus variasjon*.

Dette viser at det vert for enkelt å diskutere om det er for mykje eller for lite gjentaking eller for mykje eller for lite variasjon i gudstenesta. Både gjentaking og variasjon må vurderast ut i frå om dei gjev mening eller ikkje. Både for born og vaksne vil ei god gudsteneste vere ei gudsteneste som kombinerer *meningsfull gjentaking* og *meningsfull variasjon*, medan både *meningslaus gjentaking* og *meningslaus variasjon* vil gjere gudstenesta kjedelig.

Strandenæs seier at den gode gjentakinga vert sikra gjennom at gudstenesta har ein orden og eit fast mønster. Dette faste mønsteret er den strukturen som har følgd kyrkja gjennom kyrkja si historie. (Jf. kapittel 3.5)

Både kyrkjeåret sine tekster, preike, bønner og salmar skifter frå gudsteneste til gudsteneste. Dette gjev *meningsfull variasjon*. Det same gjer born og vaksne sine kreative innslag og aktive deltaking i liturgien.

Born set pris på både gjentaking og variasjon. Gjentakinga gjer at gudstenesta vert føreseieleg, og gjer at born kan delta. Men for mykje gjentaking gjer gudstenesta kjedelig. Variasjon skapar liv og spenning, men for mykje variasjon gjer gudstenesta uføreseieleg. Dette er framandgjerande og hindrar deltaking.

Strandenæs har også ein annan refleksjon om kva som gjer ei gudsteneste kjedelig:

Hvis barn skal oppleve gudstjenesten som god og relevant, må dens verbale og symbolske koder ta hensyn til barns forutsetninger. Barn som erfarer at de i gudstjenesten blir sett, hørt og tatt hensyn til, og at de der møter et fellesskap som gir dem hjelp både til livsmestring og trosutfoldelse, vil ikke karakterisere gudstjenesten som "kjedelig". Det gjør de imidlertid hvis deres erfaring fra deltakelse er at de er redusert til rollen som tilskuere eller tilhørere på de voksnes premisser.<sup>90</sup>

<sup>89</sup> Strandenæs, "Barn og gudstjeneste", 10-11.

<sup>90</sup> Ibid., 9.

Også Modéus tek opp spørsmålet om kva som gjer gudstenesta kjedelig for born. Han avviser at born og tenåringar meiner at gudstenesta *som idé* er kjedelig. Det som er kjedelig, er å sitte stille lenge i en samanheng der dei ikkje er delaktige, altså der dei er passive tilskodarar. Born mislikar at dei ikkje kan vere delaktige. Og så legg han til: ”Det gör vuxna också. Fast vuxna är så väluppfosttrade att de inte säger ifrån. De går därifrån i stället.”<sup>91</sup>

Det er verd å merke seg at både Strandenæs og Modéus peikar på skilnaden mellom å vere aktiv deltakar og passiv tilskodar når dei drøftar kva som gjer ei gudsteneste kjedelig.

#### 4.6 Korleis skal born medverke ved gudstenesta? Ulike grader av involvering

Fleire forfattarar drøftar spørsmålet om born si medverking på gudstenesta. Mellom dei som arbeider med desse spørsmåla, synest det som det er semje om desse punkta:

- Medan gudstenester for born så langt stort sett har vorte gjennomført ved at vaksne har førebudd og gjennomført gudstenester *for* born, og born har vore passive tilskodarar eller har fått gjere oppgåver som dei vaksne har førebudd for dei, tenkjer no fleire at born også må vere med både på *førebuing* og *gjennomføring* av gudstenester.
- Gudstenesta kan ikkje lenger einsidig vere ut frå dei vaksne sine føresetnader. Vi må ta på alvor at kyrkjelyden si hovudgudsteneste er – og skal vere – ei gudsteneste for alle, der alle kan ta del ut i frå sine føresetnader, der alle kan bidra til beste for felleskapen, og der alle kan gje uttrykk for si tru og ta imot næring for trua.

I dette kapitlet presenterer eg meir av innhaldet i Thor Strandenæs sin artikkel ”Barn og gudstjeneste. Gudstjenesten som sted for trosutfoldelse eller trosopplæring”<sup>92</sup> og Martin Modéus si bok *Mänsklig gudstjänst. Om gudstjänsten som relation och rit.*<sup>93</sup> Begge desse to tenker på denne måten om born og gudsteneste, men dei har likevel ulikt fokus, slik at ulike sider av saka kjem fram.

##### 4.6.1 Thor Strandenæs: ”Barn og gudstjeneste”

Thor Strandenæs argumenterer langs fleire liner for å vise at born må verte involverte i både planlegging og gjennomføring av gudstenestene på ein heilt annan måte enn i dag. Han argumenter *teologisk* og hevdar at sidan borna *er døypte*, må dei få sin rettmessige plass i kyrkja og i gudstenesta. Som døypte høyrer dei til i kyrkjelyden, og gudstenesta er også deira gudsteneste. Som døypte er dei utrusta med Den Heilage Ande sine gåver.

<sup>91</sup> Modéus, *Mänsklig gudstjänst*, 398.

<sup>92</sup> Strandenæs, ”Barn og gudstjeneste”, 3-18.

Han argumenter også *pedagogisk* og hevdar at borns deltaking er viktig for at born skal oppleve at dei høyrer til i gudstenesta, for at gudstenesta skal fungere som trusopplæring, og for at borna skal få uttrykke si tru gjennom gudstenesta.<sup>94</sup> (Jf. kapittel 3.7) Han seier:

- Hvis *ikke* menigheten slipper barna til i forberedelsen og gjennomføringen av gudstjenesten, uttrykker den i praksis at barna *ikke* er fullverdige kristne, og at menigheten heller *ikke* trenger deres tro og nådegaver.
- Hvis *ikke* menigheten inkluderer barna aktivt, gir den samtidig uttrykk for at den *ikke* tror at Guds Ånd er virksom gjennom barna, og at de *heller ikke* har noe å gi til menigheten som den trenger for å styrke og berike liv, tro og tilbedelse.<sup>95</sup>

Strandenæs visar også at sjølv om ein prinsipielt har sagt at gudstenesta er heile kyrkjelyden si gudsteneste, og at gudstenesta difor er for alle døypte, så har dette ikkje fått praktiske følger for korleis gudstenesta har vorte feira. Som eit eksempel på dette viser han til at born ikkje har vore med i prosessen med å lage utkast til nye gudstenestebøker for Den norske kyrkja.<sup>96</sup> Han peikar også på at det er gjort lite for å klarleggje *korleis* born kan ta del i planlegginga av gudstenester.

Han meiner sjølv at to føresetnader er særleg viktige: Det eine er at dialogen mellom born og vaksne må vere ekte. Det vil seie at born må få vere aktørar ut i frå sine eigne føresetnader. Det andre er at born og vaksne ikkje berre må samarbeide om førebuing og gjennomføring av einskildgudstenester, men også i arbeidet med å utvikle liturgiar og gudstenesteordningar.

For Strandenæs er det viktig at born skal kunne vere deltakarar og bidragsytarar ved gudstenesta på ein måte som står i eit rett forhold både til borna sine føresetnader og til liturgien sine føresetnader: "Gudstjenesten må altså bringes inn i dialog med barna, og de med den. Slik unngår en at det øves vold mot gudstjenestens (teologiske) egenart på den ene side og barnas utvikling og kulturelle forutsetninger på den andre."<sup>97</sup>

For at dette skal kunne skje, må gudstenesta mellom anna ta omsyn til born sitt behov for samhandling, eit enkelt språk, og repetisjon.

---

<sup>93</sup> Modéus, *Mänsklig gudstjänst*, særleg 383-402.

<sup>94</sup> Strandenæs, "Barn og gudstjeneste", 5.

<sup>95</sup> Ibid., 4.

<sup>96</sup> Strandenæs skreiv denne artikkelen tidleg i 2008, medan arbeidet med utkastet til ny liturgi var i sluttfasen. Sidan dette var før ordninga vart utprøvd i kyrkjelydane (dette skjedde frå hausten 2008 til september 2009), visste ein då ikkje i kor stor grad born ville vere med i den lokale utprøvinga av dei nye ordningane. Sidan forsøket innebar at det skulle opprettast gudstenesteutval som skulle arbeide både med "lokal grunnordning" og med einskildgudstenester, og sidan det i presentasjonen av framlegget var stort fokus på born og unge si deltaking, ville det ha vore svært naturleg å ha born med i dette arbeidet. Om dette skjedde, er eit av spørsmåla eg stiller i undersøkinga eg no gjer av korleis forsøket foregjeikk i kyrkjelydane.

<sup>97</sup> Strandenæs, "Barn og gudstjeneste", 8.

Strandenæs argumenterer altså for *gudstenester med born*, gudstenester der born og vaksne *er saman* om både førebuing og gjennomføring. Både gudstenester *for* born, der vaksne førebur og gjennomfører gudstenesta, og borna er passive, eller i beste fall får gjere oppgåver som dei vaksne har førebudd for dei, og gudstenester *av* born, der born åleine står for førebuing og gjennomføring, kjem til kort fordi dei ikkje tek omsyn til at gudstenesta skal vere eit *samhandlings*prosjekt for born og vaksne. Difor siterer han med tilslutnad det som står om *All-Age Worship* på heimesida til Worcester bispedøme i England:

### **What is All-Age Worship?**

*It is not –*

An adult service to which children are invited

A service for children with adults present

An opportunity for the children to perform

*It is –*

**An act of worship in which all participants have a role to play, which is relevant to all and in which each person can make a valued contribution to the whole experience.<sup>98</sup>**

#### 4.6.2 *Martin Modéus: "Om barnens plats i högmässan"*

Martin Modéus har ei anna tilnærming til spørsmålet om korleis born kan involverast i gudstenestene. Han drøftar dette spørsmålet i det siste kapitlet i boka *Mänsklig gudstjänst*.<sup>99</sup> Før dette har han gjennom heile boka ut i frå ulike innfallsvinklar drøfta kva ei gudsteneste er, og korleis gudstenesta fungerer. Eit av grepa han brukar, er å sjå på det han kallar *systemfeil* ved gudstenesta, altså gjennomgåande trekk som gjer at gudstenesta ikkje fungerer etter si hensikt.

Tre av systemfeila han peikar på, er

- at gudstenesta er *stiv og manglar menneskeleg varme*.<sup>100</sup> Dette heng saman med at det er mykje struktur i gudstenesta, medan det er lite antistruktur som kan skape liv, lys og glede i strukturen. (Jf. kapittel 4.2.3)
- Det er ein *øvrighetsstruktur*<sup>101</sup> i gudstenesta, som skapar ei hierarkisk over- og underordning. Dette fører mellom anna til at dei aller fleste vert passive tilskodarar og tilhøyrarar til det nokre få andre gjer.
- Dette vert forsterka av *sceneperspektivet*.<sup>102</sup> Sceneperspektivet pregar i stor grad heile samfunnet. Ut i frå denne tankegangen er det viktige det som går føre seg på ei

<sup>98</sup> Diocese og Worcester, "What is All-Age Worship?"; tilgjengeleg på <http://www.cofe-worcester.org.uk/CBB/101> (besøkt 4. februar 2011). Også sitert i Strandenæs, "Barn og gudstjeneste", 7.

<sup>99</sup> Modéus, *Mänsklig gudstjänst*, 383-402.

<sup>100</sup> Ibid., 156-157.

<sup>101</sup> Ibid., 148-151.

”scene”. Fjernsynet er den viktigaste arenaen for dette, men også aviser, reklame, kino og teater uttrykker det same: Nokre få agerer, medan det store fleirtalet er publikum. I gudstenesta kan ein oppleve at ”det viktige går føre seg ’der framme’”. Preika er som eit foredrag, gudstenesta er som ei førestilling.

Modéus ser spørsmålet om born og gudsteneste som eit av dei vanskelegaste liturgiske spørsmåla, fordi det er så nært knytt til alle dei andre problema ved gudstenesta. Derfor seier han at dersom vi klarar å løyse problemet med born og gudsteneste, vil vi samtidig ha løyst ”gudstenesta sitt problem”, og dersom vi klarer å løyse ”gudstenesta sitt problem” generelt, vil vi også ha løyst problemet med born og gudsteneste.

Modéus ser på det at gudstenesta er stiv og manglar menneskeleg varme, som det mest grunnleggande problemet. Relasjonane mellom gudstenestedeltakarane må endrast, gudstenestedeltakarane må sjå kvarandre og handle saman. Fleire må verte aktive deltakarar og bidra ved gudstenestene.

Modéus viser til at born tek aktivt del i andre rituelle samanhengar i samfunnet. Ut frå sin svenske bakgrunn nemner han at born har ein svært viktig funksjon i Luciafeiringa, i feiringa av jul, midtsommar og fødselsdagar. I desse rituelle samanhengane har borna plass som individ, og i mange tilfelle utfører born og vaksne desse ritane saman.

Ved dei tradisjonelle høgmessene<sup>103</sup> er det annleis. Her har borna ingen plass, og sjølv om dei *er* der, er det som om dei *ikkje* er der. Dei vert ikkje sett, dei har ingen funksjon. Modéus ser dette i samanheng med at ei i høgnessa har eit anna verdsbilete: I høgnessa finn vi det ”kultiverte mennesket”, det disiplinerte og strukturerte mennesket som kjenneteiknar øvrigheitssamfunnet. Her er det over- og underordning, med skilnad på høg og låg, kultivert og ukultivert, innanfor og utanfor. Han ser høgnessa som ein stad for menneske som har tilpassa seg til ”høgkulturen”.

Her høyrer ikkje born heime. Nettopp det at born *ikkje* er der, er med på å understreke at ”kyrkan är ålderdomens plats, vilket ju er ganska naturligt om högmessan är bilden av det mogna och kultiverade samhället. *Barnen har alltså en viktig roll att fylla i den traditionella högmessan. Deras roll är att inte vara i kyrkan.*”<sup>104</sup>

Modéus ser problemet med born og gudsteneste som eit strukturelt problem. Når born ikkje fungerer i gudstenesta, er ikkje problemet at prestar og organistar er inkompetente eller

---

<sup>102</sup> Ibid., 163-166.

<sup>103</sup> Medan Modéus i boka oftast brukar omgrepet ”gudsteneste”, brukar han her omgrepet ”høgmesse”, truleg for å skilje mellom dei tradisjonelle høgmessene og andre gudstenester, der born er meir til stades.

<sup>104</sup> Modéus, *Männsklig gudstjänst*, 389.

ikkje har funne dei rette metodane. Problemet er at det er to ulike prinsipp for å forstå verda og samfunnet som støyer saman når borna kjem inn i kyrkja.

Kvifor forandrar vi då ikkje berre høgnessa, for å få samsvar mellom det samfunns-synet og dei samversformene som vi har i høgnessa og det vi har i samfunnet elles? Modéus trur at i alle fall noko av grunnen er at det er *to ulike former* for over- og underordning i gudstenesta. På den eine sida har vi det som har med øvrigheitssamfunnet å gjere, det som set skilje mellom menneske. Når vi møter dette i gudstenesta, opplever vi det framandt, fordi vi ikkje ynskjer det i samfunnet elles. Den andre forma for over- og underordning kjem av ”spänningen mellan Guds helighet och människans mänsklighet, som är ett sant perspektiv när det uppfattas som icke-förtryckande, könsneutralt och framför allt när det talar om nåden.”<sup>105</sup>

Her er vi ved eit viktig punkt. Vi møter to ulike former for over- og underordning i gudstenesta. Desse må ikkje blandast saman. Det er *den mellommenneskelege* over- og underordninga, den som har samanheng med øvrigheitssamfunnet, og som er med på å skape avstand og stivheit i gudstenesta, og som hindrar menneskeleg varme og samhandling, som er problemet. Den ”over- og underordninga” som kjem av at Gud er heilag, høyrer med til kyrkja sitt vesen. Denne har vi ikkje råd til miste.<sup>106</sup>

Her ser Modéus at born kan ha ei viktig oppgåve: Dersom born får *ein meningsfull* plass i gudstenesta, vil dei bryte ned det sosiale skjemaet av over- og underordning som undertrykker menneske, utan at det vil forstyrre den spenninga mellom Gud og menneske som skal vere der. Dette vil altså seie at gudstenesta treng born. Det er nettopp det at born er born, som gjer at dei kan ha denne frigjerande funksjonen på gudstenesta.

Det er dette Modéus tenker på, når han seier at ”born er antistruktur”. Når dei tek del, kan dei sleppe lys og liv og glede inn i gudstenesta. (Jf. kapittel 4.2.3) Men skal dei ha denne funksjonen, så er det ein føresetnad at dei får ei rolle å spele i liturgien, ikkje på sida av liturgien.

No ser vi at Martin Modéus kjem fram til den same konklusjonen som Thor Strand-næs kom fram til, at born høyrer til og må få sin plass i kyrkja sitt ordinære gudstenesteliv. Born har mykje å gje til gudstenestefellesskapen. Dei kan tilføre noko til gudstenesta som ingen andre kan gje henne om ikkje borna gjer det.

---

<sup>105</sup> Ibid., 391.

<sup>106</sup> [Kyrkjerådet], *Høyringsdokument*, 22-23; 27. Her er vi, etter det eg kan forstå, ved eit av dei punkta der utkastet til ny gudstenesteordning for Den norske kyrkja, som kom i 2008, var svakast. Her vart desse to formene for over- og underordning blanda saman, til dømes når det vart argumentert med at ein burde unngå omgrep som ”herre” og ”allmechtig” om Gud, fordi det vart sett som ”maktspråk”.

Det finst ikkje ei rask og enkel løysing på dei utfordringane som Martin Modéus trekker opp. Men han viser kor viktig det er at vi grip tak i desse utfordringane: Born må igjen få sin plass i høgmesse, kyrkjelyden si hovudgudsteneste. Ikkje ein og annan gong, men på kvar gudsteneste. Born er ikkje høgmesse si framtid. Dei er med på å vere høgmesse si notid. Derfor må borna "sleppast inn" i høgmesse sin liturgi.<sup>107</sup> Då må born få meiningsfulle oppgåver og finne sin plass i dei liturgiske handlingane saman med vaksne.

På dei siste sidene i boka nemner Modéus fem nøkkelområde i dette arbeidet:<sup>108</sup>

- Skape barnevenlege signal i kyrkja: Born må erfare at dei er velkomne, foreldra må erfare at born er aksepterte og verdsette.
- Finne gudstenesta sine "barnefeller": Kva er det born ikkje likar på gudstenesta?
- Gradvis venne kyrkjelyden til at born har liturgiske oppgåver.
- Bygge personlege relasjonar mellom dei som arbeider med gudstenester og dei som arbeider med kyrkja sitt "kvardagsarbeid".
- Planlegging av gudstenestene: Nokon må ha særleg ansvar for å tenke på borna. På sikt kan born også vere med i planleggingsgruppene, ut frå sine føresetnader.

#### 4.7 Oppsummering av kapittel 4

Gudstenesta kan fungere som ei motvekt mot ei einseitig, teoretisk tilnærming til Gud. For i gudstenesta feirar og praktiserer kyrkjelyden si tru. I arbeidet med born og gudsteneste må born sin eigen gudsrelasjon stå i sentrum. Born som deltek ved gudstenester må få vere der for sin eigen skuld og ut frå sine eigne føresetnader, slik at dei kan vekse i tru og få næring for trua der.

Gudstenesta må vere kroppsleg og fylt av handling. Symbolbruk, teiknhendingar og andre sanseintrykk og opplevingar vil gjere gudstenesta rikare. Dette vil føre til at born gjennom gudstenesta får eit rikare og djupare møte med Gud.

Gudstenesta må være relevant for born og opplevast livsnær. Ho må gje hjelp til å knyte trua på Gud til dagleglivet.

Gudstenestene må tilretteleggast for born. Men dette må ikkje skje ved at viktige element vert fjerna frå gudstenesta. Familiegudstenesta frå 1982 er eit eksempel på ei gudstenesteordning som er ribba for dei elementa som gjer ei gudsteneste veileigna for born.

---

<sup>107</sup> Modéus, *Mänsklig gudstjänst*, 398. Modéus viser her til Jorunn Fougner, "Dagens barn – morgendagens kirke? Om religiøs kommunikasjon på barns premisser", i *Barn og gudstjeneste – om hel deltagelse* (red. Hans Olav Skaare Baden; Cantando Musikkforlag AS; Stavanger 2004), 19-27. Det er verdt å merke seg at Modéus viser til fleire av artiklane i denne boka når han handsamer spørsmålet om born og gudsteneste!

<sup>108</sup> Modéus, *Mänsklig gudstjänst*, 398-401.

Prøveordninga for familiemesse frå 1998 er eit eksempel på det motsette. Her er det rørsle og handling i gudstenesta. Born har viktige, liturgiske oppgåver, og sentrale teologiske moment er framheva i den liturgiske teksta.

Gudstenesta må ha ei blanding av gjentaking og variasjon. Meiningsfull gjentaking og meiningsfull variasjon skapar ei god gudsteneste, medan meiningslaus gjentaking og meiningslaus variasjon skapar ei kjedelig gudsteneste. Når born erfarer at dei vert sett, høyrte og teke omsyn til, vil dei ikkje oppleve gudstenesta som kjedelig.

Det er vakse fram ei ny erkjening av at born må vere medarbeidarar både ved planlegging og gjennomføring av gudstenester. Då må born få vere aktørar ut i frå sine egne føresetnader. Det er viktig at born og vaksne samarbeider, slik at gudstenesta vert for alle aldersgrupper.

Martin Modéus peikar på at den tradisjonelle høgmessa nesten berre er struktur. Difor kan gudstenesta kjennest stiv, upersonleg og utan menneskeleg varme. Det trengst antistrukturale element, for at strukturen skal få liv. Born som deltek ved gudstenestene fører til at stivheita i gudstenesta forsvinn og vert erstatta av lys og liv og glede. Modéus seier at dersom born får ein *meningsfull* plass i gudstenesta, altså at dei får meningsfulle liturgiske funksjonar i gudstenesta, vil dette føre til at gudstenesta vert meir menneskeleg og ei betre gudsteneste både for born og vaksne.

## Kapittel 5

### GUDSTENESTE FOR HEILE KYRKJELYDEN?

Martin Modéus si påpeiking av at problemet med born og gudsteneste og det som kan sjåast som "gudstenesta sitt problem" er det same problemet, er interessant. Gjennom mange års arbeid med born og gudsteneste, og endå meir gjennom arbeidet med denne oppgåva, har eg vorte overtydd om at det er liten skilnad på kva som gjev born og kva som gjev vaksne ei god gudstenesteoppleving. Dette må presiserast nærare: Ein del vaksne – mange av dei som deltek regelmessig ved gudstenestene våre – har lært seg å setje pris på den gudstenesteforma vi har, sjølv om gudstenesta meir har sitt tyngdepunkt i det intellektuelle enn i symbolbruk, teiknhandlingar, sanseinstrykk og andre opplevingar, og sjølv om det ikkje er mykje rørsle og aktivitet. Dette har å gjere både med tilvenning og med det at vaksne har ein meir utvikla intellektuell kapasitet enn det born har. Men eg trur at det som vert drøfta i denne oppgåva, som kan gjere gudstenestene betre for born, også vil vere positivt for vaksne, både for dei som regelmessig er gudstenestedeltakarar, og kanskje endå meir for dei mange vaksne som no ikkje så ofte deltek ved gudstenestene.

Fleire har vore inne på det same. Til dømes skriv Øystein Bjørdal: "... det er ikkje så stor forskjell på barn og vaksne si gudstenesteoppleving når det gjeld kva som gjer oss lyttande, stille og mottakelege."<sup>109</sup> Viss dette er rett, så er det mogeleg å arbeide for å betre både born og vaksne si gudstenesteoppleving samstundes. Då vil eit godt arbeid for å gjere gudstenestene til gode opplevingar for born, også gje vaksne betre gudstenesteopplevingar.

Grunnen til dette er sjølv sagt at også vaksne lærer av å sjå og å gjere, og at symbolbruk, teiknhandlingar, sanseinstrykk og opplevingar også taler til vaksne. Men det handlar ikkje berre om å lære. Gjennom desse uttrykksformene får både born og vaksne høve til å uttrykke tankar, kjensler og røyndommar med heile seg – på ein meir heilskapeleg måte enn berre med ord eller tankar.

Eg meiner at vi framleis skal arrangere spesialgudstenester for born og unge. Her kan vi tilpasse gudstenestene til dei ulike gruppene sine særlege behov. Dagny Kaul argumenterer sterkt for dette. Ho seier at vi ikkje må late som om born ikkje kan bråke og forstyrre vaksne, som kanskje høyrer dårleg. Dersom vi gjer det, så tek vi korkje born eller vaksne på alvor.

---

<sup>109</sup> Bjørdal, "Så liflig", 4.

Kaul meiner at born treng eigne, tilrettelagte barnegudstenester, og at dersom dei der lærer å delta i rituelle samanhengar, så vil dei kunne overføre dette til dei vanlege gudstenestene. Det at born har høve til å delta på eigne barnegudstenester, vil difor gjere det lettare for dei også å delta på gudstenestene som også er for vaksne.<sup>110</sup>

Vi må ikkje gje opp målet om at hovudgudstenestene skal vere *for alle* og fungere godt for ulike aldersgrupper samstundes. Dette må medføre at born og vaksne samarbeidar om både planlegging og gjennomføring av gudstenestene, og at både born og vaksne opplever at dei både kan gje noko til fellesskapen og få noko frå fellesskapen.

Den viktigaste grunnen til dette er at gudsteneste er kyrkjelyden sin grunnleggande aktivitet. Vi må halde fast på at kyrkjelyden er *ein kropp, med mange og ulike lemmer*. Dei ulike lemmene utfyller kvarandre og er viktige for kvarandre. Dette vert på ein god måte understreka når dei ulike gruppene deltek ved den same gudstenesta og alle gjer sitt for å skape gudstenesta saman.

Det er langt igjen før dette målet er nådd og gudstenestene fungerer på denne måten. Ikkje alle forsøk som er gjort på å tilpasse gudstenestene til born har vore like vellykka. Eg trur at grunnen i mange høve er at ein har prøvd å forenkle ved å banalisere og ”ta bort mysteriet”, slik vi til dømes ser det i familiegudstenesteordninga. Ei slik gudsteneste kan arrangerast utan mykje deltaking frå kyrkjelyden si side, og ordninga i seg sjølv har ikkje den rikdomen av bilete, symbolikk og teiknhandlingar som engasjerer dei ikkje-intellektuelle sidene av mennesket. Difor er det ikkje rart at mange kyrkjelydar erfarer at faste gudstenestedeltakarar held seg borte når det er *familiegudsteneste* (utan nattverd), men ikkje i same grad når det vert feira *familiemesse* (med nattverd).

Som ein motsetnad til denne erfaringa vil eg ta med eit sitat frå Lars Åke Lundberg si bok *Tilsammans i gudstjänst*, der han understrekar kor positivt det er for kyrkjelyden som heilskap at born får plass ved familiegudstenestene:

Familjegudstjänsten är den viktigaste förnyaren av gudstjänsten under lång tid. När barnen kom inn i gudstjänsten hände något. Det blev tillåtet att röra sig friare, predika på ett nytt sätt, sjunga nya sånger. Det blev ”tillsammans i gudstjänst” mellan olika generationer. Barnen har förmåga att öppna de vuxna. Många vuxna öppnade sig och började känna sig hemma i kyrkan.<sup>111</sup>

Det er med ein viss reservasjon eg tek med dette sitatet, med tanke på kor dårleg vår eigen familiegudstenesteordning fungerer, og av di denne ordninga heller ikkje legg til rette for at

<sup>110</sup> Referert etter samtale med Dagny Kaul 30. september 2011.

<sup>111</sup> Lars Åke Lundberg, *Tilsammans i gudstjänst: En inspirationsbok* (Stockholm: Verbum, 2002), 5.

borna kan få del i nattverden. I den grad familiegudstenesta vår har fungert godt, meiner eg det må vere *på tross av*, og ikkje *på grunn av* sjølve ordninga.

Skal gudstenestene fungere betre – både for born og vaksne – kan ikkje gudstenestene lenger vere så einsidig intellektuelle og undervisande. Men dersom vi styrkar dei andre sidene ved gudstenestefeiringa, vil gudstenestene betre kunne komme born og born si tru i møte. Då vil born meir og meir få sin naturlege plass i den gudstenestefeirande kyrkjelyden. Dette vil kome kyrkjelyden som heilskap til gode. Ved å inkludere born, vil kyrkja verte meir open også for andre.

### 5.1 Samla kommentar til del I – med utblikk til gudstenestereforma

Eg vil i kapittel 6 vise at synspunkta som er presenterte i kapittel 2-5, har fått stort nedslag i trusopplæringsplanen for Den norske kyrkja, som vart vedteken i 2009.<sup>112</sup>

Allereie i dei grunnleggande visjonane for gudstenestelivet, som vart lagt fram for Kyrkjerådet i 2004, vart det understreka at gudstenestefellesskapen må vere ein fellesskap på tvers av generasjonane (punkt 1), og at born og unge er fullverdige gudstenestedeltakarar (punkt 8).<sup>113</sup> Og i dokumenta om gudstenestereforma som er i gang i Den norske kyrkja, er omsynet til born sin gudsrelasjon og trusutvikling og born sine gudstenesteopplevingar sentrale element.<sup>114</sup> Dei tre ”kjerneverdiane” som gudstenestereforma skal vere prega av, *fleksibilitet, involvering og stadeigengjering*, har potensiale i seg til å prege gudstenestelivet i ei retning som kan kome born i møte.<sup>115</sup> Men det er sjølv sagt enno eit ope spørsmål i kva grad desse verdiane i praksis vil føre til endringar som kjem born sine behov i møte. Dette har det ikkje vore rom for å drøfte i denne oppgåva. I tillegg må det seiast at det vil vere i det praktiske arbeidet med å førebu og gjennomføre gudstenestene i kyrkjelydane at det vil bli klart om det vert ei endring på korleis gudstenestene vil fungere for born.

---

<sup>112</sup> [Kyrkjerådet,] *Gud gir – vi deler*.

<sup>113</sup> Kirkerådet [Den norske kirke], ”Visjoner for et fornyet gudstjenesteliv”, Saksdokument til Kirkerådet, sak 48/04.

<sup>114</sup> [Kyrkjerådet,] *Liturgi*, 18, 32. *Gudsteneste for Den norske kyrkja*, 7,17-7,20.

<sup>115</sup> [Kyrkjerådet,] *Gudsteneste for Den norske kyrkja*, 7,6-7,7.

## Del II

### TRUSOPPLÆRINGSPLANEN OG GUDSTENESTA

#### Kapittel 6

### TRUSOPPLÆRINGSPLANEN OG GUDSTENESTA

Etter at eg har drøfta kva som er gode gudstenester for born, vil eg no gå nærare inn på spørsmålet om gudsteneste og trusopplæring. Frå 2004 til 2008 vart det gjennomført eit omfattande trusopplæringsforsøk i Den norske kyrkja. Det vart gjort eit stort forsøks- og utviklingsarbeid, både i mange kyrkjelydar, i dei kristelege organisasjonane, og ved utdanningsinstitusjonar og regionale og landsomfattande institusjonar.

Eg har i kapittel 4.3.1 vist til at eit av måla med trusopplæringa var at ho skulle ”gje livshjelp og støtte til å tolke og meistre tilværet og sitt eige liv i lyset av evangeliet” og at ”barn og unge skal få stimulert si evne til å forstå tilværet i lys av gåva dei fekk i dåpen, og dermed deira evne til å tolke, meistre og leve sitt liv.”<sup>116</sup>

Sjølv om dette sikkert også tidlegare har vore målsetjingar som mange ”trusopplærarar” har arbeidd ut i frå, så er det nytt at det har vore uttrykt så tydeleg og at det har fått så sterkt fokus som det fekk i arbeidet med trusopplæringsprosjektet.<sup>117</sup>

Både i løpet av prosjektperioden og ved avslutninga av prosjektet vart det skriva omfattande evalueringsrapportar av forsøka. Sluttrapporten frå styringsgruppa for trusopplæringsprosjektet, *Når tro deles* kom i oktober 2008. Denne rapporten danna grunnlag for den nye *Plan for trusopplæring. Gud gir – vi deler*, som vart vedteken av Kyrkjemøtet i 2009.

I denne delen av oppgåva vil eg vise kva styringsgruppa for trusopplæringsprosjektet og den vedtekne trusopplæringsplanen seier om born og gudsteneste, og vise at mange av dei

---

<sup>116</sup> Sjå note 79 og 80.

<sup>117</sup> I dåpsopplæringsplanen frå 1991, Kirkerådet [Den norske kirke], *Dåpen og vegen vidare. Plan for dåpsopplæring i Den norske kyrkja*, (Oslo: Kyrkjerådet, 1992), 21, er eit av måla for dåpsopplæringa at ”barnet får hjelp til å leve som kristen i forsakelse og tro, tilbedelse og tjeneste.” Dette er presisert slik: ”Å gi hjelp til å leve som kristen innebærer veiledning og hjelp til å se hele sitt liv i lys av den kristne tro ... og få erfaringar og modeller for praktisk kristenliv. Menigheten må søke å vise omsorg for hele mennesket, med respekt for den enkeltes egenart og forutsetninger.”

ideala for arbeidet med born og gudsteneste som eg hevdar i resten av denne oppgåva, også er å finne i desse dokumenta.

## 6.1 Styringsgruppa sin sluttrapport

I innleiinga til sluttrapporten peiker styringsgruppa på at det er samsvar mellom det ansvaret kyrkja har for at dei døypte borna skal få praktisere og utvikle trua, og det FNs barnekonvensjon seier om borns rett til åndeleg utvikling:

Barnekonvensjonen fremhever barnets rett til åndelig utvikling (§27). Det betyr at det er et samfunnsansvar at barn og unge får gode rammer også for denne delen av oppvekst og modning. For kirken er det en erkjent forpliktelse at det er sammenheng mellom å døpe barn og unge og det å gi dem gode muligheter til å utforske og leve i det livsforhold de er døpt inn i.<sup>118</sup>

Styringsgruppa peikar på at det gjennom fleire tiår gradvis er knytt tettare band mellom kyrkjeleg undervisning og gudsteneste. Det har vorte klart at ei teoretisk undervisning *om tru*, utan tilknytning til *praktisert tru*, fungerer dårleg. Vi har difor no ei breiare forståing av læring i kyrkjeleg samanheng: ”Trosopplæringsreformen er en pedagogisk reform med en bred forståelse av læring. Trosopplæringsreformen er en viktig mulighet til å videreutvikle og fornye forståelse av læring i kirken.”<sup>119</sup> Denne nye forståinga av læring i kyrkja får konsekvensar for gudstenestelivet:

Kirkens trosopplæring har de siste tiårene fokusert stadig tydeligere på katekesens forankring i gudstjenestelivet. ... Konfirmasjonsplanen foreskriver flere obligatoriske gudstjenester i konfirmasjonstiden og vektlegger gudstjenesten som sentral læringsarena. Utdeling av 4-årsboken og dåpsskole for 6-åringer har hatt samme utvikling. Svært mange tiltak i trosopplæringsreformen viser samme sentrale forståelse av gudstjenestens rolle i trosopplæringen. ... Arbeidsfellesskapets sluttrapport sier følgende om denne utviklingen:

*«Det har foregått en lokal teologisk refleksjon om dåp og opplæring og blitt utviklet ny tenkning om læring som legger vekt på at læring skjer i et praksisfellesskap. Gudstjenestens sentrale plass og synet på barn og unge som subjekter, deltagere og sentrale aktører, representerer kanskje den mest vesentlige endringen i forsøksfasen.»*<sup>120</sup>

<sup>118</sup> Styringsgruppa for trosopplæringsreformen, *Når tro deles: Styringsgruppas rapport fra trosopplæringsreformens forsøks- og utviklingsfase 2003-2008* (Oslo: Den norske kirke, 2008), 7.

<sup>119</sup> *Ibid.*, 9.

<sup>120</sup> *Ibid.*, 16. ”Arbeidsfellesskapet” som det vert vist til her, er gruppa av forskarar som hadde ansvar for evaluering av trusopplæringsprosjektet i perioden 2004-2008.

Forskarane som har evaluert trusopplæringsprosjektet, ser altså den nye forståinga av *guds-tenesta sin plass i den kyrkjelege undervisninga*, og det at ein no kan sjå born og unge som *subjekt, deltakarar og sentrale aktørar*, som ”den kanskje mest vesentlege endringa” i heile trusopplæringsprosjektet. Dette vert sitert med tilslutning av styringsgruppa for trusopplæringsprosjektet.

Styringsgruppa utdjupar dette seinare i rapporten når dei peikar på sentrale erfaringar frå forsøksarbeidet. Det første punktet dei kommenterer, er den nye forståinga av born og unge: ”Born og unge er ikkje kyrkja for morgondagen, dei er kyrkja i dag.”<sup>121</sup> Dei viser til at denne setninga har vore sentral i tenkinga om trusopplæringsprosjektet gjennom heile prosjektperioden. Som i mykje av ”barneteologien” vert dette grunngeve med Jesu ord om barnet sin plass i Guds rike, slik det til dømes er uttrykt i Matteus 18,1-5.

Styringsgruppa peikar på at born og unge har rett til sjølve å bli høyrde og til å vere med på å bestemme. Det må leggest til rette for at deira åndelege utvikling kan bli stimulert, til at meiningane deira kan verte høyrde, og til at dei kan vere aktive deltakarar:

Barnet som objekt for oppsedingsverksemda til dei vaksne, for å bli «gagnlege menneske», må supplerast med ei forståing av barn og unge som delaktige i sin eigen utviklingsprosess. ... Heimen, samfunnet og trus- og livssynsamfunna må verke saman for at det blir lagt til rette slik at den åndelege utviklinga blir stimulert og stadfesta som eit positivt aspekt i ei heilskapleg utvikling som menneske. ... Trusopplæringsreforma inneheld ei utfordring til å finne måtar å ivareta barna sin medverknad i kyrkjelyden, slik at også ønska og meiningane til dei blir høyrde.<sup>122</sup>

Styringsgruppa viser til fleire prosjekt som kan fortelje om positive erfaringar frå forsøk der born har vore aktive bidragsytarar i planlegging, gjennomføring og evaluering av gudstenester.<sup>123</sup>

I oppsummeringa av rapporten vert det nemnt som ei positiv erfaring at ”Når menighetene har fornyet sin trosopplæring, har det ført til en økt bruk av kirkerommet, kirkeåret og en fornyelse av gudstjenesten i tråd med verdiene i gudstjenestereformen.”<sup>124</sup>

## 6.2 Plan for trusopplæring. Gud gir – vi deler

Som ein kan vente, er denne nyorienteringa ført vidare i den nye planen for trusopplæring. Planen er både ein rammeplan og eit ressursdokument som skal stimulere arbeidet med å

---

<sup>121</sup> Ibid., 35.

<sup>122</sup> Ibid., 35-36.

<sup>123</sup> Ibid., 37. Dette gjeld Tynset, Tyllidalen, Kvikne og Brydalen; Malvik; Lindesnes.

<sup>124</sup> Ibid., 85.

utvikle og gjennomføre lokale planar for trusopplæring. Kapittel 1-2 presenterer grunnlagstenkinga i planen. Deretter gjev kapittel 3-5 konkrete føringar for innhald og oppbygging av trusopplæringa. Når det gjeld spørsmålet om born og gudsteneste er kapittel 6 det mest interessante. Her vert det drøfta fleire ”sentrale dimensjonar som skal reflekterast i den lokale planen”. Kapittel 7-9 handlar om ulike sider ved arbeidet med å utvikle lokale planar.<sup>125</sup>

**I kapittel 1** vert trusopplæringa definert som livslang læring, eller som ein dannelsingsprosess: ”Trusopplæring er ein dannelsingsprosess der oppseding, undervisning, kultur- og tradisjonsformidling og kristen tru i praksis spelar saman. Opplæringa må bere preg av totalformidling, der kunnskap og opplevingar i kyrkjelyd og heim gir læring i og av fellesskapet.” (Side 5)

**Kapittel 2** presenterer ”sentrale sider ved ei fornya trusopplæring”:

- Trusopplæring skjer i møte mellom menneske og når menneske møter den treeinige Gud.
- Å leggje til rette for at tru kan praktiserast, er ei viktig oppgåve i trusopplæringa.
- Vi lærer gjennom ord og samtale og ved ulike språk og uttrykksformer.
- Vi lærer gjennom opplevingar og fullverdig deltaking.
- Kyrkja er både læringsarena og innhald i trusopplæringa.
- Barn og unge som høyrer til i kyrkja, utgjer eit stort og rikt mangfald.
- Trusopplæringa skal vere tilrettelagd for alle, uavhengig av funksjonsevne og føresetnader.
- Kven som er ”elev” og kven som er ”lærer”, varierer i samspelet mellom dei som tek del i læringsprosessen. (Side 7)

Under overskrifta ”Vi deler kristne tradisjonar og verdier” vert det understreka at det å føre tradisjonar og kulturarv vidare, er ei sentral side ved trusopplæringa:

Kyrkja er berar av tradisjonar og kulturarv. Å forvalte denne arven gjennom å føre tradisjonar vidare i møte med stadig nye tider og nye menneske er ei sentral oppgåve i trusopplæringa. Trusopplæringa kan formidle tradisjonar og kulturarv som uttrykk for og innbyding til tru. ... Markering av helg og høgtider, kyrkjeår og livsritar er ein stor og rik ressurs for trusopplæringa både i heimen og i kyrkjelydsfellesskapet. Det er feiringar som gir rom for å praktisere tru og formidle trusinnhald. Slik kan trusopplæringa medverke til å byggje religiøs identitet og kulturell tilhøyrslle hos barn og unge. (Side 9-10)

I avsnittet ”Vi deler opplevingar og fellesskap” vert dette utdjupa:

Kyrkja er ein god arena for å lære om tru ved å praktisere trua. Vi blir kjende med Bibelen ved å bruke han. Vi lærer om bønn, og vi ber til Gud. Vi lærer om guds-

<sup>125</sup> [Kyrkjerådet.] *Gud gir – vi deler*, 4. Når eg i resten av dette kapitlet viser til trusopplæringsplanen, viser eg til sidetal i teksten.

teneste, og vi feirar gudsteneste saman. Slik blir lærdom og kunnskap om trua kopla saman med deltaking og oppleving. ... Trusopplæringa er ei totalformidling der opplevingar, handlingar, ritual, kjensler, kunnskapar og erfaringar spelar saman. Dette utfordrar oss til å finne fram til arbeidsmåtar og arenaer for trusopplæring som legg til rette for slike breie læringserfaringar. (Side 10)

**Kapittel 3**, som handlar om innhaldet i trusopplæringa, peikar på tre ulike *aspekt* ved trusopplæringa:

- Livstolking og livsmeistring
- Tru og tradisjon i kyrkja, og
- Kristen tru i praksis

Gudstenesta er relevant for alle desse aspekta ved trusopplæringa, men det er særleg i samband med det tredje aspektet, "kristen tru i praksis", at gudstenesta vert omtalt som eit sentralt element i trusopplæringa: "Gjennom trusopplæringa skal barn og unge arbeide med kva det vil seie å elske Gud, seg sjølv og nesten sin. Dei skal lære å be, lese Bibelen, feire gudsteneste og vise nestekjærleik i praktisk solidaritet. Barn og unge skal få uttrykkje seg sjølve, trua og skaparevna si." (Side 16) Fleire av målsetjingane her er direkte knytte til gudstenesta:

- **Bøn:** Barn og unge skal få erfaring med bønner og ritual der kristen tru blir uttrykt. Gjennom trusopplæringa skal dei sjølve lære å be.
- **Gudstenestefeiring:** Barn og unge skal ta del i gudstenesta og fellesskapet i kyrkjelyden gjennom dåp, bønn, song, tilbeding, vedkjenning, nattverd og bruk av Guds ord.
- **Song, musikk og kultur:** Barn og unge skal få høve til å uttrykkje seg sjølve, uttrykkje tru, tvil, tilbeding, glede og klage gjennom salmar, lovsong, musikk og andre kulturuttrykk. Dei skal lære sentrale salmar knytte til høgtidene.
- **Medarbeidarskap:** Barn og unge skal få praktisere trua si gjennom aktiv deltaking, ansvar og medarbeidarskap i kyrkje og samfunn. (Side 16-17)

Også fleire av dei andre målsetjingane kan ha relevans for gudstenestelivet. Dette gjeld til dømes diakoni: Kyrkjelyden sitt takkoffer kan sjåast som uttrykk for *nestekjærleik*, det at born vert inkluderte og får gje sitt bidrag til fellesskapen, er uttrykk for *inkluderande fellesskap*.

Gudstenestene er også knytte til dei andre aspekta ved trusopplæringa, "livstolking og livsmeistring" og "tru og tradisjon i kyrkja". Gudstenesta kan medverke til at born kan "sjå seg sjølve og tolke tilværet sitt som skapt, elska og halde opp ved Guds kjærleik". (Side 16)

Dette er ein del av hovudmålsetjinga for trusopplæringa som hjelp til "livstolking og livsmeistring". Tilsvarande er sjølv sagt gudstenesta sentral når det i hovudmålsetjinga for formidling av "tru og tradisjon i kyrkja" står at "gjennom trusopplæringa skal born og unge

lære å kjenne den treeinige Gud gjennom ... truedkjeninga, sakramenta og andre sentrale uttrykk for kyrkja si tru". (Side 16)

I **kapittel 4**, "oppbygginga av trusopplæringa", vert det mellom anna skissert kva som særpregar dei ulike aldersgruppene som trusopplæringsplanen omfattar. Her avgrensar eg meg til å vise til kva det står om gudstenester i desse avsnitta. (Side 19-22)

For aldersgruppa 0-5 år er det å "utvikle gudstenester som barna/familiane kjenner seg heime i" ein del av det som bør ha fokus, og familie- og barnegudstenester er nemnt mellom kjernetiltaka for aldersgruppa. Gudsteneste med utdeling av kyrkjebok til fireåringar vert sett som eit døme på "korleis eit møte med kyrkja og gudstenesta kan stimulere til å praktisere trua i heimen gjennom lesing, song og bønn". (Side 19-20)

Barne- og familiegudstenester er også mellom kjernetiltaka for aldersgruppa 6-12 år. Det å "utforske og lære om dei mest sentrale emna i kristen tru gjennom aktiv deltaking" og "innarbeide vanar for kristen tru i praksis" skal vere i fokus. Her vert det understreka at "utfalding gjennom ansvar og oppgåver er ein god måte å lære på i kyrkjelydsfellesskapen". Det er også verd å merke seg at liturgisk avslutning på andre trusopplæringsamvær vert nemnt som døme på andre aktuelle tiltak. Det vert også peikt på at "borna må få sjanse til å oppleve ro og nærværet av det heilage i livet sitt". (Side 20-21)

For aldersgruppa 13-18 år høyrer "kristen tru i praksis med vekt på gudstenesta" med til det som bør få fokus. Ungdomsgudstenester kan vere ein hovudarena for trusopplæringa i denne fasen. Også for denne aldersgruppa er medarbeidarskap sentralt. Det vert understreka at "alle aktivitetar som er retta mot ungdom, må involvere ungdom i planlegginga". (Side 21-22)

Det som er sagt om gudstenesta sin plass i trusopplæringa, vert vidareført i **kapittel 5**, som tek for seg konfirmasjonstida. (Side 23-25) Her er *gudstenester* nemnt som det første kjernetiltaket. Konfirmantane skal vere fortrulege med gudstenesta og sakramenta:

Å møte Guds ord og sakramenta i gudstenestefellesskapet er ein heilt sentral måte å erfare tru i praksis på. Kor sentral gudstenesta er i trusopplæringa, kjem òg til uttrykk i gudstenestene i konfirmasjonstida og den plassen konfirmantane har i kyrkjelydsfellesskapet.

Det er positivt både for konfirmantane og for heile kyrkjelyden som lærande fellesskap at konfirmantane blir involverte i førebuing og gjennomføring av heile eller delar av gudstenesta. Gjennom nærvær, deltaking og medarbeidarskap kan konfirmantane medverke til eit mangfelt gudstenesteliv. ... Konfirmantane bør møte ulike former for gudsteneste i konfirmasjonstida, jf. gjeldande reglar i *Gudstenestebok for Den norske kyrkja*. Arbeidet med gudstenestene må leggje til rette for både variasjon og mangfald, samtidig som ein legg vekt på attkjenning og lokalt særpreg. (Side 24-25)

Som nemnt ovanfor, drøftar **kapittel 6** fleire ”sentrale dimensjonar som skal reflekterast i den lokale planen”. Avsnittet om *gudsteneste* viser at den forståinga av born som *subjekt, deltakarar og sentrale aktørar*, som er tydeleg i mange av forsøka i trusopplæringsprosjektet, har fått store konsekvensar for det planen no seier om gudsteneste:

Gudstenesta er hovudsamlinga i kyrkjelyden og er i tillegg til eit trusfellesskap også eit læringsfellesskap. Vi lærer gjennom ulike uttrykksformer som tekstar, liturgi, bønner, salmar, kunst og symbolhandlingar. Kyrkjerommet er eit annleis rom som opnar for læring som bind saman kunnskap, praksis og fellesskap. Gudstenesta har såleis ein sentral plass i trusopplæringa.

Denne planen tilrår at alle trusopplæringstiltak skal ha tilknytning til gudstenestelivet i kyrkjelyden, anten i form av deltaking i ei gudsteneste eller ved at gudstenestlege element inngår i undervisningssamværa. Da er møtepunkta i trusopplæringa med på å prege gudstenestelivet ved at barn og unge får ein tydeleg plass i kyrkjelydsfellesskapet. Det vil variere frå tiltak til tiltak om det er gudstenester med til dømes utdeling av fireårsbok eller presentasjon av konfirmantar, eller om trusopplæringa er forankra i det vanlege gudstenestelivet i kyrkjelyden frå søndag til søndag. Uansett må barn og unge og familieane som tek del i trusopplæringa, oppleve at dei høyrer til i kyrkjelydsfellesskapet, at dei er inkluderte og jamstilte i det «vi» som er samla for Guds ansikt.

Gudstenesta er for alle – uavhengig av funksjonsevne. Det mangfelte språket i gudstenesta i form av ord, bilete, musikk og rørsle gjer det lett å inkludere personar med nedsett funksjonsevne som deltakarar og medarbeidarar.

Tilhøyrslø og eigarskap blir skapt gjennom inkludering og aktiv deltaking. Barn og unge kan delta som medliturgar, dei kan lese tekstar og bønner. Dei kan delta med song, dans, drama, preike, medverke under nattverden osv. Det er viktig at dei er med som aktørar i både førebuing, gjennomføring og evaluering. Gjennom sentrale liturgiske ledd som Fadervår, truedkjenninga, bønnene og velsigninga møter barn og unge sentrale trusuttrykk som ikkje berre høyrer til i søndagsgudstenesta, men òg i kvardagen. (Side 29-30)

Her vert det altså understreka at vi *lærer* gjennom å delta i gudstenesta. Denne læringa har stor verdi fordi ho bind saman kunnskap, praksis og fellesskap, slik at gudstenesta er ein viktig ressurs i trusopplæringa, og *både* eit trusfellesskap og eit læringsfellesskap.

Planen tilrår at alle trusopplæringstiltak skal ha tilknytning til gudstenestelivet i kyrkjelyden, og at alle som deltek i trusopplæringa, må kunne kjenne seg inkluderte ”i det ’vi’ som er samla for Guds ansikt”. (Side 30) Det vert også peikt på at mangfaldet i gudstenesta med ord, bilete, musikk og rørsle, gjer at gudstenesta er godt eigna til å inkludere alle, uansett funksjonsevne.

Til slutt vert det understreka at born og unge må vere aktive deltakarar ved gudstenesta, slik at dei erfarer at dei tilhøyrer kyrkjelyden og får eigarskap til gudstenesta. Dette vert vidare uttrykt i avsnittet ”*Medverknad frå born og unge*”:

Denne planen legg vekt på at barn og unge er fullverdige deltakarar i kyrkjelydsfellesskapet. Under overskrifta «Vi deler» er det fokusert på at ein i kyrkjelydsfellesskapet vekslar mellom å vere mottakar, deltakar og medarbeidar i verksemda i kyrkjelyden. ... Medverknad vil seie å få påverke avgjerder og prosessar, slik at synspunkta til den enkelte får konsekvensar for avgjerder som blir tekne, og at eiga deltaking medverkar til handling. I dette ligg retten til å bli teken på alvor og møtt med respekt, og å gi barn og unge rom til å uttrykkje seg. (Side 28)

Dette må likevel ikkje føre til at dei vaksne vert utydelege eller ”forsvinn”:

At barn og unge har rett til medverknad, vil seie at rolla til dei ulike aktørane og ansvarsforholdet til enkeltpersonar må kome tydeleg fram. Vaksne har framleis ansvar – som foreldre/føresette og fadrar eller som tillitsvalde og tilsette med oppgåver i trusopplæringa. For dei yngste aldersgruppene er det heilt nødvendig at vaksne har ansvar for oppseding og undervisning. Medverknaden må byggje på dei føresetnadene barn og unge til kvar tid har. (Side 28)

I avsnittet *”Frivillig medarbeidarskap”* vert det understreka at ulike former for medarbeidarskap er ein naturleg del av å høyre til i ein kyrkjelyd:

Medlemmene av kyrkjelyden kan medverke på ulike måtar ut frå kompetanse, nådegåver og interesser. Det er ein naturleg del av å høyre til og vekse som kristen i fellesskapet. ... Både barn, unge og vaksne kan ha oppgåver og ansvar i trusopplæringa i kyrkjelyden. Frivillig medarbeidarskap er ein sentral del av innhaldet i trusopplæringa. ... Det er ei naturleg side av å leve ut trua. Dette styrkjer tilhøyrsla til kyrkjelyden, og kan gi erfaring som fører fram til vidare teneste i kyrkja. (Side 33)

Også avsnittet om musikk og kultur har interessante innspel til born og gudsteneste:

Kunst- og kulturuttrykk gir aktuelle og slitesterke bilete, ord og opplevingar knytte til trua og livet. Musikk og kulturverksemd gjer det mogleg for barn og unge å vere både mottakarar, deltakarar og medarbeidarar i det lærande fellesskapet i kyrkjelyden. (Side 32)

Dette er sjølvsagt minst like aktuelt i gudstenester, som i andre delar av trusopplæringa. Også verdien i dei kulturelle, musikalske og liturgiske tradisjonane vert understreka: ”I dei kulturelle, musikalske og liturgiske tradisjonane i kyrkja ligg ein rik arv som stadig er i utvikling. Utvalet av salmar, songar og andre uttrykksformer i trusopplæringa må spegle mangfaldet og sikre både tradisjonsformidling og fornying.” (Side 32)

Det vert også peikt på korleis korarbeidet i kyrkja og andre kulturuttrykk har vist seg som viktige delar av trusopplæringa. Dette gjeld ikkje minst der dette arbeidet er nært knytt saman med gudstenestelivet i kyrkjelyden:

Korarbeid er ein sentral læringsarena der songarane får eigarforhold til det som blir sunge, samtidig som dei formidlar trua. Tru kan òg uttrykkjast gjennom dramatisering, dans og biletkunst. Sentrale bibelforteljingar er referanseramme for mykje av den vestlege kunst- og litteraturskatten.

Arbeidet med musikk og annan kultur i trusopplæringa gir høve til tverrfagleg samarbeid mellom dei tilsette i kyrkjelyden. Det ligg òg eit positivt potensial i samarbeid mellom kyrkjelyden, kulturinstitusjonar og kunstnarar i lokalsamfunnet. (Side 32)

### 6.3 Oppsummering av kapittel 6

Denne gjennomgangen av sluttrapporten etter trusopplæringsforsøket og trusopplæringsplanen har vist at det er stor grad av samsvar mellom det som tidlegare i oppgåva er definert som viktige moment i arbeidet med å legge til rette gudstenester for born, og det som trusopplæringsplanen seier om born og gudsteneste. Dette gjeld ikkje minst:

- Forståinga av at born sin eigen *gudsrelasjon og trusutvikling* må vere avgjerande for korleis gudstenester vert tilrettelagt for born.
- Born må få vere *aktive deltakarar og medarbeidarar* når gudstenester vert planlagt og gjennomført.
- Gudstenesta *må ikkje berre vende seg til intellektet*. Rørsle og handling, teiknhandlingar og symbolhandlingar er ein viktig del av gudstenesta.

Trusopplæringsplanen understrekar sterkt at born må få delta på gudstenestene ut frå sine egne føresetnader. Dei må få vere aktive deltakarar og bidragsytarar. Born må få vere med både på planlegging, gjennomføring og evaluering av gudstenester. Trusopplæringsplanen ser gudstenesta som ein uvurderleg ressurs i trusopplæringa. Ein viktig grunn til dette er at den læringa ein oppnår gjennom å *delta* ved gudstenester, knyter saman kunnskap, praksis og fellesskap.

## Del III

### TEORIUTPRØVING: NOKRE EKSEMPEL

#### Kapittel 7

#### EKSEMPEL PÅ GUDSTENESTELEDD OG OPPGÅVER

Frå dette kapitlet av går eg over til den siste, praktiske delen av oppgåva. I den første delen av kapitlet drøftar eg nokre gudstenesteledd der born kan ha meningsfulle liturgiske funksjonar (7.1). I den siste delen av kapitlet drøftar nokre sider ved det å ha born som medarbeidarar ved gudstenester (7.2).

#### 7.1 Gudstenesteledd

##### 7.1.1 Prosesjonar

Mange born likar prosesjonar. Prosesjonar skapar liv og rørsle i gudstenesta. Vi brukar kyrkjerommet og vi brukar kroppen. Inngangsprosesjonen symboliserer kyrkjelyden på vandring mot Gud, evangelieprosesjonen symboliserer at Gud og Guds ord er midt imellom oss, utgangsprosesjonen symboliserer kyrkjelyden på vandring frå gudstenesta sitt møte med Gud til kvardagen si teneste for Gud og nesten i verda.

Medan prosesjonane går gjennom kyrkja, reiser resten av kyrkjelyden seg og markerer slik at dei høyrer saman med dei som går i prosesjonen. På denne måten vert alle, både dei som sjølv går med i prosesjonen, og resten av kyrkjelyden, delaktige i handlinga.

Eg har gjennom oppgåva fleire gongar brukt omgrepet *teiknhandling*. Prosesjonar er eksempel på dette. Det vi gjer, er symbol på – eller teikn på – ein del av røyndomen. Både om ein går med i, eller ser prosesjonen bevege seg gjennom kyrkjerommet, kjem ein i kontakt med andre sider av personlegdomen enn dei sidene som ord åleine kjem i kontakt med.

Born kan gå med i prosesjonen. I inngangsprosesjonen kan dei til dømes bere fram utstyret som skal dekke altaret, og dei kan bere fram nattverdelementa som vert sette anten på

altaret eller på eit anna bord i koret. Vert nattverdelementa sette på eit anna bord enn altaret, kan born bere dei fram til altaret i samband med offertoriet (takkofteret).

### 7.1.2 *Takkofter og offertorium*

Også offertoriet eller innsamlinga og framberinga av takkofteret har stor symbolkraft i seg, både fordi det er rørsle og bruk av rommet, og på grunn av innhaldet i sjølve handlinga. I tillegg til at vi gjev gåver til gode føremål, symboliserer takkofteret at vi gjev oss sjølve tilbake til Gud, at vi gjev Gud herredøme over livet vårt, med alt vi er og alt vi har. Dette momentet er vanskelegare å oppfatte dersom vi ikkje reiser oss og går for å legge frå oss noko av det som er vårt. Difor bør takkofteret ikkje samlast inn i benkane. Kyrkjelyden må få reise seg og gå for å gje sitt takkofter. Då erfarer kroppen at vi gir tilbake til Gud noko av det som Gud har gjeve oss. Og anten vi gjev gåva i form av pengar eller lovsong eller stille bøn, understrekar vandringa at vi strekker oss mot Gud – livgjevaren, frelsaren og trøystaren – i takk-semd, i undring eller med naudrop.

Ein gong eg var med på ei drøfting av familiegudstenesta, sa ei mor: ”Sonen min på fire synest at ofringa er det kjekkaste på gudstenesta.” Det var truleg fordi det då var rørsle og aktivitet. Og det var noko som guten på fire år kunne vere med på.

Vi kan argumentere på tilsvarande måte for at nattverdelementa bør berast fram til altaret som ein del av førebuinga til nattverden. Det er aktivitet og rørsle, og det vert synleg at elementa vi brukar, er ein del av vårt takkofter. (Jf. kapittel 4.3.3)

Born må få vere med på å gå fram og gje sitt takkofter. Dersom takkofteret vert samla inn i benkane, kan born vere med på innsamlinga, og dei kan vere med på å bære offergåvene fram til altaret etter innsamlinga.

### 7.1.3 *Nattverd*

Også nattverden har sterk symbolkraft i seg. Difor er det ikkje uventa at mange born som får delta, opplever nattverden som eit høgdepunkt i gudstenesta.

Nattverden har vore utsett for den same intellektualiseringa som resten av gudstenesta, både ved at ein har tenkt at det å *forstå* nattverden har vore avgjerande, og ved at sjølve måltidet har vorte stilisert og minimalisert. Dette er særst tydeleg når vi ser på brødet: Den vesle, smaklause oblaten vi vanlegvis brukar til nattverd, gjev ikkje mykje oppleving av at vi et brød.

Vi må hente fram att meir av den sterke symbolikken som ligg i sjølve handlinga. Eg har tidlegare vore inne på at nattverden, på same måten som dåpen og fredshelsinga, engasjerer kontaktsansane følelse, lukt og smak. Sidan desse sansane er grunnleggande for born, er det truleg slik at nattverden er ekstra viktig for små born. Ei nattverdfeiring der ein styrkar opplevingane som vi får gjennom desse sansane, vil styrke opplevinga av nattverden. Dette vil seie at vi må kjenne smaken av brød og vin. Det må vere ein smak på vinen som born likar, og brødet må sjå ut som og smake som brød. Også opplevinga av fellesskapen i nattverden kan verte sterkare. Dette kan til dømes skje ved at vi i større grad ser kvarandre og helsar på kvarandre. Kanskje kan vi også prøve ut ulike måtar å gjennomføre måltidet på, til dømes ved at vi sit rundt eit bord og sender maten frå den eine til den andre?

Nattverden illustrerer ei viktig side ved trua og ved gudstenesta: Det er gjennom å *delta i sjølve handlinga* at vi får del i det som nattverden gjev. Det er ikkje ved å forstå det eller ved å sjå på at andre tek imot nattverden, at vi får del i han. Ved å delta sjølve tek vi faktisk imot frelsesgåvene som Gud gjev oss. Dette seier også noko viktig om livet: Vi er overlatne til å ta imot alt frå Gud.

Born kan bere fram nattverdelementa før nattverden. Eg har sjølv erfaring med at ungdom har vore med og delt ut vin under nattverden, saman med meg. Eg trur, ut frå eigen erfaring, at det å få dele ut nattverd, kan vere ei av dei sterkaste opplevingane av Guds nåde som unge menneske kan få.

#### 7.1.4 *Opplesing*

Det har vorte vanleg i mange kyrkjelydar at born les tekstar under gudstenesta. Dette kan vere både bibeltekster, bønner og andre liturgiske tekster. Medan dei gudstenesteledda eg så langt har drøfta, er eksempel på praktiske oppgåver, og der symbolikken og bruk av kroppen og rommet er viktig, har opplesing av tekster også ei annan side som må drøftast.

Det er ikkje alle born som er fortrulege med å stå fram og lese høgt. Ingen må kjenne seg tvinga til slike oppgåver. Dette er ikkje minst viktig når det gjeld konfirantar, der opplesing ved gudstenester er ei svært vanleg oppgåve. (Sjå meir om dette i kapittel 8.2.2.)

Men andre born vil setje pris på ei slik oppgåve. På same måten som for andre medarbeidarar, er det viktig at born som skal lese, får den instruksjon og hjelp som er naudsynt for at dei kan lese desse tekstene slik at dei vert høyrt og forstått av tilhøyrarane. Det er også viktig at dei praktiske utfordringane knytte til bruk av mikrofon og høgtalaranlegg vert løyste.

Born må ikkje få som oppgåve å lese tekstar som dei ikkje sjølv kan stå inne for. Dette kan føre til at ei tekst som *eit barn* gjerne vil lese, *ikkje* bør lesast av *eit anna barn*. Dette er ikkje minst viktig når det gjeld lesing av bønner.

### 7.1.5 Bøn

I tillegg til å lese bønner, kan born også engasjerast i arbeidet med å utarbeide bønner til bruk på gudstenesta. I artikkelen "Barn og gudstjeneste" presenterer Strandenæs ein metode for "bønedugnad"<sup>126</sup> som han har brukt i speidargruppa han er leiari for. Leiaren stiller spørsmål som "Kva har vi å takke for?" "Kva har vi å be om?" "Kven har vi å be for?", og gudsteneste-leiaren skriv ut bønene, vanlegvis som eit kort takkeemne og ei kort forbøn for kvart tema. Strandenæs fortel at ved lysmessa har dei 24 slike "bøne-par" med takkeemne og forbønsemne, og for kvart "bøne-par" tenner ein av speidarane eit lys i lysgloben.

Også lystenning i samband med forbøn er ein praksis som mange har gode erfaringar med. Sjølv lystenninga er ei praktisk, fysisk oppgåve som har ein sterk symbolkraft i seg.

Strandenæs fortel at borna er svært engasjerte i dette, både når dei samtalar, og under gudstenesta der bønene vert brukte. Denne metoden kombinerer fleire viktige moment:

- Born lærer om bøn: Både *kva* dei kan be om, og *korleis* dei kan be.
- Born får praktisk øving i å be.
- Dei lærer at takk og forbøn høyrer saman: Bøn er meir enn å "be om å få".
- Dei erfarer at det dei er opptekne av, høyrer heime i gudstenesta.
- Når born høyrer på kvarandre, lærer dei av kvarandre.

Ei av erfaringane frå dette, er at sjølv om mange av bønene handlar om det lokale, er born også opptekne av internasjonale tilhøve og det dei høyrer om i radio og fjernsyn. Mi erfaring med dette er at ikkje minst ulukke og born som lid, er viktige bønneemne for born.

Denne måten å arbeide med bøn på, er også av stor verdi for kyrkjelyden som heilskap. Eg har den same erfaringa som også Strandenæs fortel om: Når vaksne høyrer bønene som borna har laga, oppdagar dei at born har mykje å bidra med inn i fellesskapen. Dei lærer meir om born si tru.

Strandenæs fortel også om ein annan effekt av å la born arbeide med bøn på denne måten: Når dei vert konfirmantar, er det fleire som tilbyd seg å formulere bønner. Dei har allereie lært korleis dei skal be på speidaren.

## 7.2 Born som har oppgåver på gudstenestene

### 7.2.1 Born som medarbeidarar

Ut i frå det som er sagt om at vi lærer gjennom kroppen, gjennom handling, er det klart at born som får oppgåver og deltek aktivt ved gudstenesta, vil få eit anna og djupare tilhøve til gudstenesta enn dei som ikkje får slike erfaringar. I tillegg vil dei som deltek, erfare at det er bruk for dei og at det dei kan bidra med, har verdi for fellesskapen. Oppgåvene kan gjerne gå på omgang, slik at så mange som råd får slike erfaringar, og det er bra om borna får erfaring med ulike oppgåver.

Det er viktig at born stadig er synlege mellom dei som har oppgåver ved gudstenesta. Desse borna "representerer" då alle born som er til stades. Det viser at gudstenesta også er for born, og at borna høyrer med og er ein del av fellesskapen. Tilsvarande vil det at også unge og vaksne deltek, understreke at gudstenesta er for alle.

Born, unge og vaksne bør ha oppgåver *saman*. Ta prosesjonen som eksempel: Dersom berre born går i prosesjon, seier det at "dette er ei oppgåve for born". Då vert det naturleg å tenke at "når eg vert større, er ikkje dette noko for meg lenger. Då er eg for stor." I tillegg veit vi at born vil gjere viktige oppgåver, og det at born, unge og vaksne deltek saman, er med på å understreke at dette er ei viktig oppgåve. Det er også viktig at born får oppleve at dei høyrer med i ein fellesskap, både med andre born, og med dei vaksne som deltek ved gudstenestene.

Alle som skal ha oppgåver ved gudstenesta, må få lære kva dei skal gjere, når, kvar og korleis dei skal gjere det, og kvifor dei skal gjere det. Dei må få tilstrekkeleg tid til å førebu seg og til å øve, slik at dei er trygge på det dei skal gjere. Dette er heilt avgjerande for at borna skal få ei god oppleving av å delta.

Vi må ha respekt for borna og deira grenser. Born må aldri tvingast til å gjere meir enn dei sjølve vil og kan stå inne for. Vi må samarbeide med heimen. Dette er særleg viktig så lenge borna er små.

### 7.2.2 Ministrantteneste

Mange kyrkjelydar har gode erfaringar med å ha born og unge som ministrantar ved gudstenestene. Med ministrantteneste tenker vi særleg på liturgiske oppgåver som til dømes å gå i prosesjon, bere prosesjonskross og prosesjonslys, eller å assistere ved dåp og nattverd. Men

---

<sup>126</sup> Strandenæs, "Barn og gudstjeneste", 14-16.

også oppgaver som til dømes å arbeide saman med kyrkjetenar og kyrkjevertar, både før og under gudstenesta er aktuelle.

Desse tenestene er positive på fleire måtar: Born får vere aktive. Dei brukar kroppen, og dei brukar kyrkjerommet. Gjennom dette får dei ei djupare oppleving av gudstenesta og ei djupare forståing for kva ei gudsteneste er og kva vi gjer på gudstenesta.

Mange born og unge set stor pris på å få vere aktive på denne måten. I Spjelkavik kyrkjelyd har vi erfart at mange av konfirmantane har vurdert denne tenesta som det mest positive i konfirmasjonstida. Men vi har også erfart at det tek tid å ha ansvar for ministranttenesta. I alle fall i vår kyrkjelyd vil vi vere avhengige av at fleire deler på ansvaret for ministranttenesta, dersom tenesta skal kunne utvidast.<sup>127</sup>

### 7.2.3 Barnekor

Trusopplæringsplanen nemner korarbeid som ein sentral læringsarena for trusopplæringa.<sup>128</sup> Gjennom mange år er kanskje arbeidet med barnekor i kyrkjelydane den arbeidsforma som meir enn noko anna har gjeve born undervisning om gudstenesta og øving og erfaring med å delta på gudstenester. I mange kyrkjelydar har barnekoret hatt sentrale funksjonar, både gjennom songen og gjennom ulike ministrantoppgåver. Organisasjonen "Ung Kirkesang" har gjeve viktige impulsar til dette arbeidet. "Ung Kirkesang" har mellom anna gjeve ut to hefte som viser korleis ein kan undervise om gudstenesta i samband med korarbeidet.<sup>129</sup>

## 7.3 Oppsummering av kapittel 7

Prosesjonar, offertorium eller takkoffer, og nattverd er eksempel på liturgiske ledd som har sterk symbolkraft i seg. Når born får delta i desse gudstenesteledda, kan dei erfare at dei er med på viktige delar av gudstenesta. Denne opplevinga vert forsterka dersom born og vaksne

---

<sup>127</sup> Jakob Frode Knudsen, "Ministranter – eller hvordan aktivisere større barn i gudstjenesten"; tilgjengelig på [www.kirken.no/bjorgvin/doc/Ministranter.doc](http://www.kirken.no/bjorgvin/doc/Ministranter.doc); besøkt 6. desember 2006. Her fortel Knudsen om sine erfaringar med ministrantar i Bergen domkirke sidan midten av 1990-talet. Hans Arne Akerø, *Kirkesvaler: Arbeidshefte for ministranter i Fossum kirke* (Oslo: Fossum kyrkje, 1993). Dette er eit arbeidshefte til bruk for ministrantar. Sindre Eide (red.), *Duften av nardus: Barn og unge som ministranter og medliturger i gudstjenesten* (Oslo: IKO, 2010). Her drøftar Eide born si deltaking i gudstenester i lys av gudstenestereforma. Her er også fleire eksempel og erfaringar frå Stavanger domkyrkje, Brumunddal og Veldre, Rønvik, og Gildeskål.

<sup>128</sup> [Kyrkjerådet,] *Gud gir – vi deler*, 32.

<sup>129</sup> Inger Elisabeth Aarvik, *Kyrie, Gloria, Sanctus og Agnus Dei*. Trosopplæring i kor – hefte 1 (Lillesand: Ung kirkesang, 2006). Inger Elisabeth Aarvik et al., *Credo. Barnet, Året, Huset og Liturgien: Et opplegg til bruk i barnekor*. Trosopplæring i kor – hefte 2 (Lillesand: Ung kirkesang, 2007).

gjer oppgåver saman. For born er det at vaksne gjer dei same oppgåvene, eit teikn på at oppgåvene er viktige.

Born som får oppgåver ved gudstenestene, får eit djupare tilhøve til gudstenesta enn dei som ikkje får slike erfaringar. Men born må ikkje få oppgåver som dei ikkje er fortrulege med å gjere. Dei må få tilstrekkeleg informasjon og øving, slik at dei er trygge på det dei skal gjere.

Når born er synlege på gudstenesta, vil andre born erfare at gudstenesta også er for born, og at born er ein del av fellesskapen.

Born kan vere med på å førebu bøner som skal brukast ved gudstenesta. På denne måten lærer dei korleis dei kan be og får praktisk erfaring med å be.

## Kapittel 8

### EKSEMPEL FRÅ KONFIRMASJONSTIDA

Frå å drøfte einiskilde gudstenesteledd og oppgåver som eignar seg for born, går eg no over til å drøfte konkrete gudstenester. I dette kapitlet vil eg presentere arbeidet som vi gjorde med presentasjonsgudsteneste (8.1) og lysmesse (8.2) i Volda sokn mellom 1999 og 2001. Eg vil gjere greie for dei måla vi hadde og dei metodiske refleksjonane vi gjorde i arbeidet med desse gudstenestene. Til slutt vil eg gjere ei vurdering av desse gudstenestene i lys av det som er kome fram tidlegare i oppgåva (8.3).

Volda sokn omfattar bygdebyen Volda, som i denne perioden hadde mellom 70 og 93 konfirmantar for året. Ved begge desse gudstenestene deltok alle konfirmantane samla.

#### 8.1 Presentasjonsgudstenesta

Vi arrangerte ei felles presentasjonsgudsteneste til vanleg høgmessetid. Tema for gudstenesta var ”Gudstenesta – møtestad mellom himmel og jord”. Samstundes som konfirmantane vart presenterte for kyrkjelyden, skulle denne gudstenesta hjelpe konfirmantane å bli kjent med gudstenesta.

Utgangspunktet for gudstenesta var den ordinære høgmesseordninga. I løpet av gudstenesta stansa vi ved fleire ”stasjonar”. Kvar ”stasjon” var knytt til ei av handlingane som høyrer med til gudstenesta, og til den staden i kyrkjerommet der denne handlinga skjer. Ved kvar ”stasjon” presenterte vi det som skjer i denne delen av gudstenesta. Slik vart presentasjonsgudstenesta både ei ”vandring” gjennom gudstenesta og ei vandring gjennom kyrkjerommet. Ved kvar ”stasjon” presenterte vi ein del av konfirmantane. Under denne presentasjonen fekk konfirmantane eit ”presentasjonsbevis” med ein illustrasjon, namnet på konfirmanten, nokre setningar om korleis Gud møter oss på denne ”stasjonen”, og eit bibelord.

I 1999 hadde vi tre ”stasjonar”, knytte til nådemidla dåp, Guds ord og nattverd. I 2000 hadde vi fire ”stasjonar”, knytte til ”stader der Gud møter oss”: dåp, Guds ord, bøn og nattverd. Ved kvar ”stasjon” hadde vi det same programmet:

- Salme
- Konfirmantane kom fram samla
- ”Punktpreike” med bibelord – maks 3 minutt

- Konfirmantane vart presenterte og fekk ”presentasjonsbevis”. Som avslutning las presten eller kateketen det som stod på ”presentasjonsbeviset”.

I staden for éi lang preike hadde vi ved kvar ”stasjon” ei kort ”punktpreike”. Innhaldet i ”punktpreika” var knytt til bibelordet og teksten på ”presentasjonsbeviset”. Teikningane på ”presentasjonsbeviset” vart også brukt i gudstenesteprogrammet.

Desse åra hadde vi ikkje dåp eller nattverd ved desse gudstenestene. På ”stasjonen” med bøn kom sjølvne forbøna mellom salmen ”Ver meg nær, å Gud” og presentasjonen av konfirmantane. (Sjå Vedlegg 1: Skjematisk oppsett av presentasjonsgudstenesta, Vedlegg 2: Eksempel på ”presentasjonsbevis”, Vedlegg 3: Program presentasjonsgudsteneste og Vedlegg 4: Manus presentasjonsgudsteneste.)

### 8.1.1 Innhaldet i gudstenesta

Då vi tok til med å planlegge denne presentasjonsgudstenesta, var målet at konfirmantane skulle erfare kva som er ”innhaldet” i ei gudsteneste, og at grunnen til at ei gudsteneste har akkurat dette innhaldet, er at *Ordet, bøna og nattverden* er ”møtestader mellom Gud og menneske”. Desse møtestadene hadde lenge vore sentrale tema i konfirmasjonsundervisninga.<sup>130</sup> Men medan det for konfirmantane var naturleg å knytte dåp og nattverd til gudstenesta, vart bibellesing og bøn oftast forstått individualistisk, som aktivitetar som dei einskilde kunne gjere kvar for seg. Det var viktig for oss å vise at det også er naturleg å knytte desse møtestadene til gudstenesta.

Vi visste også at presentasjonsgudstenesta var ei gudsteneste der mange foreldre og slektningar av konfirmantane deltok. Mange av desse var lite kjente med innhaldet i gudstenesta. Det var difor også eit mål å presentere gudstenesta for desse gruppene.

Eit anna utgangspunkt var at vi skulle ha *ei felles presentasjonsgudsteneste* for alle konfirmantane. Men når så mange konfirmantar skulle presenterast på ein gong, erfarte vi at presentasjonen vart ein for massiv bolck, ikkje minst for resten av kyrkjelyden. Difor ynskte vi å presentere konfirmantane i mindre grupper, på fleire stader i gudstenesta.

Det er dilemma knytte til det å gjere slike inngrep i gudstenesta som denne presentasjonsgudstenesta er eit eksempel på. Gudstenesta må få vere *gudsteneste*, og kyrkja må få

<sup>130</sup> Denne terminologien var mellom anna inspirert av konfirmantbøkene *Sentrum*, der Bibel og bøn, dåp og nattverd vart kalla møtestader mellom Gud og menneske, og *Konfirmantpermen*, der hovuddelane av gudstenesta kalla ”templet”, ”klasserommet”, ”bedehuset”, ”det mystiske rommet” og ”Guds verden”. Sindre Eide, Finn Wagle og Magne Lerø, *Sentrum* (Oslo: H. Aschehoug & Co, 1986, andre utgave). Kåre Rånes, *Konfirmantpermen*, (Tingvoll: Skrifthuset, 1999).

vere *kyrkje*, og ikkje berre *klasserom*. Difor var det viktig at gudstenesta skulle opplevast som gudsteneste, og at endringane ikkje skulle vere så store at gudstenesta ikkje skulle vere til å kjenne igjen. Dette meinte vi at vi oppnådde ved å bruke den vanlege strukturen på gudstenesta, og ved at vi i det vi sa, gjorde det tydeleg at den gudstenesta vi hadde denne dagen, hadde akkurat dei same elementa som andre gudstenester.

### 8.1.2 *Kyrkjelyden som læringsfellesskap – gudstenesta som læringsstad*

Vi var også opptekne av at presentasjonen måtte skje ved ei gudsteneste der resten av kyrkjelyden var til stades. Ikkje minst fordi vi veit at mange ber for konfirmantane, er det viktig at kyrkjelyden er til stades når konfirmantane vert presenterte. Difor må presentasjonen skje på ei av dei ordinære gudstenestene for kyrkjelyden, og ikkje ved ei særleg gudsteneste for konfirmantane og deira familiar.

Ei anna side er at konfirmantane og dei som kjem til gudsteneste saman med konfirmantane, då møter ein aktiv og praktiserande kyrkjelyd. Det same er sjølvstilt tilfelle for alle andre som kjem til gudsteneste ved særlege høve, som dåp, gudstenester med bokutdeling, eller ved andre høve. Dei som kjemt til kyrkja ved slike spesielle anledningar, må få møte menneske som trur. Dei må få møte menneske som er samla om Guds ord og sakramenta. Dei må få møte menneske som vender seg til Gud i bøn og lovprising, og som viser at dei er avhengige av Gud og Guds nåde. Dei må kort sagt møte ein levande og praktiserande kyrkjelyd.

Vi som har ansvar for gudstenester og opplæring i kyrkja må ta dette på alvor. Dei som høyrer til i kyrkjelydane, må få høyre at dei er viktige. Dei må få høyre at det er dagar då dei bør gå til kyrkje, ikkje berre for å få eige utbytte og verte oppbygde sjøve, men også for å vere modellar på menneske som trur på Jesus og som har sin plass i kyrkja. Når det er mange konfirmantar og foreldre i kyrkja, eller når det er fullt av forventningsfulle fireåringar eller dåpsforeldre, då kan dei som vanlegvis deltek ved gudstenestene, vere modellar som andre kan sjå på og lære av.

## 8.2 **Lysmessa**

Vi hadde fleire "samtalegudstenester" i løpet av konfirmasjonstida. Lysmessa er eitt eksempel på slike gudstenester. Frå 1999 hadde vi "*vandring gjennom frelseshistoria*" som tema for denne gudstenesta. Vi såg dei ulike "etappane" i frelseshistoria ut frå synspunktet for-

ventning om at Gud kjem til oss. Lysmessa var spesiell fordi vi her kombinerte to ulike arbeidsmåtar, med kvar sine utfordringar:

- Det var ei gudsteneste der konfirmantane hadde oppgåver. Dei fleste hadde praktiske oppgåver *under* gudstenesta, ei mindre gruppe las bøner og tekster. Konfirmantane var også i nokon grad med på *førebuinga* av gudstenesta. Dette galdt førebuing av bøner og teikning av illustrasjon til gudstenesteprogrammet.
- Vi gjorde samstundes visse endringar i gudstenesta når vi knytte saman liturgien og frelseshistoria.

Begge desse momenta gjorde det naudsynt å arbeide med *regien* for denne gudstenesta.

Også ved denne gudstenesta heldt vi fast på den ordinære strukturen på gudstenesta. Vi knytte dei ulike "etappane" i frelseshistoria både til dei ulike delane av gudstenesta og til ulike stader i kyrkjerommet. I tilknytning til fleire av "etappane" i frelseshistoria brukte vi lys-tenning og lyssymbolikk. Vi skreiv ein del tekstar som gudstenesteleiarane las for å knytte saman "etappane" i frelseshistoria og for å knytte desse til gudstenesteledda.

Alle konfirmantane hadde minst ei oppgåve under gudstenesta. Dei hadde praktiske oppgåver: laging og utdeling av gudstenesteprogram, tenning av lys før gudstenesta og under gudstenesta, klokkeringing, styring av det elektriske lyset i kyrkja, prosesjon og dekking av altaret, innsamling av takkoffer, oppteljing av takkoffer og rydding etter gudstenesta, song, og lesing av bibeltekster og bøner.

Fredagen før gudstenesta hadde vi øving. Konfirmantane møtte til forskjellig tid, slik at alle skulle få øve på sine oppgåver. Deretter hadde vi ei felles "generalprøve" med alle medverkande. På generalprøva gjennomførte vi heile gudstenesta i samanheng. På øvinga fekk konfirmantane også vite kvar dei skulle sitje under gudstenesta.

To personar, prest og kateket, delte på gudstenesteleiinga.

I 2001 hadde alle konfirmantane eit to timars undervisningsopplegg om frelseshistoria som ein del av førebuinga til lysmessa. Konfirmantar skreiv bøner som vart lesne opp under forbøna. Dei skreiv også bønelappar som vart lagt på altaret.

(Sjå Vedlegg 5: Regiskjema lysmesse i Volda kyrkje, med tekst til gudstenesteleiarane, oversyn over oppgåver og regimerknadar, Vedlegg 6: Program for øving før lysmessa, Vedlegg 7-9: Manus for lesing av profeti, forbøn og tenning av betlehemslyset på lysmessa.)

### 8.2.1 Innhaldet i gudstenesta

Medan den berande ideen bak presentasjonsgudstenesta var "Gudstenesta – møtestad mellom himmel og jord", og vi knytte dei ulike handlingane vi gjer i løpet av ei gudsteneste, til ulike stader i kyrkjerommet, var ideen bak lysmessa "vandring gjennom frelseshistoria". Det var avgjerande å ha rett rekkefølge både på dei frelseshistoriske hendingane og på ledda i gudstenesta. Slik håpte vi at lysmessa *både* ville gje kjennskap til frelseshistoria og ei djupare forståing av innhaldet i gudstenesta. Vi ville også knytte frelseshistoria saman med våre liv, slik at det vart tydeleg at Guds store frelseshistorie har med kvar og ein av oss å gjere.

Også ved denne gudstenesta var det viktig at gudstenesta skulle vere gjenkjenneleg. Sjølv om innhaldet i fleire av gudstenesteledda var nyskrive, så skulle rekkefølga og progresjonen i gudstenesta vere gjenkjenneleg. Dette var viktig for at det konfirmantane opplevde på denne gudstenesta, skulle ha "overføringsverdi" til ei vanleg gudsteneste.

Vi tok utgangspunkt i den kjente tredelinga av temaformuleringa for adventstida:

- Han som kom ein gong
- Han som kjem til oss no
- Han som skal kome igjen

Vi var også inspirerte av materialet som vart sendt ut til kyrkjelydane i samband med feiringa av tusenårsskiftet.<sup>131</sup> Denne feiringa tok til med advent 1999. I dette materiellet vart det mellom anna introdusert eit "betlehemslys". Vi lét tenning av "betlehemslyset" gå inn som del av lysmessa ikkje berre ved inngangen til år 2000, men også i åra etterpå.

I arbeidet med lysmessa henta vi også inspirasjon frå den danske litteraturprofessoren Erik A. Nielsen. I boka "Den skjulte gudstjeneste" presenterer han eit framlegg til ny gudstenesteordning for Den danske folkekyrkja. Den første delen av denne gudstenesta, med skriftlesing frå Det gamle testamentet, var knytt til Gud Fader, skapinga og Det gamle testamentet. Midtdelen av gudstenesta, med lesing frå evangeliet, var knytt til Jesus Kristus og oppfyllinga av lovnadane frå Det gamle testamentet. Den siste delen av gudstenesta, med nattverden og skriftlesing frå breva i Det nye testamentet, var knytt til Den Heilage Ande og den gudstenestefeirande kyrkjelyden som Kristi lekam:

Man kunne altså sammenfattende sige, at gudstjenesten forsøger at spille os på plads i den guddommelige verdenshistorie, fordi det ved liturgiens formidling bliver klart, at Guds store og længst sigtende planer ikke er mere ophøjede og storstilede, end at de i deres forløb lægger vejen ind igennem hvert eneste kristenmenneskes liv.

<sup>131</sup> Liturgisk senter, *Betlehemslyset: Rettleiing til tenninga av betlehemslyset i alle kyrkjelydane i landet frå advent 1999 til jula 2000* (Oslo: Jubileum 2000/Noregs kristne råd, 1999).

Hva forestiller altså en gudstjeneste? Tolket således, ... fortætter gudstjenesten i et forløp af en times eller halvandens varighed hele den kristne frelseshistorie med alle de led, som trosbekendelsen opregner den i. Og den bevidner, at enhver, der bekender troen og deltager i gudstjenesten, derved inddrages på sin plads i den store historie og selv kommer til at medvirke i dens videre forløb.<sup>132</sup>

Her viser altså Erik A. Nielsen at vi kan sjå heile gudstenesta som ei "framstilling" av frelseshistoria, der dei som trur og deltek ved gudstenesta, vert "dregne inn" på den plassen dei har i Guds frelseshistorie. Dette ville vi prøve å synleggjere gjennom denne lysmessa.

Dette framlegget til ny dansk gudstenesteordning vart ikkje vedteke. Den største skilnaden frå vår gudsteneste og den felleskyrkjelege ordo var kanskje at lesinga frå breva i Det nye testamentet var flytta til den siste delen av gudstenesta. Sjølv om vi ikkje gjorde bruk av dette grepet i arbeidet med lysmessa, gjorde vi bruk av den prinsipielle tenkinga som Erik A. Nielsen presenterte.

### 8.2.2 Konfirmantar som medarbeidarar

Vi har erfart at konfirmantar opplever gudstenester der dei sjølve har oppgåver, heilt forskjellig frå gudstenester der dei ikkje har oppgåver. Dei er ikkje publikum, det er *deira* gudstenesta. Ved å ha oppgåver ved gudstenesta lærer dei altså noko om at gudstenesta også er for dei, og at det er bruk for dei. Dei lærer at dei kan gjere ein innsats som betyr noko.

Vi hadde som mål at alle konfirmantane skulle ha minst éi oppgåve ved desse gudstenestene. Men det var viktig for oss at kvar konfirmant skulle få ei oppgåve som han eller ho likte å gjere. Oppgåvene skulle vere med på å gjere gudstenesteopplevinga *betre*, ikkje *dårlegare*. Difor er det viktig å ha varierte oppgåver.

Nokre konfirmantar synest det er heilt i orden å ha ei oppgåve der dei er synlege for alle. Andre ynskjer ei oppgåve der dei ikkje er så synlege. Begge oppgåvetypene er viktige for å gjennomføre gudstenesta.

Nokre konfirmantar vil gjerne lese høgt under gudstenesta. For andre er det utenkeleg. Eg tek dette spørsmålet opp tidleg i konfirmasjonstida. Eg spør kvar konfirmant om det er greitt for dei å lese høgt og seier at eg ikkje kjem til å tvinge nokon til å lese høgt, korkje i konfirmasjonstimane eller på gudstenester. Samstundes seier eg at vi er avhengige av at dei som synest det er i orden, tek på seg slike oppgåver. Etter at eg har begynt å ta dette spørsmålet opp på denne måten, har eg aldri hatt problem med å få nok konfirmantar til å lese. Men eg har sett at ein del konfirmantar pustar letta ut og senker skuldrene.

<sup>132</sup> Nielsen, *Den skjulte gudstjeneste*, 138.

Når konfirmantar har oppgåver på gudstenester, må dei få så detaljert instruksjon og øving at dei ikkje er i tvil om *kva* dei skal gjere, *korleis*, *når* og *kvar* dei skal gjere det, og *kven* dei skal gjere det saman med. Eit eksempel: I staden for å seie at ein konfirmant skal gå fram ”i løpet av ein salme”, så bør vi heller seie: ”Du skal gå fram på stikkordet ... i det ... verset.” Ingen skal trenge å være utrygge fordi dei er usikre. Ingen skal trenge å gjere ein feil som alle ser, fordi dei ikkje har fått skikkeleg beskjed om kva oppgåva går ut på eller fordi dei ikkje har fått god nok øving på førehand.

Ei anna side ved dette er at så lenge konfirmantane ikkje er trygge på det dei skal gjere, vil dei vere så opptekne av dette at dei ikkje får med seg noko anna frå gudstenesta.

Dette gjer at det må setjast av nok tid til øving og førebuing. Fleire år før vi arbeidde ut denne lysmessa, hadde vi gått over frå å øve med konfirmantane like før gudstenesta, til å ha øvinga ein eller to dagar før gudstenesta. Så lenge vi øvde på søndagen, vart det hektisk og urolig, og både konfirmantane og vi vart utrygge. Alt vart lettare, og alle vart tryggare, då vi fekk betre tid til øvinga og førebuinga.

Det er viktig at det er framdrift i øvinga, slik at vi unngår unødig ventetid. Dette gjer at god organisering av øvinga er viktig. Vi var fleire leiarar under øvinga, slik at vi kunne arbeide med fleire grupper samtidig. Vi sette opp ein detaljert øvingsplan, og konfirmantane fekk beskjed om å møte til forskjellig tid.

Det var heilt nødvendig å ha ei generalprøve med full gjennomgang av gudstenesta som ein del av denne øvinga. Både konfirmantane og vi som leidde gudstenesta, trong denne gjennomkøyringa for å vere trygge på våre oppgåver. Eit år prøvde vi ei enklare ”generalprøve”, der vi fleire gonger sa: ”No kjem eg til å gjere slik,” eller ”då vil ho seie noko om ...”. Vi erfarte at dette ikkje var godt nok.

### 8.2.3 Regi

Under arbeidet både med lysmessa og med andre gudstenester, erfarte vi at vi måtte arbeide grundig med planlegging og regi for gudstenestene. Det var fleire grunnar til dette:

- Slike gudstenester, der mykje var annleis enn ved andre gudstenester, stilte store krav til medarbeidarane.
- Det var mykje å hugse og passe på. Vi hadde mange ”rekvisittar” som skulle plasserast på rett stad før gudstenesta (lys, lyshaldarar, fleire forskjellige ark med manuskript).
- Det skulle tennast lys i løpet av gudstenesta.

- Om lag 80 konfirmantar hadde ulike oppgåver til ulik tid og på forskjellige stader i kyrkjerommet.

Når vi har planlagt godt, slik at alle er fortrulege med sine oppgåver, kan vi gå inn i oppgåvene med heile oss. Då kan Den Heilage Ande virke gjennom oss.

Vi arbeidde ut eit detaljert regiskjema, detaljert plan for øvinga, plan for kor dei ulike konfirmantgruppene skulle sitje under gudstenesta, og manuskript til konfirmantgruppene som skulle lese. I manuskripta skreiv vi både det som skulle seiast og korleis regien skulle vere, kvar konfirmantane skulle stå, og korleis og når dei skulle utføre dei ulike delane av oppgåvene sine. Dette var til god hjelp, både ved øvinga med konfirmantane, ved førebuinga av kyrkjerommet før gudstenesta, og ved gjennomføringa av gudstenesta.

Den som var aller mest glad for dette, var kanskje kyrkjetenaren. Han sa at arbeidet hans vart heilt forandra – til det betre. Dette understrekar eit poeng som vi som har mest med konfirmantane å gjere, må merke oss: Også samarbeidspartnarane våre, til dømes andre prestar, kyrkjetenarar, kyrkjevertar, organistar og klokkarar, treng tilstrekkeleg informasjon og øving i samband med slike gudstenester.

### 8.3 Vurdering

Til hjelp i arbeidet med å vurdere om gudstenester er gode gudstenester for born har eg laga eit sett med kriteria. (Sjå Vedlegg 10: Kriteria for vurdering av gudstenester.) Her har eg sett opp sju hovudspørsmål:

1. Inneheld gudstenesta handling og rørsle; vert rommet og kroppen brukt?
2. Vert fleire sansar engasjerte?
3. Er det gjort bruk av symbol og teiknhandlingar?
4. Lèt gudstenesta born praktisere si tru; er Gud i sentrum?
5. Vert det talt sant om livet; er tema og uttrykk som vert brukte, aktuelle for born?
6. Inneheld gudstenesta både gjenkjenning og variasjon; er det rom for ”antistruktur”?
7. Er born medarbeidarar?

#### 8.3.1 Vurdering av presentasjonsgudstenesta

1. Inneheld gudstenesta handling og rørsle; vert rommet og kroppen brukt?

Gudstenesta inneheld handling og rørsle. Ulike delar av rommet er i bruk, og gudstenesta vart leidd frå ulike stader i rommet.

## 2. Vert fleire sansar engasjerte?

Konfirmantane gjekk til ulike stader i kyrkja. Dei fekk utdelt eit "presentasjonsbevis". Elles var ikkje sansane engasjerte ut over det som er vanleg ved ei gudsteneste.

## 3. Er det gjort bruk av symbol og teiknhendingar?

Vi utnytta symbolikken i gudstenesta når vi brukte ulike delar av rommet og knytte konfirmantpresentasjonen saman med fleire delar av gudstenesta. Slik gav vi vekt til og gjorde innhaldet i dei ulike delane av gudstenesta synleg. Vi fekk mykje positiv tilbakemelding på dette, både frå røynde gudstenestedeltakarar og frå andre deltakarar som var i kyrkja saman med "sine" konfirmantar.

## 4. Lèt gudstenesta born praktisere si tru; er Gud i sentrum?

Trua på Gud var tydeleg. På alle stasjonane handla det om korleis Gud møter oss og har med livet vårt å gjere no. Eg er meir usikker på i kor stor grad gudstenesta lét konfirmantane praktisere si tru. Det at presentasjonsgudstenesta var til vanleg høgmessetid, gjorde at dei som kom til gudsteneste fordi det var konfirmantpresentasjon, møtte ein praktiserande kyrkjelyd.

## 5. Vert det talt sant om livet; er tema og uttrykk som vert brukte, aktuelle for born?

Vi prøvde å knyte trua på Gud og kvardagslivet saman. Det var ei utfordring å finne songar/salmar som var kjente både av konfirmantane, foreldra og kyrkjelyden. Dette problemet vart forsterka av at presentasjonen skjedde i starten av konfirmasjonstida.

## 6. Inneheld gudstenesta både gjenkjenning og variasjon; er det rom for "antistruktur"?

Sidan vi heldt fast på den ordinære gudstenestestrukturen, meiner eg at gudstenesta var gjenkjenneleg. Her var samtidig fleire element som skapte variasjon i høve til ei ordinær høgmesse. Det var ei klar struktur på gudstenesta. Ho bar preg av å vere planlagt ned til minste detalj. I ettertid er det vanskeleg å vurdere i kva grad det også var "antistrukturelle" element som kunne "mjukne" strukturen.

## 7. Er born medarbeidarar?

Ingen av konfirmantane var medarbeidarar ved denne gudstenesta.

### 8.3.2 *Vurdering av lysmessa*

1. Inneheld gudstenesta handling og rørsle; vert rommet og kroppen brukt?

Også i denne gudstenesta var det rørsle og handling. Konfirmantar bevega seg til ulike delar av rommet, og gudstenesta vart leidd frå ulike stader i rommet.

2. Vert fleire sansar engasjerte?

Av sansane var det særleg synssansen som vart engasjert, sidan det skjedde ulike handlingar som ikkje skjer ved vanlege gudstenester.

3. Er det gjort bruk av symbol og teiknhandlingar?

Det var fleire sterke teiknhandlingar i denne gudstenesta: Prosesjonane og dei ulike formene for lystenning hadde sterk symbolkraft i seg. Gudstenesta var også sterkt knytt til kyrkjeåret.

4. Lèt gudstenesta born praktisere si tru; er Gud i sentrum?

For konfirmantane vert spørsmålet om praktisert tru særleg knytt til arbeidet med bønene. Gud var i sentrum gjennom fokuset på Guds handlingar gjennom frelseshistoria. Gjennom dette var djupnedimensjon i trua tydeleg til stades.

5. Vert det talt sant om livet; er tema og uttrykk som vert brukte, aktuelle for born?

Bønene vart aktuelle sidan konfirmantane var med på å skrive dei, og også ved at konfirmantane kunne skrive bønelappar som låg på altaret under gudstenesta. Men også ved denne gudstenesta vart salmevalet problematisk.

6. Inneheld gudstenesta både gjenkjenning og variasjon; er det rom for "antistruktur"?

Det var viktig at gudstenesta skulle vere gjenkjenneleg, på tross av at mykje av innhaldet var uvant. Også ved denne gudstenesta var strukturen stram, slik at det var bruk for "antistrukturelle" element. Den store konfirmantdeltakinga, og dei sterke teiknhandlingane medverka til dette, men dette er sannsynlegvis likevel eit svakt punkt ved slike gudstenester.

7. Er born medarbeidarar?

Konfirmantane si deltaking var kanskje det sterkaste punktet i denne gudstenesta. Dei hadde viktige oppgåver, og både dei og andre medarbeidarar var godt førebudde. Men med unntak av bønene var konfirmantane i liten grad med på å førebu gudstenesta.

#### 8.4 Oppsummering av kapittel 8 – og spørsmålet om nattverd

Både ved presentasjonsgudstenesta og ved lysmessa har eg funne positive element knytte til alle dei sju hovudkriteria for om ei gudsteneste kan vere ei god gudsteneste for born. Men eg ser òg at vi kunne gjort langt meir for å gjere dette til gode gudstenester for konfirmantane.

Begge gudstenestene er svært strukturerte, i og med at vi brukar sjølve gudstenestepordninga til å synleggjere viktige sider ved trua, og dermed som materiale for trusopplæring. Samtidig meiner eg at vi klarte å ha tydeleg fokus på at gudstenestene skulle vere *gudstenester*. På denne måten vart gudstenestene tydelege både som trusopplæring og som *gudsteneste*, altså som arena for praktisert tru.

Sidan gudstenestene var så strukturerte, var behovet for ”antistruktur” stort. Noko av dette vart ivareteke av at konfirmantane var så synlege, og av at ein del av innhaldet i gudstenestene var annleis enn det brukar å vere. Men dette stilte også store krav til oss som leidde gudstenestene. Det var viktig at vi ikkje gjorde gudstenestene ”stivare enn naudsynt”.

Den største skilnaden mellom dei to gudstenestene var konfirmantane si deltaking. Eg meiner at lysmessa er eit godt eksempel på at mange kan ha meningsfulle oppgåver ved den same gudstenesta, men det krev både tid, grundig planlegging og ein gjennomtenkt regi.

Utan å gå inn i ei omfattande drøfting av spørsmålet, må eg seie at det kan diskutertast om det burde ha vore nattverd også ved presentasjonsgudstenesta. I ettertid har eg hatt nattverd på mange gudstenester med konfirmantar. Nattverd ved slike gudstenester er med på å gjere nattverden synleg og å vise at nattverden høyrer med i kyrkjelyden sitt ordinære gudstenesteliv. Ikkje minst når noko av poenget med gudstenesta er å *presentere* gudstenesta for konfirmantane, kan det argumenterast for at nattverden bør høyre med.

Nattverden er positiv ut i frå fleire av dei sju hovudkriteria: Nattverden inneber rørsle, handling og bruk av kroppen (1), han involverer følesansen og smakssansen (2), nattverden er i seg sjølv eit sterkt teikn på at Gud tek imot oss (3), og deltaking ved nattverden lèt born praktisere si tru, og Gud er i sentrum (4).

Under føresetnad av at konfirmantane har fått undervisning om nattverden før denne gudstenesta, meiner eg at nattverden kan høyre med også ved ei presentasjonsgudsteneste. Undervisninga må mellom anna innebere at konfirmantane får smake på brød og vin.

Vår erfaring er at konfirmantane i mindre grad enn før finn det problematisk at nokre går til nattverd og andre ikkje. I alle fall her i Spjelkavik, der eg har vore prest dei siste ti åra, er mitt inntrykk at born og unge er vande med at dei har ulike ståstader i høve til religiøse spørsmål. Her trur eg at skulen si KRL- og seinare RLE-undervisning har hatt ein positiv

effekt. Difor er det ikkje mi erfaring at det er like problematisk som før for konfirmantane at spørsmålet om nattverddeltaking skapar skilje mellom dei. Det er kanskje eit større problem for oss som er vakse opp i ei tid då nattverden systematisk vart halde unna slike gudstenester.

## Kapittel 9

### KONKLUSJON

Før eg starta arbeidet med den første oppgåva om born og gudsteneste i 2006, var det spørsmålet om kva som kan fornye gudstenestelivet i kyrkjelydane som var utgangspunktet. Den gongen spurte eg om ei gudsteneste i den liturgiske tradisjonen kan møte born sine behov for å møte Gud og lære Gud å kjenne. Då konkluderte eg:

Gjennom arbeidet med denne oppgåva meiner eg å ha vist at ei gudsteneste i den liturgiske tradisjonen kan møte born og born sine behov på ein god måte. Men det er ein del føresetnader som må vere til stades for at dette skal skje: Born må få større plass og vere medarbeidarar ved gudstenesta. Gudstenesta må vere relevant og livsnær, og born må kunne kjenne igjen meir av sitt eige, til dømes i songar og bønner, og i problemstillingar og eksempel i forkynninga. Gudstenesta må verte rikare på symbol og teiknhandlingar enn ho har vore dei siste hundreåra, og ho må vere fylt av handling og aktivitet.

Sagt med andre ord kan ikkje gudstenestene lenger ha eit så einseitig fokus på det intellektuelle som våre gudstenester lenge har hatt. Kroppen, sansane og følelsane må engasjerast på ein heilt annan måte.

Dersom dette skjer, vil det kome heile kyrkjelyden til gode. Ikkje berre born, men også unge og vaksne vil på denne måten betre kunne finne sin plass i kyrkjelyden sitt gudstenesteliv. Då er det kanskje sant at det at born vil delta på gudstenestene, vil vere med på å fornye gudstenestelivet for heile kyrkjelyden.<sup>133</sup>

Eg ville først og fremst vise at ei liturgisk gudsteneste ikkje berre *kunne fungere* i møte med born, men også at ei slik gudsteneste *har verdiar som er viktige* for born. Det vil seie at ei liturgisk gudsteneste er godt eigna til å møte born sine behov for å møte Gud og lære Gud å kjenne. Dette meiner eg framleis. Men det har kome til ein del nye moment:

I oppgåva som eg no legg fram, hevdar eg at gudstenesta både er *trusopplæring* og ein arena for *praktisert tru*. Dette er gudstenesta sitt store fortrinn i trusopplæringa. Sett frå dette synspunktet er gudstenesta slik som trusopplæringa må vere.

Det har vorte klart at både gjentaking og variasjon kan vere både meiningsfull og meiningslaus. Difor er ikkje spørsmålet om vi vil ha gjentaking *eller* variasjon. Både gjentaking og variasjon må vurderast ut i frå om dei gjev meining eller ikkje.

Eg har vist at det er samsvar mellom det som eg i denne oppgåva har definert som viktige moment i gudstenester med born, og det som trusopplæringsplanen *Gud gir – vi deler*

---

<sup>133</sup> Gading, "Gudsteneste som tek", 26.

seier om born og gudsteneste. Dette gjeld ikkje minst at born sin eigen gudsrelasjon og trusutvikling må vere avgjerande for korleis gudstenester vert tilrettelagt for born. Det gjeld også understrekinga av at born må få vere aktive deltakarar og medarbeidarar når gudstenester vert planlagt og gjennomført, og at gudstenesta ikkje berre må vende seg til intellektet. Rørsle og handling, teiknhandlingar og symbolhandlingar er viktige delar av gudstenesta.

Det som eg likevel har funne mest interessant, er det å sjå det eg elles har funne, i samband med det Martin Modéus skriv om struktur og antistruktur og det han kallar "systemfeil" ved gudstenesta. Modéus sitt arbeid gjev spørsmålet om born og gudsteneste ein ny dimensjon. Han peiker ikkje på andre *grep og praktiske løysingar* på utfordringane knytte til born og gudsteneste, men han set spørsmålet inn i ein meir grunnleggande samanheng.

Modéus ser det at gudstenesta er stiv og upersonleg og manglar menneskeleg varme, og den over- og underordninga som fører til at det store fleirtalet er passive tilskodarar og tilhøyrarar, medan berre nokre få er aktive bidragsytarar, som nokre av dei grunnleggande problema ved gudstenesta. Det trengst ei djuptgripande endring for å rette på dette. Modéus trur at born er dei som kan "redde" gudstenesta, fordi det som karakteriserar born, nettopp er det som *ikkje* er stivt og passivt og utan menneskeleg varme.

Då eg skreiv den første oppgåva om dette temaet, starta eg med å spørje kva det er som kan fornye gudstenesta. Gjennom arbeidet eg no har gjort, opplever eg at "ringen er slutta": Eg er tilbake ved det opphavlege spørsmålet om kva som kan fornye gudstenesta. Svaret er at *born kan fornye gudstenesta*. Liturgien og gudstenesta treng born, like mykje som born treng liturgien og gudstenesta.

## BIBLIOGRAFI

Akerø, Hans Arne. *Kirkesvaler: Arbeidshefte for ministranter i Fossum kirke*. Oslo: Fossum kirke, 1993.

Baden, Hans Olav Skaare (red.). *Barn og gudstjeneste – om hel deltagelse*. Stavanger: Cantando musikkforlag AS, 2004.

Baldovin, John F. "The Empire Baptized". I *The Oxford History of Christian Worship*, red. Geoffrey Wainwright og Karen B. Westerfield Tucker. Oxford: Oxford University Press, 2006, 77-130.

Barna, George (Researcher). "Most Twentysomethings Put Christianity on the Shelf Following Spiritually Active Teen Years". Tilgjengelig på [www.barna.org/barna-update/article/16-teensnext-gen/147-most-twentysomethings-put-christianity-on-the-shelf-following-spiritually-active-teen-years](http://www.barna.org/barna-update/article/16-teensnext-gen/147-most-twentysomethings-put-christianity-on-the-shelf-following-spiritually-active-teen-years). Besøkt 6. oktober 2010.

*Bibelen*. Oslo: Bibelselskapet, 2011.

Birkedal, Erling. "Noen ganger tror jeg på Gud, men ..."? Trondheim: Tapir akademiske forlag, 2001.

Bjerkestrand, Karin Brunvathne. "Barnet i gudstjenesten". I *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid*, red. Ragnhild Halle og Geir Hegerstrøm. Oslo: IKO, 2000, 50-57.

Bjerkestrand, Karin Brunvathne. "Barn som deltakere i gudstjenesten". I *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid*, red. Ragnhild Halle og Geir Hegerstrøm. Oslo: IKO, 2000, 102-110.

Björdal, Øystein. "Så liflig vi leker for Herren: Om liturgi og barn". I *Halvårsskrift for praktisk teologi* nr 2, (2002): 3-11.

Brunvoll, Arve. *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter: Ny oversettelse med innledning og noter*. (LOGOS – Bibliotek for misjon og teologi) Oslo: Lunde forlag, 1976, andre opplag.

Byström, Jan og Norrgård, Leif. *Mer än ord. Liturgisk teologi och praxis*. Prästmötesavhandling för Växjö stift. Stockholm: Verbum förlag, 1996.

Chan, Simon. *Liturgical Theology: The Church as Worshiping Community*. Downers Grove, IL, InterVarsity Press, 2006.

Colclough, Michael. "Cooperation on church planting and Church Development". Foredrag i St. Stephan's church, Twickenham, London", 16. mars 2006.

[Church of England.] *Common Worship: Services and Prayers for the Church of England*. London: Church House Publishing, 2000.

Dahlen, Trond. Innlegg i samtale på Mikkelsmesskonferansen 24.-26. september 2004:

”Gudstjeneste som trosopplæring”.

Diocese of Worcester. ”What is All-Age Worship?” Tilgjengelig på <http://www.cofeworcester.org.uk/CBB/101>. Besøkt 4. februar 2011.

Dokka, Trond Skard. ”Trosopplæringens sakramentale forankring”. I *Barneteologi og kirkens ritualer: Perspektiver på trosopplæring, barn og konfirmanter*, red. Elisabeth Tveito Johnsen. Oslo: Det praktisk-teologiske seminar, 2007, 43-54.

Edøy, Torill. ”Barn med spesielle behov”. I *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid*, red. Ragnhild Halle og Geir Hegerstrøm. Oslo: IKO, 2000, 93-100.

Eide, Sindre (red.). *Duften av nardus: Barn og unge som ministranter og medliturger i gudstjenesten*. Oslo: IKO, 2010.

Eide, Sindre, Wagle, Finn og Lerø, Magne. *Sentrum*. Oslo: H. Aschehoug & Co, andre utgave, 1986.

Ellverson, Karl-Gunnar. *Handbok i Liturgik*. Stockholm: Verbum, 2003.

[Evangelical Lutheran Church in America.] *Evangelical Lutheran Worship. Leaders Desk Edition*. Minneapolis: Augsburg Fortress, 2006. Fourth Printing, february, 2008.

Evenshaug, Oddbjørn. Tale på Trosopplæringskonferansen, Lillestrøm, 22. oktober 2008.

FN. Barnekonvensjonen. Tilgjengelig på [http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/veiledninger\\_brosjyrer/2004/fns-barnekonvensjon.html?id=88078](http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/veiledninger_brosjyrer/2004/fns-barnekonvensjon.html?id=88078). Besøkt 5. oktober 2010.

Fougner, Jorunn. ”Dagens barn – morgendagens kirke? Om religiøs kommunikasjon på barns premisser”. I *Barn og gudstjeneste – om hel deltagelse*, red. Hans Olav Skaare Baden. Stavanger: Cantando Musikkforlag AS, 2004), 19-27.

Fowler, James W. *Stages of Faith: The Psychology of Human Development and the Quest for Meaning*. San Francisco: Harper & Row Publishers, 1981.

Fæhn, Helge. *Gudstjenestelivet i Den norske kirke – fra reformasjonstiden til våre dager*. Oslo: Universitetsforlaget, 1994.

Gading, Olav. ”Ei gudsteneste som tek born på alvor. Kan gudstenester i den liturgiske tradisjonen tene born sine behov for å møte Gud og lære Gud å kjenne?”. SPP 3-oppgåve. Stavanger: Misjonshøgskolen, 2007.

Hagen, Ingunn. *Gudstjenestelegen: om aktiv liturgi*. Oslo: Verbum, 2002.

Halle, Ragnhild og Hegerstrøm, Geir (red). *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid*. Oslo: IKO, 2000.

Halle, Ragnhild og Hegerstrøm, Geir. ”Hva er forkynnelse?” I *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid*, red. Ragnhild Halle og Geir Hegerstrøm. Oslo: IKO, 2000, 7-10.

Johansen, Elisabeth Tveito. *Barneteologi og kirkens ritualer: Perspektiver på trosopplæring, barn og konfirmanter*. Oslo: Det praktisk-teologiske seminar, 2007. Det praktisk-teologiske seminars skriftserie 14, (2007), 67-93.

Kaul, Dagny. "Gud vil jeg skal være et solskinnsbarn. Jenters spiritualitet i norsk religionspedagogikk". I *Feministteologi på norsk*, red. Dagny Kaul, Anne Hilde Laland og Solveig Østrem. Oslo: Cappelen akademisk forlag, 1999, 226-248.

Kaul, Dagny. Samtale 30. september 2011.

Kaul, Dagny. "Voksnes holdning til barns religion: barnekirken som dåpsopplæring". I *Dåp – konfirmasjon – kateketisk praksis. Et ritoperspektiv på sosialisering*, red. Synnøve Heggem og Espen Dahl. Oslo: Det praktisk-teologiske seminar, 2003, 67-93.

Kirke- utdannings- og forskningsdepartementet. "...til et åpent liv i tro og tillit." *Dåpsopplæring i Den norske kirke*. NOU 2000: 26.

Kyrkerådet [Den norske kyrkja.] *Dåpen og vegen vidare. Plan for dåpsopplæring i Den norske kyrkja*. Oslo: Kyrkjerådet, 1992.

[Kyrkerådet, Den norske kirke]. *Familiemesse*. Oslo: Verbum, 2003.

[Kyrkerådet, Den norske kirke.] *Norsk salmebok*. Oslo: Verbum, 1985.

Kirkemøtet [Den norske kirke.] Protokoll sak 12/93.

Kyrkerådet [Den norske kirke.] "Rundskriv 4-2003, Familiemesse: Om ordningen Familiemesse". Oslo: Kyrkerådet, 2003.

Kyrkerådet [Den norske kirke]. "Visjoner for et fornyet gudstjenesteliv". Saksdokument til Kyrkerådet sak 48/04.

Kvalbein, Hans. *Jesus: Hva ville han? Hvem var han? En innføring i de tre første evangeliens budskap*. Oslo: Luther forlag, 2008.

[Kyrkjerådet. Den norske kyrkja.] *Høyringsnotat: Reform av kyrkjens gudstjenesteliv. Orientering om høyringsdokumenta*. Bergen: Eide Forlag og Den norske kyrkja ved Kyrkjerådet, 2008.

[Kyrkjerådet. Den norske kyrkja.] *Liturgi – Nynorsk: Framlegg til Ny ordning for hovudgudstjenesta i Den norske kyrkja*. Bergen: Eide Forlag og Den norske kyrkja ved Kyrkjerådet, 2008.

[Kyrkjerådet, Den norske kyrkja.] *Gudstjenestebok for Den norske kyrkja. Del 1: Gudstjenester*. Oslo: Verbum (Andaktsbokselskapet), 1992.

[Kyrkjerådet, Den norske kyrkja.] *Gudstjeneste for Den norske kyrkja*. Stavanger: Eide forlag, 2011.

- Kyrkerådet [Den norske kyrkja.] *Plan for trusopplæring. Gud gir – vi deler*. Oslo: Kyrkerådet, Den norske kyrkja, 2010.
- Klauser, Theodor. *A Short History of the Western Liturgy: An Account and some Reflections. Second Edition*. Oxford: Oxford University Press, 1979.
- Knudsen, Jacob Frode. "Ministranter – eller hvordan aktivisere større barn i gudstjenesten". Tilgjengelig på [www.kirken.no/bjorgvin/doc/Ministranter.doc](http://www.kirken.no/bjorgvin/doc/Ministranter.doc). Besøkt 6. desember 2006.
- Kultur- og kyrkjedepartementet. *Trusopplæring i ei ny tid: Om reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja*. St. meld. nr. 7 (2002-2003).
- Liturgisk senter. *Betlehemslyset: Rettleiing til tenninga av betlehemslyset i alle kyrkjelydane i landet frå advent 1999 til jula 2000*. Oslo: Jubileum 2000/Noregs kristne råd, 1999.
- Lundberg, Lars Åke. *Tilsammans i gudstjänst: En inspirationsbok*. Stockholm: Verbum, 2002.
- Martinson, Roland D. "Exemplary Youth Ministry Practices". Seminar på Trusopplæringskonferansen på Lillestrøm 22. oktober 2008.
- Martinson, Roland D. "Hva er viktig for at barn og unge skal bli værende i kirken og praktisere sin tro?" Foredrag på Trusopplæringskonferansen på Lillestrøm 22. oktober 2008.
- Midttun, Jørund. "Vi kommer til deg med vår takk og sang: En presentasjon av ordningen for Familiemesse". *Prismet* 1 (2003): 3-13.
- Modéus, Martin. *Mänsklig gudstjänst: Om gudstjänsten som relation och rit*. Prästmötesavhandling till Stockholms stifts prästmöte 2005. Stockholm: Verbum, 2008.
- Nielsen, Erik A. *Den skjulte gudstjeneste: En fantasi*. København: Amadeus, 1987.
- Rolin, Alf. "Barns religiøse utvikling". I *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid*, red. Ragnhild Halle og Geir Hegerstrøm. Oslo: IKO, 2000, 11-18.
- Rånes, Kåre. *Konfirmantpermen*. Tingvoll: Skrifthuset, 1999.
- Sandell, Elizabeth J. *Including children in worship: a planning guide for congregations*. Minneapolis: Augsburg Publishing House, 1991.
- Schøien, Kristin Solli. "Gudstjeneste er å leke himmelen på jorda". *Prismet* 1 (2003): 14-19.
- Schøien, Kristin Solli. *Ung messe. Håndbok med melodihefte for menigheten*. Oslo: Verbum, 1997.
- Shadid, Susan og Johnson, Beverly. "Velkommen til min verden: 8 ark med nøkkelinformasjon om barns utvikling frå 0-10 år". Willow Creek Norge, 2010.
- Sjøgren, Per-Olof. *Høymessen: den fortapte sønns liturgi*. Arkenserien 3. Oslo: Arken, 1978.

[Svenska kyrkan.] *Den svenska kyrkohandboken 1986*. Stockholm: Verbum, 1986.

Southern Baptist Council of Family Life, The. "Family Life Council says it's time to bring family back to life". Tilgjengelig på [www.sbcannualmeeting.net/sbc02/newsroom/newspage.asp?ID=261](http://www.sbcannualmeeting.net/sbc02/newsroom/newspage.asp?ID=261). Besøkt 6. oktober 2010.

Strandenæs, Thor. "Dialoguing with Children on Liturgy and Worship". *Svensk Missions Tidsskrift* 92 (2004) nr. 3: 489-515.

Strandenæs, Thor. "Barn og gudstjeneste: Gudstjenesten som sted for trosutfoldelse eller trosopplæring?". *Prismet* 1 (2008): 3-18.

Styringsgruppa for trosopplæringsreformen. *Når tro deles: Styringsgruppas rapport fra trosopplæringsreformens forsøks- og utviklingsfase 2003-2008*. Oslo: Den norske kirke, 2008.

Stålsett, Sturla J. "Barneteologi i emning". I *Himmel over livet: Forkynnelse for barn i en ny tid*, red. Ragnhild Halle og Geir Hegerstrøm. Oslo: IKO, 2000, 34-40.

Swinton, John og Mowat, Harriet. *Practical Theology and Qualitative Research*. London: SCM Press, 2006.

Utnem, Jan Oskar. *Tilbedelsens ansikt: Om kroppen, sansene og bevegelsens plass i gudstjenesten*. Trondheim: Tapir, 1998.

Wainwright, Geoffrey og Tucker, Karen B. *The Oxford History of Christian Worship*. Oxford: Oxford University Press, 2006.

Aarvik, Inger Elisabeth et al. *Credo. Barnet, Året, Huset og Liturgien: Et opplegg til bruk i barnekor*. Trosopplæring i kor – hefte 2. Lillesand: Ung kirkesang, 2007.

Aarvik, Inger Elisabeth. *Kyrie, Gloria, Sanctus og Agnus Dei*. Trosopplæring i kor – hefte 1. Lillesand: Ung kirkesang, 2006.

## **Vedlegg**

- 1. Skjematisk oppsett av presentasjonsgudstenesta**
- 2. Eksempel på "presentasjonsbevis"**
- 3. Program presentasjonsgudsteneste**
- 4. Manus: Presentasjonsgudstenesta**
- 5. Regiskjema lysmesse**
- 6. Program for øving før lysmessa**
- 7. Manus: Dei heilage profetiane om Kristus**
- 8. Manus: Forbøn for lysmessa**
- 9. Manus: Tenning av betlehemslyset**
- 10. Kriteria for vurdering av gudsteneste**

## Vedlegg 1: Skjematisk oppsett av presentasjonsgudstenesta

"Stasjon"	Stad i kyrkjeromet	Tema	Bibeltekst	Bilete	Salme
Dåp	Døypefonten	Dåpen – porten til livet med Jesus	Titus 3,5	Døypefont med due	NoS 620/ NoS 355
Forkynning av Guds ord	Lesepult/ preikestol	I bibelen møter vi Jesus	Salme 119,105	Bibelen	NoS 525
Bøn	Lysgloben	Vi kan be om alle ting	Matteus 7,7	Børn som ber	NoS 389
Nattverd	Altarringen	Nattverden – ein matstasjon	Luk 15,2	Brød og vin	NoS 642

Medan vi arbeidde med presentasjonsgudstenesta, tok vi også i bruk *Konfirmantpermen*,<sup>1</sup> utgjeve av Skrifthuset. I dette konfirmantopplegget vert gudstenesta presentert som ei vandring gjennom ulike "rom":


- I "Innleiing: Bøn og lovsong" vert kalla *templet*
- II "Forkynning av Guds ord" vert kalla *klasserommet*
- III "Forbøn i gudstenesta" vert kalla *bedehuset*
- IV "Samling om Herrens bord" vert kalla *det mystiske rommet*
- V "Avslutning: Signing til teneste" vert kalla *Guds verden*

Denne måten å presentere gudstenesta på, likna på det vi sjølve hadde gjort. Vi såg då at vi kunne utvide konseptet med to nye "stasjonar": *Inngangen* eller *templet* og *utgangen* eller *Guds verden*. I ettertid såg eg at ein til dømes også kan lage ein "stasjon" av offertoriet/takk-offeret.

<sup>1</sup> Kåre Rånes, *Konfirmantpermen* (Tingvoll: Skrifthuset, 1999).

Vedlegg 2:  
Eksempel på presentasjonsbevis

# Konfirmant i Volda kyrkje 1999 – 2000



namn

Du vart presentert for kyrkjelagden ved gudstenesta i Volda kyrkje 24. oktober 1999.  
Ved presentasjonen stod du ved preikestolen.

Vi er kalla til å leva livet vårt saman med Jesus.

Såle er det som høyrer Guds ord og tek vare på det!  
Bibelen er ei kjelde for trua og livet.


Når vi les i Bibelen, møter vi Jesus, slik at vi vart betre kjende med han.

Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys på min stig.

(Salme 119, 1)

# PRESENTASJONSGUDSTENESTE

## Volda kyrkje 24. oktober 1999



*I dag presenterer vi konfirmantane for kyrkjelyden. Vi presenterer også gudstenesta.*

*Vi har ikkje dåp, nattverd eller vanleg preike ved gudstenesta i dag, men når vi kjem til plassen for desse ledda, stansar vi opp ved korleis Gud møter oss her.*

*Ved kvar av desse "stasjonane" vil vi også presentere ein del av konfirmantane.*

*Ungdomsutvalet har vore med på å førebu gudstenesta.*

*Illustrasjonane i programmet er teikna av Rita Backer Hjørthaug.*

**INNGANGSPROSESJON.** Altaret vert dekkja medan vi syng:

**Kom la oss samlast ved Guds ord og gjera det i stand. / Vi dekkar på med duk og lys i teneste for han. / Vi samlast her i Jesu namn, vi samlast her i Jesu namn, i Jesu namn.**

**Vi gjev kvarandre hendene for vener er vi no. / Og lager ring om altaret i midten skal det stå. / Vi samlast her i Jesu namn, vi samlast her i Jesu namn, i Jesu namn.**

**Så set vi oss så stille ned og ser på lyset skin. / Det minner om at Gud er nær, i hjarta vil han inn. / Vi samlast her i Jesu namn, vi samlast her i Jesu namn, i Jesu namn.**

**INNGANGSORD**

## SYNDSVEDKJENNING

P: Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre!

A: **Heilage Gud, himmelske Far.** / Sjå i nåde til meg, syndige menneske,  
/ som har såra deg med tankar, ord og gjerningar / og kjenner den  
vonde hug i hjarta mitt. / For Jesu skuld, ha tol med meg. / Tilgjev  
meg alle mine synder, / og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.

## KYRIE

*Vi brukar ikkje det vanlege "kyrie-leddet" i dag. For kvar linje "svarar" kyrkjelyden og syng det same som forsongarane. Teksta tyder: "Herre, miskunna deg over oss", og "Kristus, miskunna deg over oss".)*

**Kyrie eleison**


**Kriste eleison**

**Kyrie eleison**

## GLORIA – LOVSONG

P: Ære vere Gud i det høgste.

A: **Og fred på jorda, hjå menneske som Gud har hugnad i.** Vi lovar deg,  
vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.



## DÅPEN – STASJON I

SALME: "Som et barn ble du båret til meg" - nr. 78 i  
"Salmar 1997"

/: Som et barn ble du båret til meg, / som et barn  
må du overgi deg. / Slutt å gå, det er jeg som skal  
komme til deg. :/

Herre, jeg trodde jeg ville klare å gå min egen vei. / Herre, jeg trodde jeg  
ville klare å finne fram til deg. / Men nå er jeg tvilende, ensom og sliten, /  
Herre, jeg føler meg redd og liten. / Hvor går jeg? - Herre, svar meg!  
Som et barn....


Herre, jeg trodde jeg ville klare å gå den smale vei. / Herre, jeg trodde jeg  
ville klare å gi mitt liv for deg. / Men nå er jeg tvilende, ensom og sliten, /  
Herre, jeg føler meg redd og liten. / Hvor går jeg? - Herre, svar meg!  
Som et barn ....

PRESENTASJON av konfirmantane i klasse 9C

MELLOMSPEL

KOLLEKTBØN

## GUDS ORD – STASJON II



SALME: Rop det ut med hjertets jubel – nr. 525 i "Norsk salmebok"

Rop det ut med hjertets jubel, / gledesbudet  
fra ham selv: / Livet kan bli nytt fra nå av, /  
slettet ut er skyld og gjeld! / Ordet vitner  
høyt og hellig / om hans kjærlighet og makt.

/ Knel og tilbe, pris ham, hør ham, / gå og gjør som han har sagt!

Herre, takk for dyre skatter / som er skjult i dine ord. / La oss dele dem i  
troskap / med en mørk og nødstedt jord. / Vi vil vitne om din frelse, / om  
ditt bud og om din dåp, / tjene mennesker frimodig, / bringe verden lys og  
håp.

Gå og lær dem! Det var budet / dødens overvinner gav. / Stående er  
Herrens ordre / til hans venner nå som da. / Del med dem som går i mørke  
/ alt hva Kristus har å gi. / Bring Guds ord til hele verden! / Bare det kan  
gjøre fri.


PRESENTASJON av konfirmantane i klasse 9B

## KUNNGJERINGAR

### FORBØN

Etter kvart bønledd syng vi "Å Gud, hør vår bøn" – nr. 161 i "Salmar 1997".  
Å Gud, hør vår bøn, / å Gud, hør vår bøn. / Når vi bed / gjev oss svar. /  
Å Gud, hør vår bøn, / å Gud, hør vår bøn. Kom og ver du oss nær.

### FADER VÅR



## NATTVERDEN – STASJON III

SALME: "Når vi deler det brød som du oss gir" –  
nr. 642 i "Norsk salmebok"

Når vi deler det brød som du oss gir, / når vi deler  
det brød som du oss gir, / blir vår natt vendt til  
dag / i din kjærlighets soloppgang. / Å, Jesus, du  
er vårt liv!

Når vi drikker den vin som du oss gir, / når vi drikker den vin som du oss  
gir, / blir vår natt vendt til dag / i din kjærlighets soloppgang. / Å, Jesus,  
du er vårt liv!

PRESENTASJON av konfirmantane i klasse 9A

TAKKOFFER til dåpsopplæringa i Volda kyrkjelyd.  
Volda Ten sing syng medan takkofferet vert samla inn i benkene.

VELSIGNING

P: Lat oss prisa Herren!

A: **Gud vere lova, halleluja, halleluja, halleluja.**

P: Herren velsigne deg og vare deg, Herren late sitt andlet lysa over deg og vera deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred.

A: **Amen, amen, amen.**

3 x 3 slag med kyrkjeklokka.

UTANGSPROSESJON

Vi følgjer prosesjonen ut av kyrkja medan vi syng "Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang" – nr. 88 i Salmar 1997".

**Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang, / jeg vil takke deg med mine ord, / for din nåde som er uten grenser, / og for godhet og kjærlyghet stor.**

**Jeg vil gjøre mitt liv til eg lovsang for deg, / la hver tone en hyllest til deg være, / og i dager med glede og dager med sorg / vil jeg leve hver dag til din ære.**

**Ingen annen er verdig den sangen. / Bare du, Herre, eier min sang, / og i himlen skal lovsangen lyde / til din ære en evighet lang.**

**Og om sangen iblant skulle stilne / og forstyrres av uro og strid, / Herre, åpne på ny mine øyne, / så jeg ser at hos deg er min fred.**

---

KUNNGJERINGAR:

Søndag 31. oktober er det bots- og bededag.

Klokka 11.00 vert det ei stille gudsteneste med bøn og ettertanke.

Denne dagen opnar også KYRKJEMUSIKKVEKA.

J. S. Bach si store orgelmesse vert framført i kyrkja kl. 19.30.

Volda kyrkjekor med dirigent Hanne Kristin Dahle og Cor De Jong ved orgelet.

## **Vedlegg 4: Manus presentasjonsgudsteneste**

Eg har ikkje bevart manus for presentasjonsgudstenestene i Volda i 1999-2001. Dette manuset frå ei presentasjonsgudsteneste på Emblem bedehus i Spjelkavik sokn i 2004 bygger på den same ideen. Skilnaden er at vi her ikkje brukte "presentasjonsbevis" slik vi gjorde i Volda.

### **Inngangsort – før stasjon 1**

Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk, og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.

Vi er samlet til presentasjonsgudstjeneste. Spjelkavik kyrkjelyd har over 230 konfirmanter dette året. Også i år er vi en av de menighetene som har flest konfirmanter. I dag skal vi presentere noen av konfirmantene.

Samtidig som vi presenterer konfirmantene, vil vi presentere gudstjenesten.

En av de tingene dere konfirmanter skal bli bedre kjent med dette året, er gudstjenesten. Derfor vil vi bruke denne dagen til å presentere gudstjenesten. Vi kan tenke oss at vi går gjennom ulike stasjoner – eller rom – mens vi er samlet til gudstjeneste: I hvert av disse rommene møter Gud oss på en spesiell måte.

Nå er vi i "templet":

Vi kommer sammen for å møte Gud, for å takke for alt Gud gir oss, og for å be til Gud. Mens vi er i templet tar vi imot nye mennesker og "fører dem inn i kirken". Det er det vi gjør når store eller små blir døpt.

Siden skal vi gå inn i "klasserommet", der vi hører Guds ord til oss og lærer mer om Guds vilje for livet vårt.

Vi skal gå inn i "bedehuset", der vi ber til Gud og snakker med Gud.

Vi skal inn i "det mystiske rommet", der det uforståelige skjer at vi møter Jesus i nattverden.

Vi har ikke vanlig preike i dag. I stedet vil vi stanse et øyeblikk i hvert av rommene vi går gjennom. I tre rom – eller stasjoner – skal vi presentere en del av konfirmantene. Og vi skal synges en salme og høre fra bibelen om hvordan Gud møter oss i dette rommet.

Vi går inn i rommet for dåpen og synger dåpssalmen "Milde Jesus".

### **Stasjon 1 - dåpen**

*(NoS 355 – "Milde Jesus")*

Den siste dagen Jesus var sammen med vennene sine, den dagen han ble løftet tilbake til himmelen, snakket han om dåpen. ”Gå ut i all verda, gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei, og lærer dei å halde alt det som eg har bode dykk,” sa Jesus.

*Det står skrive i Paulus' brev til Titus:*

*”Gud frelste oss, ikkje fordi vi hadde gjort rettferdige gjerningar, men fordi han er miskunnsam. Han frelste oss ved det badet som atterføder og fornyar ved Den Heilage Ande.”*

Paulus kaller dåpen for ”badet som atterføder og fornyar ved Den Heilage Ande”. Det er ikke fordi vi gjør rettferdige gjerninger at Gud frelser oss. Det er ikke sånn at Gud er glad i oss bare så lenge vi er gode eller snille.

Gud er glad i oss – alltid. Gud er glad i oss før vi får gjort en eneste god gjerning. Jeg vet ingen ting som viser dette så klart som dåpen. Når vi bærer et lite barn frem for Gud, så gjør ikke barnet noe for å bli døpt. Det er andre som velger at det skal døpes. Det er andre som gjør avtale med presten. Det er andre som bærer det frem til døpefonten. Det er andre som døper det. Barnet gjør ingen ting selv. Så lite trenger vi å gjøre for at Gud skal ta imot oss. Gud vil det. Gud vil at vi skal leve sammen med Gud. Gud vil ta imot oss.

*(Presentere Friluft parti 1. De stiller opp ved døpefonten.)*

*Etter presentasjonen:*

Dere ble presentert ved døpefonten. Vi pleier å ha dåpen ved starten av gudstjenesten. Det viser at dåpen er starten på livet med Gud. Da vi ble døpt, ble korstegnet – Jesu merke – tegnet på oss. Det viser at vi som er døpt, hører Jesus til. Mye kan skje med oss i løpet av livet. Men ingen ting kan forandre det at vi er døpt og at vi er tegnet med Jesu merke. Vi som er døpt hører Jesus til – alltid. Mye kan skje på veien gjennom livet. Noen ganger føler vi at Gud er nær, andre ganger føler vi at Gud er mer på avstand. Men når du er døpt, hører du Jesus til.

Du har fått Jesu merke på deg. Derfor er veien alltid åpen tilbake til Gud. Gud slutter aldri å være glad i deg. Gud slutter aldri å ønske deg tilbake til nytt fellesskap.

*Konfirmantene setter seg.*

## **Stasjon 2 – Guds ord**

*NoS 525 – Rop det ut*

Salmen markerer at vi har gått inn i klasserommet – rommet der vi hører Guds ord til oss. I klasserommet lærer vi hva Gud vil si til oss. Vi leser fra Bibelen – Guds ord.

*Det står skrive i Salme 119:*

*Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min stig.*

Bibelen er den boken det blir solgt mest av i Norge – år etter år. Det forteller oss at det er en viktig bok. I denne gamle salmen kalles Guds ord ”en lykt for min fot og et lys for min sti”. Ordet fra Gud viser oss veien. Det viser oss veien til himmelen.

Bibelen er ikke som andre bøker. Det er ikke sånn at vi leser, og så er vi ferdig med. Ordet i Bibelen er ord å ta vare på: Huske ... kanskje lære viktige vers utenat ... Det er ord å bygge livet vårt på.

Hva er det som står i Bibelen: Det står at Gud vil oss vel. Det står at Gud sendte Jesus til verden for å frelse oss og gi oss evig liv.

Det aller viktigste har vi i det verset som vi kaller ”den vesle Bibelen”: For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

I Bibelen ser vi at dette gjorde Gud for oss. Dette gjorde Gud for deg og meg. Fordi dette står i Bibelen, er Bibelen *en kilde for troen og livet*.

*(Presentere Friluft parti 2. De stiller opp ved preikestolen.)*

*Etter presentasjonen:*

Vi er kalt til å leve livet vårt sammen med Jesus. Når vi leser i Bibelen, møter vi Jesus. Når vi leser i Bibelen, blir vi bedre kjent med Jesus.

*Konfirmantene setter seg.*

Fra klasserommet – rommet der vi hører Guds ord til oss, går vi videre til bedehuset.

### **Ekstra stasjon – Bøn**

(Vi presenterer konfirmanter ved denne stasjonen dersom det er mange ”ekstra-konfirmanter”.)

Når vi er samlet til gudstjeneste, ber vi alltid til Gud. Bønn er å snakke med Gud. Noen har kalt bønnen for pusten i kristenlivet. Kanskje er det sånn at vi trenger bønn like mye som vi trenger å puste?

Jesus har gitt oss kraftige løfter når vi ber:

”Bed, så skal de få. Leita, så skal de finna. Banka på, så skal det verta opplate for dykk,” sa han.

Vi kan be til Gud om alle ting. Gud hører alltid når vi ber. Vi kan bruke våre egne ord når vi ber, eller vi kan bruke en bønn som er skrevet av andre.

*Forbøn*

### Stasjon 3 – nattverden – Det mystiske rommet

*NoS 642 – Når vi deler*

Sangen viser at vi er kommet inn i det neste rommet: Rommet for nattverd, – eller ”det mystiske rommet”. Det er på en måte uforståelig at Jesus kan møte oss i nattverden, men slik er det. Her også skal vi høre et vers fra Bibelen:

*Det står skrevet i Lukasevangeliet, i det femtende kapitlet. Dei sa om Jesus:  
Denne mannen tek imot syndarar og et i lag med dei.*

Slik ble Jesus anklaget. Da Jesus hørte det, fortalte han tre lignelser: Om en mann som hadde 100 sauer, men manglet én, og om en kvinne som hadde ti gullmynter, men manglet én. I begge tilfeller satte de i gang med å lete og gav seg ikke før det de hadde mistet, ble funnet.

Sånn er Gud. Gud leter etter oss om vi er kommet bort. Gud vil ikke gi seg, før vi er funnet.

Jesus spiste sammen med syndere. Han avviste dem ikke. Det ble han anklaget for. Men sånn er Gud. Gud avviser ikke oss heller.

Han møter oss i nattverden. Jesus kommer faktisk til oss, han leter etter oss og oppsøker oss fordi vi er syndere som trenger tilgivelse. Dette viser de to første lignelsene.

Men Jesus fortalte *tre lignelser* den gangen: Den tredje er lignelsen om den bortkomne sønnen, han som brukte opp hele arven og så begynte å lide vondt i et fremmed land.

Da kom han til seg selv: Jeg vil gå hjem og si: "Far, jeg har syndet mot himmelen og mot deg. Jeg fortjener ikke lenger å være din sønn, men la meg være som en av tjenestefolkene dine."

Så vendte han om og gikk hjem. Kanskje skal vi se det som en oppfordring til å oppsøke Gud – til å ta imot nattverden? For i nattverden gir Jesus oss kraft til å leve og tro.

*(Presentere Friluft parti 6. De stiller opp ved altaret.)*

*Etter presentasjonen:*

Nattverden er et virkelig møte med Jesus. Det er de som vil møte Jesus, som tar imot nattverden. Det er naturlig å ta imot nattverden for alle som tror på Jesus, for alle som vil høre Jesus til. Vi tar ikke imot nattverden for å smake på brødet og vinen, for nattverden er en hellig handling.

*Konfirmantene setter seg.*

## **Vedlegg 5:**

### **Regiskjema lysmesse i Volda kyrkje 2001**

#### **med tekst til gudstenesteleiarane, oversyn over oppgåver og regimerknader**

Moment som har vore sentrale i førebuinga:

**Advent:** Jesus kom  
Jesus kjem til oss no  
Jesus kjem att

Tema for gudstenesta: **Frelshistoria**

I løpet av gudstenesta gjennomlever vi frelseshistoria. Vi ser på dei ulike epokane i frelseshistoria ut frå synspunktet **forventning om at Gud kjem til oss**.

**Lyssymbolikk:**

Ved inngangen – minner oss om at Gud er her  
Den sjuarma lysestaken – minner oss om forventninga om at Jesus skulle kome  
Betlehemslyset – minner oss om at Gud kom til verda då Jesus vart fødd  
Ved lysgloben – minner oss om at Jesus er her no  
Ved utgangen – minner oss om at vi skal bere lyset frå Gud med oss ut frå kyrkja

Tema	Program	Regi	Ansvar
<p><b>Førebuing før gudstenesta</b></p>		<p>Det må <b>reserverast benkar</b> til konfirmantane – seks benkar på kvar side. Legg ut 9 program på kvar benk.</p> <p><b>Telys</b> skal stå klare i vindauga. Konfirmantar tenner telysa.</p> <p><b>Lysgloben</b> – ikkje tend – i midtgangen bak i kyrkja (ved 3. – 4. benk)</p> <p><b>Ein sjuarma lysestake</b> skal stå framme i skipet. Lysa skal ikkje vere tende.</p> <p><b>To lyshaldarar med lys</b> skal ligge på pianoet (ikkje tende)</p> <p><b>Døypefonten</b> – med vatn i – skal stå som ved dåp.</p> <p><b>Betlehemslyset</b> skal stå framfor døypefonten. Det skal ikkje tennast.</p> <p><b>Eit lite bord på kvar side</b> nedanfor kordøra. Ei steinhelle på kvart bord.</p> <p><b>Eitt adventslys</b> skal vere tend. Hugs å tenne lyset nærast kyrkjelyden.</p> <p><b>8 offerposar</b> skal ligge på sidebenkane – 4 på kvar side.</p> <p><b>Foten til prosesjonskrossen</b> skal stå på venstre side av altaret.</p> <p><b>Lys og lyshaldarar</b> til alle konfirmantane skal ligge klare ved dei to sideskipa.</p> <p><b>Før gudstenesta startar</b> skal berre <b>lysekronene</b> på galleriet, lysa bakarst i langskipet og lysa på altartavla vere tende. Elles: ikkje elektrisk lys i kyrkja.</p> <p><b>I våpenhuset:</b> 6 altarlys – ikkje tende 8 små lysestakar med lys – ikkje tende Blomstrar – 2 vasar Bibel og gudstenestebok</p>	<p>Kyrkjetenar</p>



Tema	Program	Regi	Ansvar
		<p>Presten, kateketen og klokkaren plasserer alterlysa, blomstrane, gudstenesteboka og Bibelen på altaret.</p> <p>Dei små lysa vert plasserte på dei to små borda framme i kyrkja. Konfirmantane som har gjort dette, går deretter fram til altarringen.</p> <p>Konfirmantane vert ståande rundt altarringen.</p> <p>Kyrkjelyden set seg.</p> <p>Resten av lysa i langskipet og sideskipa vert tende.</p>	<p>Prest, kateket og klokkar</p> <p>Konfirmantar</p> <p>Kyrkjetenar</p>
<b>Syndefallet</b>			
	<p><b>Synsvedkjenning</b>  P(rest): Lyset på altaret minner oss om at Gud er her no.  Gud vil at vi skal vere lys i verda. Det er vi ikkje alltid. Difor vender vi oss til Gud for å sanne syndene våre.</p> <p>A(lle): Gud ver meg syndar nådig! Eg har såra deg og svikta nesten min – med tankar og ord, med det eg har gjort, og med det eg har forsømt. Tilgjev meg syndene mine for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarta, og gjev meg kraft til nytt liv ved din Heilage Ande.</p>	<p>Konfirmantane, kateketen og klokkaren kneler ved altarringen. Presten kneler ved altaret.</p>	<p>Presten er liturg.</p> <p>Konfirmantar, kateket og klokkar</p>
	<p><b>Absolusjon</b>  P: Guds ord seier: ”Dersom vi sannar syndene våre, er Gud trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd.”</p> <p>A: Amen.</p>	<p>Presten vend mot kyrkjelyden</p>	<p>Presten er liturg.</p>

Tema	Program	Regi	Ansvar
	<p>P: Han som tok til med ei god gjerning i dykk, skal fullføra henne, heilt til Jesu Kristi dag.</p>	<p>Konfirmantane ved altarringen reiser seg og finn plassane sine i benkane.</p> <p>Orgelmusikk</p>	<p>Organist</p>
	<p><b>Kyrie</b>  P: Lat oss halde fram med å be Gud om miskunn, ikkje berre mot oss, men mot heile verda.</p> <p>A: Kyrie eleison, Gud Fader, miskunna oss. Kriste eleison, Herre Krist, miskunna oss. Kyrie eleison, Heilag Ande, miskunna oss.</p>	<p>Etter Kyrie går presten frå altaret.</p>	<p>Presten er liturg.</p>
<p><b>Den gamle pakta:  Forventning om at Gud skulle sende Jesus</b></p>			
	<p><b>Skriftlesing, lystenning og salmesong (NoS 6, v. 1-5: "Gjer døri høg")</b></p> <p>K (på preikestolen):  Gud såg på det han hadde skapt. Alt var berre godt. Men slik heldt det ikkje fram. Det vonde kom inn i verda.  Gud la ein plan for å frelse</p>	<p>Konfirmantane som skal synge, går til galleriet.</p> <p>7 konfirmantar stiller seg ved lesepulten for å lese profetiar.  7 konfirmantar stiller seg ved den sjuarma lysestaken for å tenne lysa. Éin av dei tek lyset og lyshaldaren som ligg på pianoet, går til altaret, tenner lyset sitt frå altarlyset og stiller seg saman med dei andre lystennarane.</p>	<p>Keteketen er liturg, frå preikestolen.  Konfirmantar:  Lesarar og lystennarar</p>

Tema	Program	Regi	Ansvar
	<p>verda og oss som bur her. Gud sette i gang ein stor redningsaksjon.</p> <p>Profetane fekk høyre lovnader frå Gud.: Gud ville sende ein frelsar. Gud ville sende Messias. Det vart skapt ei forventning.</p> <p>Lat oss høyra dei heilage profetiane om Kristus, medan vi kveikjer den sjuarma lysestaken frå den gamle pakta og syng "Gjer døri høg", gjer porten vid".</p> <p>Alle syng NoS 6, vers 1</p> <p>K: Alt i dei første bøkene i Bibelen les vi om kongen som skulle kome. I 4. Mosebok står det skrive:</p> <p>1. lesar:  <b>Eg ser han, men ikkje no, eg skodar han, men ikkje nær.</b>  <b>Ei stjerne stig opp or Jakob, ein kongsstav lyfter seg for Israel.</b></p> <p>K: I Salmane les vi om fyrsten som skulle kome. Vi høyrer frå Salme 72:</p> <p>2. lesar:  <b>Han skal alle kongar hylla, han skal alle folkeslag tena. For han bergar den fattige som ropar, armingen som ingen hjelpar</b></p>	<p>Vi gjer det slik under tekstlesninga/lystenninga: Etter kvar av dei sju lesingane går to lystennarar fram. Den eine held lyshaldaren med lys, den andre lyfter ned eit lys frå lysestaken, tenner det og set det på plass. Deretter går dei to lystennarane tilbake.</p> <p>Dei gongane vi skal synge, tek vi til med å synge medan lyset vert tent.</p> <p>Lystennaren tenner det 1. lyset.</p>	

Tema	Program	Regi	Ansvar
	<p>har.</p> <p><b>Han ynkast over småkårsfolk og bergar livet åt dei fattige. Han løyser dei frå tvang og vald, deira liv er dyrt i hans augo.</b></p> <p>Alle syng NoS 6, vers 2.</p> <p>K: Tre hundre år seinare tala profeten Jesaja. Vi høyrer frå det 7. kapitlet i boka hans:</p> <p>3. lesar:  <b>Så høyr då, du Davids hus! Er det ikkje nok at de trøytar menneske, sidan de trøytar min Gud òg?</b>  <b>Difor skal Herren sjølv gje dykk eit teikn:</b>  <b>Sjå, ei møy skal verta med barn og føda ein son, og ho skal kalla han Immanuel. (Det tyder: Gud med oss.)</b></p> <p>K: Profeten Jesaja held fram slik i det 9. kapitlet:</p> <p>4. lesar:  <b>Det folket som ferdast i mørkret, skal sjå eit stort lys; over dei som bur i skugge-landet, skal lyset stråla.</b>  <b>For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven. Herreveldet kviler på hans aksler, og han skal kallast: Underfull Råd-gjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste.</b></p> <p>Alle syng NoS 6, vers 3.</p> <p>K: Vi høyrer vidare frå Jesaja-boka. Her vert Messias presentert som "Herren sin lidande tenar":</p>	<p>Lystennaren tenner det 2. lyset.</p> <p>Lystennaren tenner det 3. lyset.</p> <p>Lystennaren tenner det 4. lyset.</p>	

Tema	Program	Regi	Ansvar
	<p>5. lesar:  <b>Sanneleg, vår sjukdomar tok han på seg, og våre pinsler bar han. Vi trudde han var heim-søkt, slegen av Gud og ille plaga.</b></p> <p>6. lesar:  <b>Men han vart såra for våre brot og sundbroten for våre synder. Straffa låg på han, så vi skulle ha fred, og ved hans sår har vi fått lækjedom.</b>  <b>Vi fór alle vilt som sauer, vi vende oss kvar til sin veg. Men Herren lét råka han, det vi alle var skuld i.</b></p> <p>Alle syng NoS 6, vers 4.</p> <p>K: Vi lét dei gamle lovnadane munne ut i profeten Mika sine ord. Vi høyrer frå det 5. kapitlet i boka hans:</p> <p>7. lesar:  <b>Men du, Betlehem, Efrata, den ringaste mellom ættene i Juda! Frå deg skal eg få meg ein mann som skal vere herre over Israel.</b>  <b>Han har sitt opphav i gamal tid, hen er frå eldgamle dagar. Han skal stå og gjæta i Herrens kraft, med makt og mynd frå Herren sin Gud.</b></p> <p>Alle syng NoS 6, vers 5.</p> <p>K: Det gjekk fleire hundre år. Mange gløymde det Gud hadde</p>	<p>Lystennaren tenner det 5. lyset.</p> <p>Lystennaren tenner det 6. lyset.</p> <p>Lystennaren tenner det 7. lyset.</p> <p>Medan kyrkjelyden syng, finn tekstlesarane og lystennarane plassane sine i benkene.</p> <p>Kateketen vert ståande på preikestolen.</p>	

Tema	Program	Regi	Ansvar
	Iova. Men andre venta og vona. Ei natt høyrde gjetarar som hadde nattevakt, ord som ingen hadde høyrte før:		
<b>Inkarnasjonen</b>			
	<p><b>Gloria</b>            Solist syng S97, nr. 243, "Gloria" – to vers.</p> <p>K: Englane fortalde: Jesus er fødd i Betlehem: "I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og dette skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe." Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen som lova Gud og kvad: "Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i."</p> <p>Vi syng med i lovsongen:</p> <p>P: Til jul feirar vi at Jesus kom til verda.            Vi tenner Betlehemslyset for å</p>	<p>Songarane står på galleriet.</p> <p>Kateketen går ned frå preikestolen.</p> <p>Vi syng først unisont eitt vers.            Deretter syng vi kanon. Olav leier gruppe 1, Wendi og Kjell Roger leier gruppe 2.            Vi syng 4 vers som kanon.</p> <p>Medan vi syng, går tekstlesaren og lystennaren fram. Tekstlesaren går fram til lesepulten. Lystennaren hentar lys og lyshaldar på pianoet, går til altaret og tenner lyset, og stiller seg ved Betlehemslyset. Han/ho tenner <b>ikkje</b> Betlehemslyset no.</p> <p>Songarane går frå galleriet til plassane sine i benkene.</p>	<p>Kateketen er liturg (frå preikestolen).</p> <p>Presten er liturg (ved sida av lesepulten).</p>

Tema	Program	Regi	Ansvar
	<p>hugse at det var Gud som kom til oss då Jesus vart fødd i Betlehem.</p> <p>Tekstlesaren (ved lese-pulten): Det står skrive i Johanne-sevan-geliet, i det åttande kapitlet: Jesus seier: "Eg er lyset for verda. Den som følgjer meg, skal ikkje ferdast i mørkret, men ha livsens lys."</p> <p>P: For Gud, som sa at lys skulle skina i mørkret, han har late det skina i hjaro våre, så kunnskapen og Guds herlegdom, som strålar i Kristi åsyn, skal lysa fram. Dette er staden. Dette er tida. Her og no vil Gud bryta inn i våre liv.</p> <p>Alle syng NoS 6, vers 6-8: "Gjer døri høg, riv stengsla ned".</p>	<p>Lystennaren tenner Betlehemslyset. Han/ho vert ståande.</p> <p>Medan kyrkjelyden syng, finn tekstlesaren og lystennaren plassane sine i benkene.</p>	
<b>Forventning om at Gud møter oss i dag</b>			
	<p><b>Truvedkjenning</b> P: Lyset som brenn på altaret, minner oss om at Jesus er nær oss. Gud kom til oss då Jesus kom til verda. Gud svarte på bøna om miskunn. Gud svarte oss med nåde. Vi svarar ved å tru på Gud. Vi svarar ved å seie til Gud at vi trur.</p> <p>P: Lat oss vedkjennast vår heilage tru! A: Eg trur på Gud Fader ...</p>	<p>Alle reiser seg. <i>(Den apostoliske truvedkjenninga)</i></p> <p>Kyrkjelyden set seg etter truvedkjenninga.</p>	<p>Presten er liturg (frå altaret).</p>

	<p><b>Forbøn</b></p> <p>K: Dei som hadde høyrte profetiane om han som skulle kome, hadde voner og forventningar. Dei venta på at Gud skulle sjå til dei og kome til dei.</p> <p>Vi kan ha den same forventninga. Gud kjenner oss. Gud veit om gledene våre og sorgene våre. Gud høyrer når vi bed. Gud tenner lys i kvardagen vår.</p> <p>Vi kan stole på at Gud ser til oss. Vi kan stole på at Gud ser gledene og sorgene våre, og at Gud bryr seg om kvardagen vår.</p> <p>Lat oss ha forventning til Gud. Lat oss vende oss til Gud i bøn!</p> <p>Lesar 1: Kjære Gud. Det er godt å ha nokon som ein kan snakke med, når ein ikkje har det så godt. Du er der for meg. Du høyrer meg. Takk, Gud, for at du er der for meg.</p> <p>Vi bed for ei jente som er sjuk. Hjelp henne! Hjelp alle som har HIV og aids og andre livsfarlige sjukdomar.</p> <p><i>Alle syng: "Å Gud, høyr vår bøn".</i></p> <p>Lesar 2: Takk for at du har gjeve meg styrke til å takle livet. Takk for at du tar vare på folk og at du er der for meg og for andre. Du gir oss tro og trygghet og viser oss vegen til det "virkelige" livet.</p> <p>Vi ber for dei som ikkje har det bra og dei som treng støtte. Hjelp dei som vert mobba.</p> <p><i>Alle syng: "Å Gud, høyr vår bøn".</i></p>	<p>Kateketen går til lysgloben saman med lystennarane. Dei som skal lese bøner, stiller opp ved lesepulten.</p> <p>Ein lystennar tenner eit lys på lysgloben.</p> <p>Ein lystennar tenner eit lys på lysgloben.</p>	<p>Kateketen er liturg (frå lysgloben).</p>
--	---	---	---

	<p>Lesar 3: Vi ber for alle i Afganistan. Og for alle døde og alle pårørende etter terrorangrepet i USA. Lat det bli fred!</p> <p>Vi ber for dei som er på flukt, for dei som er utan foreldre, for dei som ikkje har ein heim, for alle barnlause, for dei fattige og for barna i Afganistan.</p> <p><i>Alle syng: "Å Gud, høyr vår bøn".</i></p> <p>4. lesar: Kjære Gud, du allmechtige Gud, du som skapte jorda og himmelen, fjella og fjordane, menneska og dyra. Frels oss, og lat oss leve i fred og harmoni. Takk for at vi slepp krig og svolt. Kjære Gud. Du som lot Jesus døy på korset, som gav liv til alt og alle, og som frelsar menneska. Takk for at du gjorde alt det.</p> <p><i>Alle syng: "Å Gud, høyr vår bøn".</i></p> <p>K: Vi lyfter også fram for deg alle bønene som er skrivne og lagt på altaret. Vi takkar deg for at du er levande og verksam mellom oss i dag. I dine hender gjev vi oss sjølv og alle dei som vi no har bore fram for deg i bøn. Du som verkar i oss med di kraft, og som kan gjera så mykje meir enn alt det vi bed om og skjønner, deg vere ære i kyrkjelyden og i Kristus Jesus gjennom alle ætter og i alle æver. Amen.</p> <p>A: Fader vår ...</p>	<p>Ein lystennar tenner eit lys på lysgloben.</p> <p>Ein lystennar tenner eit lys på lysgloben.</p> <p>Konfirmantane finn plassane sine i benkane når "Fader vår" er ferdig.</p>	
--	--	--	--

	<b>Kunngjeringar – sjå eige ark</b>	Kunngjeringane går rett over i takkofferet! Siste punkt i kunngjeringane gjeld takkofferet.	Klokkar
	<p><b>Takkoffer</b> Klokkar: Gud brur seg om kvardagen vår. Gud bryr seg om kvardagen til alle menneske. Det er difor vi gjev takkoffer når vi er samla til gudsteneste. Takkofferet som vert samla inn i kyrkja, vert brukt til beste for andre menneske.</p> <p>Når vi gjev takkoffer, gjev vi tilbake til Gud noko av det som Gud har gjeve oss.</p> <p><i>Under takkofferet syng kyrkje-lyden NoS 349 –Lyset skinner over jord.</i></p> <p>P: Herre Gud, himmelske Far, di er jorda og det som fyller henne. Alt det vi eig, høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende. Vel-sign desse gåvene, så dei kan verta til gagn for ditt rike og for vår neste, ved Jesus Kristus, vår Herre.</p>	<p>8 konfirmantar samlar inn takkofferet. Når offeret er samla inn, stiller dei opp bak i kyrkja. Dei ber det som er samla inn, fram og legg det på altaret.</p> <p>Dei vert ståande bak altaret til presten har lese bøna for takkofferet.</p> <p>Presten går for altaret.</p> <p>Etter bøna finn konfir-mantane plassane sine i benkane.</p> <p>Presten vert ståande ved altaret.</p>	<p>Klokkaren</p> <p>Presten er liturg (frå altaret).</p>
<b>Utgang</b>			
	<p>P: Vi nærmar oss slutten på gudstenesta. No lyfter vi blikket vidare framover. No ser vi ikkje lenger berre Jesus som kom til jorda julenatt. No ser vi ikkje lenger berre Jesus som kjem til</p>		<p>Presten er liturg (frå altaret).</p>

	<p>oss no. No ser vi Jesus som skal kome att.</p> <p>Då er striden til ende. Då er det ikkje lenger sorg eller smerte. Då er døden overvunnen.</p> <p>Vi kan sjå fram til at Jesus skal kome att med glede og forventning. Det er dette vi kallar <i>den kristne vona</i> eller <i>det kristne håpet</i>.</p> <p>Enno ligg det i framtida. Berre Gud veit når den dagen kjem.</p> <p>Gud vil ikkje at vi skal gløyme den verda vi lever i medan vi ventar på at Jesus skal kome att. Han har utfordringar til oss:</p> <p>Vi skal få bere det vi har fått av Gud, med oss ut frå kyrkja, for å gje det til menneske vi møter.</p> <p>Då treng vi at Gud går med oss. Då treng vi Guds velsigning.</p>		
	<p><b>Velsigning</b>  P: Lat oss prisa Herren.  A: Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.  P: <i>Velsigninga ...</i>  A: Amen. Amen. Amen.  3 x 3 klokkeslag  P: Gå i fred. Ten Herren med glede!</p>		<p>Presten er liturg (ved altaret).</p>
	<p><b>Lysprosesjon</b></p> <p><b>Utgangsprozsjon</b>  Når prosesjonen startar, syng alle:</p>	<p>Tre konfirmantar på kvar side stiller opp framfor dei fremste benkane for å tenne lysa til dei andre konfirmantane.</p> <p>Dei andre konfirmantane går ut i sidegangane. Dei tek ein lyshaldar, får eit lys, set det i lyshaldaren og får det tent.</p> <p>Dei går ned midtgangen og ut til sida og stiller seg i ein ring langs ytterveggane i hovudskipet.</p> <p>Medan konfirmantane går i prosesjon, spelar organisten.</p> <p>Når konfirmantane er komne på plass, går klokkar, prest,</p>	<p>Fire vaksne deler ut lyshaldarar og lys (to på kvar side).</p> <p>Organist</p>

	NoS 871 – <i>La oss vandre i lyset.</i>	<p>kateket og kyrkjelyd i proesjon ut av kyrkja medan vi syng.</p> <p>Vi syng salmen til alle er komne ut frå kyrkja.</p> <p>Konfirmantane vert ståande til dei har fått instruksjon om korleis dei skal levere lysa frå seg.</p>	
<b>Etter gudstenesta</b>	<p>Når kyrkjelyden har gått ut av kyrkja:  Beskjed til konfirmantane:  Blås ut lysa.  Takk for god innsats ...  (Når stearinen er størkna:)  No er gudstenesta ferdig. Det betyr at denne delen av konfirmasjonstida er ferdig. Før de går ut av kyrkja, skal de leggje lys og lyshaldarar i kassene der de fekk dei.</p> <p>Takk for i dag!</p>	<p>Konfirmantane leverer lys og lyshaldarar frå seg.  To vaksne står klar til å ta imot lys og lyshaldarar framme i hovudskipet.</p> <p>4 konfirmantar rydder på plass puter og agendar.</p> <p>2 konfirmantar hjelper til med å telje opp offeret.</p>	<p>Kateket</p> <p>Kyrkjetenar</p> <p>Klokkar</p>

## Vedlegg 6: Program for øving før lysmesse

Informasjon til gruppene:

Gruppe	Frammøte	Oppgåve
Kyrkjevertar	17.30	Dele ut program. Setje seg når prosesjonen har gått fram.
Tenne telys	17.30	Tenne telysa kl. 17.30
Inngangsprosesjon	17.50 i våpenhuset	Gå i inngangsprosesjon og bære fram lys, blomar og bøker. Stå rundt altarringen. Knele
Skriftlesing	17.50	Stille opp ved lesepulten når "Kyrie" er ferdig. Det ligg manus på lesepulten. Lese. Gå bak i rekka. Alle står til alle er ferdige.
Betlehemslyset	17.50	Gå fram til lesepulten og Betlehemslyset medan alle syng Gloria. Hente lys på altaret. Tenne lyset når Olav har sagt: "Vi tenner Betlehemslyset ..." Lese. Gå ned saman når alle syng: "Gjer døri høg".
Forbøn	17.50	Gå fram til lesepulten og lysgloben etter truvedkjenninga. Lese når Olav har sagt: "Lat oss vende oss til Gud i bøn." Tenne lys når alle syng: "Å Gud, høyr vår bøn." Gå samla ned når "Fader vår" er ferdig.
Takkoffer	17.50	Hente offerposar når kunngjeringane er ferdige. Samle inn. Møtest ved inngangen. Bære fram takkofferet. Stå ved altaret under bøna. Gå ned når bøna er ferdig.
Rydde etter gudstenesta	17.50	Rydde saman papir og puter, evt. også teiknebrett og rusk etter gudstenesta. Saman md Helge.
Telje opp offer etter gudstenesta	17.50	Telje offeret i sakrestiet etter gudstenesta. Saman med Wendi.
Utgangsprosesjon	17.50	Gå fram for å få lys. Tenne lysa på lysgloben. Stå framfor dei fremste benkane. La dei andre konfirmantane tenne lysa sine medan dei går forbi. Gå sist i utgangsprosesjonen.
Songarar	17.50	Syng "Gloria" frå galleriet etter skriftlesing, lystenning og innleiing (Olav frå preikestolen)

## Plan for øvinga:

- Plassere konfirmantane i benkene.
- Øve på utgangsprosesjonen – alle.  
Hugs: Hald lusa loddrett, ikkje søle stearin på golvet.
- Øve på ”Gloria” – alle. Spørje om nokon vil synge frå galleriet.
- Øve på inngangsprosesjonen – alle
- Gjennomgang av gudstenesta.
- Beskjeder:
  - o Frammøte: Seinast kl. 17.50. Unntak: Kyrkjevertar og telystennarar, som møter kl. 17.30.
  - o Antrekk: Svart bukse eller skjørt og kvit skjorte.
  - o Etter gudstenesta: Bli ståande med tende lys. Hugs: Ikkje drypp!

## Vedlegg 7:

### Dei heilage profetiane om Kristus

*Du skal reise deg og gå fram like etter at alle har sunge "Kyrie eleison".*

*Dei som skal lese, går fram til lesepulsten. Dei stiller seg på ei rekke bakover.*

*Dei som skal tenne lys, fram og stiller seg ved pianoet.*

*Ein konfirmant tek lyset som ligg på pianoet, går fram til altaret og tenner lyset frå altarlyset, og går attende og stiller seg saman med dei andre.*

*Etter kvart som tekstlesarane har lese, stiller dei seg bakerst på rekka.*

*Etter kvar tekstlesing går to lystennarar fram og tenner eit av lysa i den sjuarma lysestaken.*

*Ein av dei held lyshaldaren med lys, den andre lyfter ned eit lys frå lysestaken, tenner det og set det på plass. Tenn først lyset som står nærast preikestolen.*

*Deretter går dei to lystennarane tilbake til pianoet.*

*Både tekstlesarane og lystennarane vert ståande til alle lysa er tende. Alle går attende til plassane sine i benkene medan kyrkjelyden syng.*

Presten:

Lat oss høyra dei heilage profetiane om Kristus medan vi kveikjer den sjuarma lysestaken frå den gamle pakta og syng "Gjer døri høg, gjer porten vid".

*Alle syng Nos 6 - "Gjer døri høg, gjer porten vid" vers 1.*

Presten:

Alt i dei fyrste bøkene i Bibelen les vi om kongen som skulle kome.

I 4. Mosebok står det skrive:

1. lesar:

**"Eg ser han, men ikkje no, eg skodar han, men ikkje nær.**

**Ei stjerne stig opp or Jakob, ein kongstav lyfter seg for Israel".**

(4. Mosebok 24, 17a)

*Lystennaren tenner det 1. lyset.*

Presten:

I Salmane les vi om fyrsten som skulle kome.

Vi høyrer frå Salme 72:

2. lesar:

**Han skal alle kongar hylla, han skal alle folkeslag tena.**

**For han bergar den fattige som ropar, armingen som ingen hjelpar har.**

**Han ynkast over småkårsfolk og bergar livet åt dei fattige.**

**Han løyser dei frå tvang og vald, deira liv er dyrt i hans augo.**

Salme 72, 11-14

*Lystennaren tenner det 2. lyset.*

*Alle syng NoS 6, vers 2.*

Presten:

Tre hundre år seinare tala profeten Jesaja.

Vi høyrer frå det 7. kapitlet i boka hans:

3. lesar:

**Så høyr då, du Davids hus!**

**Er det ikkje nok at de trøytar menneske, sidan de trøytar min Gud òg?**

**Difor skal Herren sjølv gje dykk eit teikn:**

**Sjå, ei møy skal verta med barn og føda ein son,**

**og ho skal kalla han Immanuel. (Det tyder: Gud med oss).**

Jesaja 7, 13-14

*Lystennaren tenner det 3. lyset.*

Presten:

Profeten Jesaja held fram slik i det 9. kapitlet:

4. lesar:

**Det folket som ferdast i mørkret, skal sjå eit stort ljøs;**

**over dei som bur i skuggelandet, skal ljøset stråla.**

**For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven.**

**Herreveldet kviler på hans aksler, og han skal kallast:**

**Underfull Rådgevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste".**

Jesaja 9, 2+6

*Lystennaren tenner det 4. lyset.*

*Alle syng NoS 6, vers 3*

Presten:

Vi høyrer vidare frå Jesajaboka.

Her vert Messias presentert som "Herren sin lidande tenar":

5. lesar:

**Sanneleg, våre sjukdomar tok han på seg, og våre pinsler bar han.**

**Vi trudde han var heimsøkt, slegen av Gud og ille plaga.**

Jesaja 53,4

*Lystennaren tenner det 5. lyset.*

6. lesar:

**Men han vart såra for våre brot og sundbroten for våre synder.  
Straffa låg på han, så vi skulle ha fred,  
og ved hans sår har vi fått lækjedom.  
Vi fór alle vilt som sauer, vi vende oss kvar til sin veg.  
Men Herren lét råka han, det vi alle var skuld i.**

Jesaja 53, 5-6

*Lystennaren tenner det 6. lyset.*

*Alle syng NoS 6, vers 4*

Presten:

Vi lét dei gamle lovnadane munne ut i profeten Mika sine ord.  
Vi høyrer frå det 5. kapitlet i boka hans:

7. lesar:

**Men du, Betlehem, Efrata, den ringaste mellom ættene i Juda!  
Frå deg skal eg få meg ein mann som skal vere herre over Israel.  
Han har sitt opphav i gamal tid, han er frå eldgamle dagar.  
Han skal stå og gjæta i Herrens kraft, med makt og mynd frå Herren sin Gud.**

Mika 5, 1+3a

*Lystennaren tenner det 7. ljuset.*

*Alle syng NoS 6, vers 5*

Medan kyrkjelyden syng, går konfirmantane tilbake til plassane sine i benkane.

## Vedlegg 8:

### Forbøn ved lysmessa i Volda kyrkje 2. desember 2001

*Du skal gå fram etter truvedkjenninga:*

*Dei som skal lese, går fram til lesepulten. Dei stiller seg på ei rekke bakover.*

*Dei som skal tenne lys, går saman med presten og stiller seg ved lysgloben.*

*Etter kvart som lesarane har lese, stiller dei seg bakerst på rekka.*

*Etter kvar bønedel syng alle "Å, Gyd, høyr vår bøn". Kvar gong vi syng tenner ein av lystennarane eit lys.*

*Alle vert ståande til alle er ferdige. Etter at vi har bede "Fader vår", finn alle plassane sine i benkane.*

Presten:

Dei som hadde høyrte .....

Lat oss ha forventning til Gud. Lat oss vende oss til Gud i bøn.

Lesar 1:

Kjære Gud. Det er godt å ha nokon som ein kan snakke med, når ein ikkje har det så godt. Du er der for meg. Du høyrer på meg. Takk, Gud, for at du er der for meg.

**Vi bed for ei jente som er sjuk. Hjelp henne.**

**Hjelp alle som har HIV og Aids og andre livsfarlege sjukdomar.**

*Alle syng "Å, Gud, høyr vår bøn". Lystennaren tenner eit lys.*

Lesar 2:

Takk for at du har gjeve meg styrke til å takle livet. Takk for at du tar vare på folk og at du er der for meg og for andre. Du gir oss tro og trygghet og viser oss vegen til det "virkelige" livet.

**Vi ber for dei som ikkje har det bra og dei som treng støtte.**

**Hjelp dei som vert mobba.**

*Alle syng "Å, Gud, høyr vår bøn". Lystennaren tenner eit lys.*

Lesar 3:

**Vi ber for alle i Afganistan. Og for alle døde og alle pårørende etter terrorangrepet i USA.**

**Lat det bli fred!**

**Vi ber for dei som er på flukt, for dei som er utan foreldre, for dei som ikkje har ein heim, for alle barnlause, for dei fattige og for barna i Afganistan.**

*Alle syng "Å, Gud, høyr vår bøn". Lystennaren tenner eit lys.*

Lesar 4:

**Kjære Gud, du allmechtige Gud, du som skapte jorda og himmelen, fjella og fjordane, menneska og dyra. Frels oss, og lat oss leve i fred og harmoni. Takk for at vi slepp krig og svolt.**

**Kjære Gud. Du som lot Jesus døy på korset, som gav liv til alt og allé og som frelser menneska. Takk for at du gjorde alt det.**

*Alle syng "Å, Gud, høyr vår bøn". Lystennaren tenner eit lys.*

Presten:

Vi lyfter også fram for deg alle bønene som er skrivne og lagt på altaret. Vi takkar deg for at du er levande og verksam mellom oss i dag. I dine hender gjev vi oss sjølve og alle dei som vi no har bore fram for deg i bøn. Du som verkar i oss med di kraft og kan gjera så mykje meir enn alt det vi bed om og skjønar, deg vere ære i kyrkjelyden og i Kristus Jesus gjennom alle ætter og i alle æver! Amen.

Alle:

**Fader vår, du som er i himmelen!**

**Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.**

**Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.**

**Gjev oss i dag vårt daglege brød.**

**Forlat oss vår skuld, som vi òg forlèt våre skuldmenn.**

**Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde.**

**For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.**

*Etter "Fader vår" går konfirmantane tilbake til plassane sine i benkane.*

## Vedlegg 9:

### Tenning av betlehemslyset

*Medan kyrkjelyden syng "Gloria", går tekstlesaren og lystennaren fram. Tekstlesaren går fram til lesepulsten. Lystennaren hentar lys og lyshaldar på pianoet, går til altaret og tenner lyset, og stiller seg så ved betlehemslyset. Han/ho tenner ikkje betlehemslyset.*

Presten: Til jul feirar vi at Jesus kom til verda.  
Vi tenner Betlehemslyset for å hugse at det var Gud som kom til oss då Jesus vart fødd i Betlehem.

Lystennaren tenner betlehemslyset. Han/ho vert ståande ved betlehemslyset.

Tekstlesaren: Det står skriva i Johannesevangeliet, i det åttande kapitlet:  
Jesus seier: "Eg er lyset for verda. Den som fylgjer meg, skal ikkje ferdast i mørkret, men ha livsens lys."

Presten: For Gud som sa at lys skulle skina i mørkret, han har late det skina i hjarto våre, så kunnskapen om Guds herlegdom, som strålar i Kristi åsyn, skal lysa fram. Dette er staden. Dette er tida. Her og no vil Gud bryta inn i våre liv.

Alle syng:  
NoS 6, vers 6 – 8: Gjer døri høg, riv stengsla ned

*Medan kyrkjelyden syng, finn tekstlesaren og lystennaren plassane sine i benkane.*

Tenning

## Vedlegg 10: Kriteria for vurdering av gudstenester

I dette vedlegget har eg prøvd å samle og systematisere det eg har funne om kva som gjer ei gudsteneste til ei god gudsteneste for born. Eg har samla både uttrykk som eg sjølv har brukt, og uttrykk som dei forfattarane eg viser til, har brukt. Forfattarane brukar til dels ulike uttrykk og ord om same eller liknande forhold. Eg let dette stå, for å få så mange innfallsvinklar som råd.

Kriteria er samla under sju hovudemne:

1. Inneheld gudstenesta handling og rørsle, vert rommet og kroppen brukt?
2. Vert fleire sansar engasjerte?
3. Er det gjort bruk av symbol og teiknhandlingar?
4. Let gudstenesta born praktisere si tru, er Gud i sentrum?
5. Vert det talt sant om livet, er tema og uttrykk som vert brukte, aktuelle for born?
6. Inneheld gudstenesta meiningsfull gjenkjenning og variasjon, er det rom for "antistruktur"?
7. Er born medarbeidarar?

Mange av spørsmåla nedanfor er relevante for fleire av desse sju hovudemna. Dette gjeld til dømes spørsmålet om *prosesjon*. Ein prosesjon er både ei handling, som gjer bruk av rommet og kroppen (1), prosesjonen engasjerer sansane (2), det er ei teiknhandling (3), prosesjonen kan gje uttrykk for at Gud er i sentrum (4), prosesjonen kan skape variasjon og "antistruktur" (6), og born kan vere medarbeidarar – gjerne saman med vaksne (7).

Det er sjølv sagt ikkje slik at alle desse kriteria må vere på plass for at ei gudsteneste skal vere ei god gudsteneste for born. Det er heller ikkje slik at alle desse kriteria er like aktuelle til alle gudstenester.

### 1. Inneheld gudstenesta handling og rørsle, vert rommet og kroppen brukt?

- Er det handling i gudstenesta?
- Er heile kyrkjelyden engasjert i handling?
- Er det rørsle i gudstenesta?
- Er heile (eller fleire delar av) rommet teke i bruk?
- Vert gudstenesta leia frå fleire stader i rommet?
- Brukar vi heile kroppen?
- Er det sosiale relasjonar i gudstenesta? (t.d. fredshelsing)

## **2. Vert fleire sansar engasjerte?**

- Korleis er kroppen engasjert?
- Korleis er sansane engasjerte?
- Korleis er synsansen engasjert?
- Korleis er hørsla engasjert?
- Korleis er luktesansen engasjert?
- Korleis vert smakssansen engasjert?
- Korleis er følesansen (huda) engasjert?
- Vert følelsane engasjerte?
- Vert fantasien engasjert?
- Kva slags brød og vin vert brukt til nattverden?

## **3. Er det gjort bruk av symbol og teiknhandlingar?**

- Er det eit barnevennleg symbolspråk?
- Er det bruk av symbol (gjenstandar, t.d. bilete)?
- Er det brukt teiknhandlingar (t.d. prosesjon)?
- Bevegar kyrkjelyden seg for å gje takkoffer?
- Vert nattverdelementa borne fram?
- Er det "fredshelsing"?
- Er det lystenning?
- Vert det som finst av bilete og symbol i rommet, brukt aktivt?
- Vert kyrkjeåret markert?
- Er her ei oppleving av at liturgien er leik?

## **4. Lèt gudstenesta born praktisere si tru, er Gud i sentrum**

- Er gudstenesta arena for praktisert tru?
- Let gudstenesta born praktisere si tru?
- Er born sine religiøse behov tekne på alvor?
- Deltek familien saman?
- Er gudstenesta sentrert rundt Gud?
- Er Gud mystisk, stor og nær?
- Er djupnedimensjonen til stades?
- Er det skapt eit heilagt rom?
- Skjer det eit møte med Gud?
- Kjem Gud nær?
- Møter dei som kjem til gudsteneste, t.d. i samband med dåp, bokutdelingar, og konfirmantar, ein praktiserande kyrkjelyd?

## **5. Vert det talt sant om livet, er tema og uttrykk som vert brukte, aktuelle for born?**

- Taler gudstenesta sant om livet?
- Har forkynninga eksempel som born kjenner seg igjen i?
- Er det songar/salmar som born kan?
- Har bønene motiv som er aktuelle for born?
- Gjev gudstenesta hjelp til å knyte trua på Gud og kvardagslivet saman?

## **6. Inneheld gudstenesta både gjenkjenning og variasjon, er det rom for "antistruktur"?**

- Har gudstenesta ein kombinasjon av kjent og ukjent/gjentaking og variasjon?
- Er gudstenesta forutseieleg/gjenkjenneleg?
- Er det variasjon i gudstenesta?
- Er det "antistrukturelle element" i gudstenesta?
- Har gudstenesta menneskeleg varme og nærleik?
- Er born synlege i gudstenesta?
- Er det humor i gudstenesta?
- Kor lenge må born sitje stille utan å vere delaktige?

## **7. Er born medarbeidarar?**

- Kva slags oppgåver har born?
- Er oppgåvene viktige?
- Har born ein meningsfull plass i gudstenesta (i dei liturgiske handlingane)?
- Er born (synlege) medarbeidarar?
- Er born med på planlegginga?
- Er born med på både førebuing og gjennomføring av gudstenesta (saman med vaksne)?
- Er born med på å lage bønner?
- Får born tilstrekkeleg øving og instruksjon?
- Er born trygge på sine oppgåver?
- Er gudstenesta godt planlagt?
- Vert det einskilde barn sine grenser respekterte?
- Får born oppgåver som dei liker?
- Får born bidra til fellesskapen?
- Får born bruke sine evner og nådegåver?
- Gjer born og vaksne oppgåver saman?